

NYE VEIER I NORSK SPRÅKPOLITIKK?

LYSEBU, OSLO, 12. FEBRUAR 2004

Norsk språkråd 2004

NYE VEIER I NORSK SPRÅKPOLITIKK? LYSEBU, OSLO, 12. FEBRUAR 2004

Stortinget har gitt klarsignal til at Norsk språkråd skal omdannes til et mer utadrettet kompetanseorgan for norsk språk. Kultur- og kirkedepartementet sendte i januar 2004 ut høringsbrev om omdanningen. Dokumentene ligger på ODIN under adressen www.dep.no/kkd.

Norsk språkråd har selv påpekt behovet for en omdanning. Rådet ble opprettet i 1972 som et «språkfredsorgan» etter at det særlig i 1950-årene hadde vært betydelige bataljer om statens språkpolitikk. Som «språkfredsorgan» har Norsk språkråd vært veldig vellykket ved at det har samlet alle de viktigste språkpolitiske grupperingene i Norge til samarbeid. Det har likevel stått strid om en rekke spørsmål – blant annet om rettskrivningsvedtak, om likestilling mellom målformene i statsforvaltningen og i skolen og om rådets vedtak om norsk skrivemåte av den del engelske ord. I dag er utfordringene for norsk språk neppe helt de samme som for 30 år siden.

Som et ledd i den omdanningen som departementet har satt i gang, inviterte Norsk språkråd i februar 2004 representanter for ulike samfunnssektorer til et dagsseminar, der vi stilte disse hovedspørsmålene:

- Hvilke utfordringer eller problemer står norsk språk overfor slik du erfarer det på ditt virkeområde?
- Hvilke oppgaver bør et nytt språkorgan ha – i et nasjonalt perspektiv og spesielt i tilknytning til ditt virkeområde?
- Trengs det nye veier i norsk språkpolitikk?

I denne rapporten har vi samlet innleggene fra konferansen.

Sylfest Lomheim
direktør

INNHOLD

Åpning

Ola Haugen, leder i Norsk språkråd	side	9
Statssekretær Berit Øksnes Gjerløw, Kultur- og kirkedepartementet		11

Språkendring, språkpolitikk og statens rolle

Språkstyring og språkendring i Noreg. Politikk eller kulturelt hegemoni?

Professor Helge Sandøy, Universitetet i Bergen	17
------------------------------------------------	----

Kommentarer:

Professor Finn-Erik Vinje, Universitetet i Oslo	29
-------------------------------------------------	----

Professor Even Hovdhaugen, Universitetet i Oslo	34
-------------------------------------------------	----

Debatt	37
--------	----

«Slik vi ser det»

Skoleverket og lærerutdanningen

Høgskolelektor Roy Johansen, Høgskolen i Agder	45
------------------------------------------------	----

Lektor Arne Aronsen, Greveskogen vg. skole, Tønsberg	49
------------------------------------------------------	----

Høgskolelektor Ingrid Rygh Haanæs, Høgskolen i Sør-Trøndelag	52
--------------------------------------------------------------	----

Forskning og høyere utdanning

Professor emeritus Vidar Lehmann, Universitetet i Bergen	54
----------------------------------------------------------	----

Professor Tove Bull, Universitetet i Tromsø	57
---------------------------------------------	----

Professor Gunnar Skirbekk, Universitetet i Bergen	61
---------------------------------------------------	----

Fagterminologiske miljøer

Cand.philol. Nina Zandjani, Standard Norge	64
--------------------------------------------	----

Næringslivet, arbeidslivet

Arve Thorvik, spesialrådgiver i Statoil og leder for Statoils Brussel-kontor	68
------------------------------------------------------------------------------	----

Turid Lilleheie, leder i Norsk Tjenestemannslag	72
-------------------------------------------------	----

Lokaliseringssvarlig Marit Halse, Opera Software	75
--------------------------------------------------	----

Norske IKT-miljøer

Generalsekretær Per Morten Hoff, IKT-Norge	77
--------------------------------------------	----

Medier, reklamebransjen

Adm.dir. Tor Fuglevik, Norges televisjon (NRK og TV 2)	78
--------------------------------------------------------	----

Journalist Arnhild Skre, Aftenposten	80
--------------------------------------	----

«Mannen i gata»

Andreas Hompland	83
------------------	----

Hvordan går vi videre?

Debatt	89
--------	----

Oppsummering ved Sylfest Lomheim, direktør i Norsk språkråd	97
-------------------------------------------------------------	----

Deltakere	100
-----------	-----

I

Åpning

Velkommen

Ola Haugen, Norsk språkråd

Hjertelig velkommen til seminaret ”Nye veier i norsk språkpolitikk?”. Hjertelig velkommen til statssekretær Berit Øksnes Gjerløw i Kultur- og kirkedepartementet og til de andre representantene fra departementet. Hjertelig velkommen også til rådsmedlemmene, til sekretariatets folk, til inviterte gjester, og ikke minst hjertelig velkommen til alle som har tatt imot vår invitasjon til og vår utfordring om å komme med innlegg på dette seminaret.

Styret i Språkrådet betrakter seminaret som et viktig bidrag i den omdanningsprosessen organisasjonen nå går inn i. Selv om det sittende styret og rådet ikke forventes å få noen styrende posisjon i omdanningen, har vi vært opptatt av å sikre at prosessen foregår med bred og god kontakt til samfunnet, og at de beslutningene som skal tas om det nye språkorganets organisasjon, styringsmodell, arbeidsoppgaver og ressurser, blir fattet med god kunnskap om synspunktene til viktige språkbrukergrupper. Og vi opplever det slik at vi har fått støtte for dette synet hos departementet.

Det seminaret som nå er i ferd med å kaste loss, er et av de tiltakene vi ønsker skal gi kunnskap og ideer, forestillinger og motforestillinger, advarsler og råd, refleksjon og inspirasjon til dem som skal arbeide med å etablere Språkrådets etterfølger. Vi håper det kan være et bidrag til at vi får en nyttig, utad vendt, synlig og handlekraftig institusjon som på en klok måte kan ta vare på norsk språk i kommende generasjoner, som kan meisle ut og gjennomføre en bærekraftig nasjonal språkpolitikk og skape en språklig bevissthet og et positivt språkengasjement hos folk flest både i yrkeslivet og i privatlivet.

Som innledere til denne konferansen har vi invitert sentrale personer fra mange samfunnsmråder. De representerer viktige språkbrukergrupper som et nytt språkorgan bør ha et aktivt forhold til. Det er representanter både for dem som har sterkt språklig påvirkningskraft, og for dem som utsettes for denne påvirkningen. Vi har stilt dem følgende spørsmål:

* Hvilke utfordringer eller problemer står norsk språk overfor slik du erfarer det på ditt virksomhetsområde?

* Hvilke oppgaver bør et nytt språkorgan ha, både allment i et nasjonalt perspektiv og spesielt i tilknytning til ditt virksomhetsområde?

Men for øvrig er de stilt fritt til å velge en videre ramme for sitt innlegg. Vi har ønsket å ha mange innlegg og har derfor måttet gi relativt kort tid til hver. Som introduksjon til seminaret synes vi det er viktig og riktig å la Kultur- og kirkedepartementets politiske ledelse redegjøre for de overordnede målene med omdanningen av Språkrådet. Og for å gi et mer sammenfattende og helhetlig perspektiv til seminaret har vi bedt en sentral, men samtidig ikke helt ukontroversiell mann i norsk språkdebatt og språknormering de siste årene, professor Helge Sandøy, holde et noe lengre innledende innlegg om språkstyring og språkendring i Norge. I tråd med vårt ønske om mangfold i debatten har vi også invitert to opposenter som får anledning til å endevende og kommentere hans innlegg. Og til slutt slipper vi til en representant for den ofte omtalte mannen i gata, eller skal vi heller si den sunne folkelige fornuft. Vi vet jo foreløpig ikke om vi har funnet riktig person. Kanskje viser det seg isteden å

være bikkja i bakken. Og etterpå blir det debatt. Og det hele skal dokumenteres i en seminarrapport som kan bli et nyttig dokument for det kommende arbeidet med etableringen av vår nye, viktige nasjonale institusjon for språk og språkpolitikk.

Jeg ser frem til et interessant og nyttig seminar – og en bred debatt.

Nye veier i norsk språkpolitikk?

Berit Øksnes Gjerløw, Kultur- og kirkedepartementet

Kjære medlemmer og ansatte i Norsk språkråd, foredragsholdere, kommentatorer og andre innbudte!

Dagens seminar er et arrangement som er forberedt i regi av Norsk språkråd. Det representerer samtidig startskuddet for den utadrettede delen av en omdanningsprosess som departementet har ansvaret for: Dette at Norsk språkråd skal erstattes av det vi har omtalt som et kompetansesenter for norsk språk. En rent foreløpig betegnelse som først og fremst er der for å vise at det er en institusjon som er ulik Norsk språkråd.

La meg likevel understreke at det omdanningsarbeidet som nå pågår, i bunn og grunn er svar på tanker og ideer som Språkrådet selv har kommet med.

Ofte kan det være nødvendig, men som vi vet ingen selvfølge at en etablert institusjon på egen hånd tar initiativ til å vurdere sin egen funksjon og organisasjon i lys av de endringer som skjer i de ytre omgivelser.

Jeg vil på vegne av departementet uttrykke anerkjennelse for det engasjement og den innsats som er lagt for dagen særlig fra styrets og ikke minst styreledernes side. Gjennom mange år har de lagt til rette for en nyorientering av Språkrådets virksomhet. Gjennom de initiativ som er tatt og de innspill som er kommet, har også vi blitt utfordret til å legge større kraft i arbeidet med omlegging av Språkrådet enn det vi kanskje ellers ville hatt foranledning til.

Første gang dette spørsmålet ble presentert for Stortinget, var i den meldingen om målbruk i offentlig tjeneste som Bondevik I-regjeringen fremmet rett før jul i 1997. Meldingen bygde på et omfattende notat fra styret, som drøftet mulige endringer i Norsk språkråds arbeidsoppgaver og organisasjonsform.

Et hovedbudskap var at Norsk språkråd måtte bli en mer utadrettet organisasjon som arbeidet mer med informasjon og holdningsskapende tiltak. Det måtte legges større kraft i arbeidet for å motvirke såkalt domenetap. Dette var eneste måte å sikre at norsk språk også for framtidige generasjoner kunne oppleves som et fullgodt kultur- og bruksspråk på alle områder. Dessuten skulle normeringsarbeidet nedtones, og man ville legge til rette for at det i fremtiden ble mindre behov for hyppige rettskrivningsendringer. Endringer burde helst skje i form av mer helhetlige reformer.

Det var også i samsvar med tankene i meldingen fra 1997 at sekretariatet i Norsk språkråd etter hvert ble tilført to stillinger som skulle arbeide med forholdet mellom språk og informasjonsteknologi.

I årene etter 1997 arbeidet Norsk språkråd på egen hånd videre med bl.a. å vurdere organisatoriske endringer. Men i stortingsmeldingen om målbruk i offentlig tjeneste høsten 2001 konstaterte departementet at det som var fremlagt som resultat av dette arbeidet, ikke pekte ut noen klar vei fremover. Unntaket var forslaget om å samle ledelsen av sekretariatet i en ny direktørstilling. Dette er nå gjennomført.

Det vil vel alltid være grenser for hvor langt en kan vente at en etablert institusjon vil kunne gå i å endevende sin egen organisasjon og sin egen stilling. Særlig vanskelig vil dette kunne være for et rådsorgan.

Språkrådet ønsket et utvidet representasjonsgrunnlag, noe som ikke så lett har lett seg kombinere med behovet for å holde rådsforsamlingen på en håndterlig størrelse.

En mer grunnleggende omorganisering av statlig virksomhet kan da heller ikke overlates ene og alene til institusjonen selv. Ansvaret for dette må nødvendigvis ligge hos departement, regjering og storting.

Da departementet høsten 2002 la saken fram for Stortinget, understreket vi at det var tale om å etablere en ny institusjon i stedet for Norsk språkråd. Vi gav samtidig til kjenne at det ville bli lagt til rette for medvirkning fra Språkrådets organer og representanter så langt dette er naturlig når det er Språkrådet selv som er gjenstand for vurdering.

Dette er fulgt opp bl.a. ved at departementet i stor grad har konsultert styrets leder og nestleder på forhånd i forbindelse med de viktigste tiltak som hittil er gjennomført. Det betyr ikke på noen måte at styret eller styrelederne hefter for de skritt som er tatt; dette er alene vårt ansvar. Men vi har opplevd kontakten som konstruktiv og positiv og har fått en rekke nyttige innspill, bl.a. i forbindelse med de ulike dokumenter som er utarbeidet.

Overfor Stortinget har departementet understreket at et rådsorgan av Norsk språkråds type ikke nødvendigvis er den mest tjenlige modell for organisering og forankring av den nye institusjonen som skal etableres. Ambisjonen er å gi den et bredere fundament blant språkbrukerne enn det som kan oppnås gjennom formell rådsrepresentasjon.

Dette er et viktig anliggende for oss og et hovedbudskap i det høringsdokumentet vi sendte ut 20. januar. Språket angår oss alle; det er ingens eksklusive eiendom. Det gjelder derfor å finne fram til nye kontaktformer og åpne opp for reell medvirkning utover det som kan skje gjennom formelle posisjoner i den nye institusjonen.

Omdanningsprosessen har hittil vært konsentrert om mye nødvendig forarbeid, med bl.a. intern informasjonsinhenting og organisasjonsgjennomgang, tilsetting av direktør og videre tilrettelegging. Gjennom det høringsdokumentet som nå er sendt ut, har vi i tillegg lagt opp til bred ekstern medvirkning i prosessen.

Ved siden av spørsmålet om den samfunnsmessige forankring er høringsinstansene invitert til å fremme synspunkter på aktuelle språkpolitiske utfordringer. Vi ønsker å framskaffe grunnlagsmateriale for arbeidet med å utforme et strategidokument for den nye institusjonen. Selvsagt står det alle fritt å ta opp også andre spørsmål som gjelder omdanningsprosessen og den nye institusjonens arbeid og innretning.

I den videre prosess med omorganisering og oppbygging av den nye institusjonen vil direktøren spille en sentral rolle. Jeg vil ønske Sylfest Lomheim lykke til med den spennende, men også utfordrende oppgaven han så vidt er kommet i gang med. Vi er svært tilfreds med at vi har fått en så profilert fagmann som Sylfest Lomheim til å påta seg denne oppgaven.

Det som skal skje framover, er at departementet om kort tid vil oppnevne et interimsstyre til å lede den interne omdanningsprosessen sammen med direktøren. Interimsstyret vil også overta de funksjoner som hittil har vært ivaretatt av det styret som tidligere er valgt av rådet selv. For å sikre en viss kontinuitet i overgangsfasen vil rådet bli representert i interimsstyret gjennom de to valgte seksjonslederne. Styret vil bli sammensatt av personer som ikke er medlemmer av Norsk språkråd.

I månedsskiftet mars/april vil regjeringens kulturmelding bli behandlet i Stortinget. Forutsatt at stortingsbehandlingen ikke tilsier noe annet, tar vi sikte på nokså umiddelbart deretter å fremme forslag om opphevelse av lov om Norsk språkråd. Det er unødvendig med lovhemmel for å etablere den nye institusjonen.

Fristen for å komme med innspill i omdanningsprosessen går ut 20. april, og de innkomne høringsuttalelsene vil bl.a. danne grunnlag for utarbeidelse av et strategidokument for den nye institusjonen. Det er forutsatt at dette arbeidet skal skje i regi av interimsstyret. Etter at høringsuttalelsene foreligger, vil det ellers bli arbeidet videre med å vurdere hvordan den nye institusjonen skal organiseres og styres, og hvordan man tenker seg den videre samfunnsmessige forankring.

Det er forutsatt at departementet skal komme tilbake til Stortinget også med disse spørsmålene i løpet av 2004. Dersom alt går etter planen, vil den nye institusjonen formelt kunne etableres med virkning fra 1. januar 2005.

Jeg vil benytte anledningen til å takke alle rådets medlemmer for det arbeid dere har nedlagt i Norsk språkråd. Samtidig retter jeg en sterk oppfordring til dere alle, både medlemmer og andre tilstedevarende, om på ulike måter å engasjere dere også i den nye institusjonens virksomhet.

Jeg vil videre rette en særskilt takk til fagnemnda og andre særlig involverte, først og fremst i sekretariatet. Dere har nedlagt stor innsats gjennom flere år for å legge til rette for en opprydning i rettskrivning innenfor nynorsk og bokmål. Departementet vil behandle det som nå foreligger, med den grundighet det fortjener. Som det er angitt både i den siste meldingen om målbruk i offentlig tjeneste og i kulturmeldingen, vil et overordnet hensyn være å legge til rette for fremtidig stabilitet i rettskrivningen.

Dermed vil trolig det tradisjonelle normeringsarbeidet kunne nedtones slik Norsk språkråd også selv har forutsatt, og den nye institusjonen vil i større grad kunne koncentrere seg om andre og mer påtengende oppgaver.

Det er i kulturmeldingen uttrykt en ambisjon om at den nye institusjonen skal legge mye av innsatsen sin i saker som kan vinne bred oppslutning hos dem som er opptatt av vilkårene for norsk språk i vid forstand. Dette på tross av at de kan ha ulike syn i mer tradisjonelle språkpolitiske spørsmål. Samtidig er det understreket at de gamle motsetningene ikke kan stikkes under stol, og at disse er en del av et verdifullt språkpolitisk engasjement.

Her ligger det kanskje et dilemma for den nye institusjonen, men også en spennende utfordring.

På den ene siden er språket vårt viktigste kulturelle felleserie, og – som det er sagt – for oss nordmenn er norsk verdens beste språk! Derfor bør vi stå sammen om å forsvare det, pleie det og videreutvikle det.

Men vi kommer ikke utenom at språk også er makt; noe som nylig ble reformulert i den offentlige makt- og demokratiutredningen.

Begge disse perspektivene på språket må vi ha med oss i arbeidet videre, og jeg vil ikke bli overrasket om de vil komme til uttrykk også på seminaret her i dag.

Mange spørsmål er enda ikke avklart. Det er en naturlig konsekvens av at vi ønsker en åpen prosess der vi vil ha plass for ulike tanker og ideer.

Med dette: Takk for oppmerksomheten og lykke til med dagens seminar!

II

Språkendring, språkpolitikk og statens rolle

Språkstyring og språkendring i Noreg. Politikk eller kulturelt hegemoni?

Helge Sandøy, Universitetet i Bergen

1 Innleiing

Språk er viktig. Dei fleste av oss har eit nært og personleg forhold til eitkvart i språket. Det kan ha sin bakgrunn i at vi har hatt ei stor erkjenning som er knytt til eit ord eller omgrep. Sanningar blir opplevde gjennom språket. Religiøse opplevingar kan vere knytte til ord, og intellektuelle idéar og innsikter kan ha sitt utgangspunkt i ord og småe ordforskjellar.

Språket kan forløyse oss, og det kan manipulere oss. Språket er ein reiskap for det ikkje-språklege. Har vi meiningar om språket, kan det vere noko anna vi eigentleg har meiningar om. Derfor er det ordet gyldig om å slå på skåka, men meine merra.

Men vi kan ikkje arrestere språket. Vi har problem med å gripe det, for det er subtilt. Vi må streve og anstrengje intellektet for å avsløre det. Derfor har det så stor makt over fantasién vår, og nettopp derfor er det så viktig å reflektere kring dei sosiale sidene av språket, for å forstå korleis vi er fanga av det.

Dette er eit naturleg emne å ta opp når bakgrunnen er rammene for eit nytt språkorgan og norsk språkpolitikk i framtida. Ikkje alle er begeistra for å diskutere makt, politikk og demokrati saman med språk. Det er faktisk påtakeleg kor lite omgrep som makt og hegemoni er brukte innafor språkfaga, sjølv om **language and power** er vanlege omgrep i internasjonale sosiolingvistikkbøker.

2 Språk over språk

Norsk – samisk

Forholdet mellom språk er etter andre verdskrigene meir og meir blitt lovregulert rundt om i verda. Omgrepet 'språkrettar' er blitt etablert i nasjonale lover og internasjonale sjarter (Gramstad 1996, Skutnabb-Kangas o.a. 1994). Det er gjort ut ifrå ei erkjenning av at språk og morsmål er viktig for menneska, og at individ og grupper treng vern mot overgrep.

Landet vårt har ei lite ærefull fortid i denne samanhengen. Vi dreiv til langt utpå 1960-talet ein politikk som i sin konsekvens kunne ha utrydda samisk. Samane blei tvinga til å bruke norsk på skolen, morsmålet deira var bannlyst der, og vi tok det frå dei. Det var ein brutal måte å lage taparar på og å få folk til å teie. Det brukte vi lover og skoleverk til, og talet på samisktalande gjekk kraftig ned. Vi reduserte størrelsen på eit språksamfunn kraftig slik at mange samar ikkje har samisk som morsmål i dag. Kanskje berre 10 000 av 30 000. Mange vil heller ikkje erkjenne seg som samar eingong. Det er ein konsekvens av at vi **koloniserte dette samfunnet mentalt** (Østerud ofl. 2003: 282f.).

No prøver vi å rette opp att skaden, og vi brukar lover, skoleverk og styringsverk den motsette vegen for å la samane ta vare på og utvikle språket sitt. Det blir i dag utvikla som vitskapsspråk gjennom forsking og høgskoleundervisning. Det vil seie at det nytta å styre språka ved å regulere, vedta språklege rettar og gi økonomiske tilskott. At Noreg la om språkpolitikken i tide, har kanskje gjort at samisken kan vere berga for framtida.

Men det er vanskeleg for dei norskspråklege å gi opp hegemoniet. Vi kunne nyleg lese frå Tysfjord om at dei norsktalande der er oppøste og ønskjer å fjerne att den formelle statusen

samisk har fått i kommunen. Her burde eit offensivt språkorgan gått aktivt ut og forklart og opplyst.

Norsk – innvandrarspråk

Omgrepet 'språkrettar' må grunngivast, og ein må få fram dei sosiale og samfunnsmessige gevinstane som ligg i å akseptere språket som kulturell identifikasjonsramme – også hos dei mange minoritetane våre. Eg skal her nøye meg med å sitere frå ei oppsummering i den svenske utgreiinga **Mål i mun** (2002, 347, jf. òg s. 338):

"Modersmålet är av avgörande betydelse för den personliga och kulturella identiteten och för den egna utvecklingen. Dessutom visar forskningen (se ovan avsnitt 13.2.2.) att utvecklingen av andraspråket går snabbare om eleverna samtidigt får undervisning på sitt modersmål."

Her kan ein altså lage ein kalkyle der ein viser dei sosiale og pedagogiske gevinstane ved ein viss språkpolitikk. Den engelske skoleforskaren Eddie Williams, som har drive pedagogisk forsking i Afrika, har understreka korleis nokre av landa der påfører seg sjølve fattigdom ved ikkje å drive opplæring på morsmålet. Dermed får dei ikkje utnytte dei intellektuelle resursane i landet (Williams 2004).

Perspektivet på språk må altså dreiaast slik at ein ser gevinstane og resursane. I desember 2003 kunngjorde Utdanningsdepartementet at det vil endre opplæringslova slik at lovpålegget om å gi innvandrarar morsmålsundervisning skal bort. I staden skal kommuneøkonomien få avgjere den saka. Dette er eit så prinsipielt spørsmål at staten sjølv bør styre. Og det bør skje etter at eit fagleg kompetent språkorgan har fått fortelje styresmaktene om dei sosiale og pedagogiske kalkylane.¹

Norske målformer

Innafor det norske språksamfunnet har vi òg innført språkrettar gjennom mållova. Den har hjelpt nynorsken mye. Men det er ikkje nok, for igjen ser vi at det er vanskeleg å gi frå seg eit hegemoni, og somme i norsk byråkrati er faktisk stolte av å heve seg over norsk lov.

Det gjeld det offentlege. Men i **samfunnet** er ikkje målformene jamstelte. Mållova gjeld berre ein mindre del av det offentlege. Sjølv om heile 640 000 nordmenn identifiserer seg med nynorsk i sin private skrivepraksis, opplever dei yrkesforbod som nynorskbrukarar. Det såkalla frie næringslivet og den såkalla frie pressa viser ingen vilje til sjølve å praktisere fridom. Det er altså gale å seie at dei to målformene er jamstelte når vi skal beskrive det norske samfunnet. Da forvekslar vi målsetjing med verkelegheit. Dessverre blir det gjort både på nynorsk- og bokmålssida.

At vi manglar jamstelling, må vi ta med oss når vi skal forstå samfunnet. Det rår ei 'kolonisering' langt inn i det nynorske kjerneområdet. Når ein da tolkar handlingsmönsteret å folk, må ein ha dét i bakhovudet. Valet av skriftmål kan ikkje tolkast som uttrykk for fritt val.

¹ Eg reknar med at styresmaktene har lese utgreiinga frå Europarådet (av 1948) om *Language Education Policy Profile*, der det s. 19 i ekspertrapporten om den norske situasjonen med to målformer står:

"It is thus important that this rich experience be used as a means of making insights explicit, clear and objective if it is accepted that the development of a metalinguistic and soiolinguistic awareness is a significant contribution to the cognitive development and socialisation of children and young people."

Når f.eks. byrådsleiaren i Oslo undrar seg over at 95 % av elevane med nynorskopplæring i Hallingdal går over til bokmål, tyder det på at han manglar elementær innsikt i norsk språkkvardag og i korleis kulturhegemoni fungerer. Vi som har erfaring frå den nynorske randsona, kjenner dette, for vi fekk innpoda i bevisstheita før vi møtte fram første skoledagen, at skriftspråket vi skulle til å lære, ikkje var akseptert utafor vår eigen krets. Dei språksosiologiske mekanismane som verkar her, er ikkje vanskelege å forstå, og vi finn dei igjen i språksamfunn etter språksamfunn der fleire språk er i konflikt.

Den tradisjonelle mållova vår er for tafatt. Ho blei første gongen til da det offentlege lite greip inn i nærings- og arbeidsliv, og det pregar holdninga i henne enno. I dag er det dermed legitimt å argumentere sosiologisk f.eks. med at ein må aktivt endre sosiale mønster for å skape likestilling mellom kjønna, og vi vedtek lover og styringssystem som grip inn også i næringslivet for å endre desse mønstra. Slik brukar vi lovverket for å stoppe f.eks. kjønnsdiskrimineringa og usaklege oppseiingar i det sivile samfunnet. Vi brukar endatil **positiv diskriminering** for å aktivt forandre sosiale og kulturelle mønster. (kulturmeldinga, dvs. St.meld. nr. 48/2002-2003, nemner forresten omgrepet og verkemiddelet på s. 187.)

Det er ikkje annleis å vise til dei språkkulturelle mønstra og seie at vi treng å regulere det såkalla sivile samfunnet for å stoppe språkdiskrimineringa. I somme andre land finst det språklover som regulerer slikt f.eks. ved å påleggje ei målfordeling i tekstar på produktemballasje og i reklame. Eit nytt **Råd for språk og samfunn** – som eg ønskjer at vi kan få – bør få i oppgåve å setje ord på språkdiskrimineringa i Noreg og å foreslå politiske tiltak.² Det vil seie at det bør få eit offensivt mandat som liknar det som f.eks. Likestillingsombodet har.

Statleg styring nyttar. Jamstellinga og den gjensidige språkrespekten i landet vårt har utvikla seg tydeleg til det betre, og dei viktigaste verkemidla er utan tvil lovverket, sidemålsstilen, språkpålegget for NRK og konsesjonsvilkåra for kringkasting.³

3 Makt og hegemoni

Den redsla vi finn i humanistiske fag for å drøfte makt som tema, kjem fram òg i kulturmeldinga frå sist haust. Der står mye interessant, f.eks. om problemet med den frie marknaden, og ordet marknadsmakt er brukt éin gong (s. 195). Men der står ikkje noko klårt om f.eks. demokrati og kulturelt hegemoni. Det er svært beklageleg, særleg når ein er klar over at kulturen representerer ein reiskap i ei effektiv maktutøving. Å fokusere berre andre perspektiv fungerer i praksis tilslørande i den offentlege samtalen.

Det er svært interessant at sluttrapporten i den store maktutgreiinga (Østerud ofl. 2003a & 2003b) hadde eit kapittel om språk. "Språklig dominans" er tittelen på kapittel 20. Samfunnsvetarar og sosiologar er ikkje redde for dette perspektivet og for å ta følgjene av at dei er både tilskodarar og observatørar samtidig. Rett nok saknar sosiolingvistar mye i dette kapitlet i maktutgreiinga. Men det skal ikkje skyggje for det gledelege at emnet har fått plass. Og viktigast er det at utgreiinga gir oss analyseomgrep vi som språkvetarar kan bruke på

² Det kan også passe inn i tankegangen Kulturdepartementet legg fram i høringsbrevet om "Omdanning av Norsk språkråd" (20.1.04): "Departementet har lagt til grunn at et slikt samspill mellom utredning og analyse på den ene siden og målrettet tiltaksarbeid på den andre siden framstår som den mest hensiktsmessige framgangsmåten for det språkpolitiske arbeidet."

³ Vi kan legge merke til at kulturmeldinga (f.eks. s. 188) omtalar også nynorsk som "fullverdig bruksspråk". Det blir neppe stilt spørsmål ved det i dag, men var var eit debattema tidlegare i norsk språkstrid.

spesialområdet vårt. Og til slutt er det gledeleg at høringsbrevet frå departementet nyleg om omdanninga av Språkrådet har sitert maktutgreiinga.

Det kan vere opplysande å sitere utgreiinga der ho forklarar maktomgrepene:

Makt

"Makt er evne til å nå et mål, skape en virkning. Makt kan utøves direkte i tvangs- og beslutningssituasjoner, eller indirekte gjennom symboler, institusjoner og sosiale strukturer.

Makten er ulikt fordelt, ved at ressursgrunnlaget for maktutøvelse varierer og ved at de svakere bøyjer seg for de mektigeres krav, eller ved at institusjoner og strukturer tjener noen interesser i andre interessers disfavør. Den indirekte makten kan være utilsiktet og skjult for aktørene, men den kan også formes strategisk og påvirkes gjennom bevisstgjøring og handlingsvalg." (Østerud ofl. 2003b, kap. 2.)

Maktutgreiinga kategoriserer formene for makt i desse tre typane:

- 1) politisk makt
- 2) økonomisk makt
- 3) ideologisk makt

Dei språkforholda vi har drøfta fram til no, gjeld mest politisk makt, for det har dreia seg om at staten som institusjon brukar autoriteten sin "gjennom lover, pålegg og fordelingsvedtak" (kap. 2).

Den økonomiske makta finn vi i næringslivet, som argumenterer med konkurranse på marknaden – ikkje med rett og gale, eller med etikk eller humanisme. Vi har hatt ei tradisjonell erkjenning i Noreg av at marknadsliberalisme og kulturell fridom er ulike ting. Det står det om også i kulturmeldinga frå i haust. Denne erkjenninga har nettopp vore eine legitimeringa for mange av dei statlege tiltaka for å bøte på skavankane ved liberalismen. Jamfør innkjøpsordninga for skjønnlitteratur, som har berga ein litterær sjanger i Noreg. Ved tildeling av kringkastingskonsesjonar har ein lagt inn både språklege vilkår og andre kulturelle omsyn i vurderinga. Ingen har vel hevda at dét f.eks. har skapt nokon plagsam meiningsvang. I den grad norske medium manglar mangfold og fridom, kjem det av at alle er avhengige av sjåartal og lesartal. Det er konkurransen som hindrar mediemangfold. Statleg styring må rette det opp att.

Ideologisk makt

Den mest raffinerte og interessante maktforma er **ideologisk makt**, som utgreiarane forklarar med "makt over tanker, verdier, følelser og selvoppfatning". Her skal den språkinteresserte vakne. Denne tredje maktforma kan gripast i fleire perspektiv:

- a) Omgrep og kategoriar gir mening til verda kring oss. Slike spørsmål har av og til rama ned på arbeidsbordet åt Språkrådet. Det gjeld f.eks. om kjønns- og rasediskriminering.
 - b) Normer og førestellingar. Maktutgreiinga seier at "Normer kan samtidig uttrykke overtag og underordning. De dominerende forestillingene om normalitet og avvik er en sterk form for normativ makt som stadig er i bevegelse."
- I andre samanhengar blir dette perspektivet kalla **premissmakt**.

- c) Kulturelle standardar, estetiske uttrykk og rituell praksis. "Distinksjonene mellom finkultur og populærkultur, eller mellom god og dårlig smak, er også spill om makt," står det i maktutgreiinga.
 Dette perspektivet blir i andre samanhengar også kalla **symbolmakt**.

Det eg i tittelen på dette foredraget har kalla kulturelt hegemoni, viser til dette området for ideologisk makt. Poenget i 'hegemonisk makt' er enkelt sagt å fokusere på **korleis menneska blir styrt ved hjelp av sosiale mekanismar utan sjølve å oppdage det**. Det er ei maktutøving utan lover og politi. Alternativet er å skape reflektert politikk.

Eit **Råd for språk og samfunn** har i maktutgreiinga fått eit sett av omgrep, ein modell til å sjå verda med, for å hjelpe fram kulturelt demokrati. Omgrepet **mental kolonisering** som eg allereie har brukt, er òg henta frå maktutgreiinga:

"Den kulturelle og språklige dominansen ytrer seg gjerne som nedvurdering og latterliggjøring. Dette internaliseres av de dominerende gjennom den formen for underlegenhetfølelse som har vært kalt **mental kolonisering**, der lokalspråket oppleves som stigmatiserende." (Østerud ofl. 2003: 282.)

norsk – samisk (s. 283)

engelsk – norsk (s. 283)

bokmål – nynorsk (s. 284ff.)

Sjølve maktutøvinga skjer i spelet "mellan det uggjennomsiktige og det erkjente", som det heiter i utgreiinga, og det vil seie at større refleksjon og innsikt i desse subtile uttrykksformene er viktigaste hjelperåda for å fjerne den tilslørte hegemoniske makta. Det tilslørte kan ofte mista krafta si berre ved å bli avslørt. Men ein kan òg etter avsløringane finne ut om det er nødvendig å vedta politiske mottiltak.

Normsirkelen

Dei fleste her er klar over at Språkrådet ikkje har all makt over norsk skriftspråk. Somme er litt klart over det, andre gledeleg klar over det. Det finst mange andre krefter. Somme tider seier vi at det er språkvanen, og den er jo vond å vende. Somme omtalar denne vanen litt finare med å vise til **usus** og **normer**, som om dei er nokre sjølvstendige eksistensar eller skapningar som vi skal ha stor respekt for. Normene eller vanen er berre eit midlertidig produkt av påverknadskrefter. Held vi oss til noko så konkret som rettskriving, er oppfatninga vår av kva som er **det normale** og vanlege, viktig for vanen. Det vil seie at dei ordbileta vi oftest får inn gjennom auget, spelar ei nokså stor rolle. Og kven bestemmer dei? Jau, dersom vi reknar med at dei fleste ordinstrykka kjem gjennom bøker og aviser, forstår vi fort at redaksjonane i forlag og aviser er sentrale språkaktørar. Svært mange redaksjonar styrer språkformene svært strengt, særleg i visse aviser. Det er altså bokstavdiktatur i spaltene. Språksensorane kan utgjere frå ein enkelperson til komitéar på fire-fem personar. Sensuren deira påverkar så det vi oppfattar som 'normalt', det som fell inn under punkt b) i referatet frå maktutgreiinga om typar maktuttrykk.

Når Språkrådet no er begynt å vise til bruken (usus) i slike språksensurerte organ for å argumentere for kva som bør gå inn i og ut or rettskrivinga, er dét i praksis å overlate makta eller smaken til nokså fåe private språksensorar. Usus, eller den observerte skriftspråksbruken, er ikkje noko uttrykk for eit språkleg demokrati, slik det blir gitt inntrykk av.

Derimot kan bruken vere svært interessant å studere dersom ein vil finne ut **korleis** språkmakta blir utøvd. Ususen gir oss opplysningar om korleis det språklege hegemoniet fungerer i landet. Den franske sosiologen Bourdieu har vist korleis både kunstsmaken og språksmaken blir styrt av kulturhegemoniet (Bourdieu 1995 & 1991). Det norske kan vere litt annleis, men dei prinsipielle likskapane dominerer. Det er ikkje vanskeleg hos oss heller å snevre inn dei sosiale gruppene som styrer mest når det gjeld den språklege smaken. Det språklege demokratiet må så gå ut på å motverke dette hegemoniet. Usus og normer kan ikkje avskaffast, men politikken bør påverke bruksmønsteret, og ikkje berre føye seg etter språksmakarane i visse aviser.

Her har eit offentleg språkorgan si store oppgåve i å beskrive og formidle innsikt om ei av dei viktigaste kulturformene, nemleg skriftspråket. Det må bruke fagleg innsikt i å avmystifisere omgrep som normer og usus. Det finst allereie modellar for å analysere normdanningsprosessen (Vannebo 1980, Brunstad 2000, Sandøy 2003).

Eg vil gjerne vere av dei første til å varsle om at eit språk må ha ein grammatikk for å kunne vere språk. Grammatikk er ein innebygd eigenskap som har med normer å gjere. Men den sosiale og kulturelle sida av språk som normfenomen må studerast med sosiologiske analyseomgrep. Dei språklege normene eksisterer ikkje på annan måte enn som ei tru vi blir sosialiserte inn i, og ved refleksjon og diskusjon kan vi lettare forstå kven som har dominansen i denne sosialiseringssprosessen, og korfor vi er blitt tildelte den rolla vi har.

4 Språket med stor S

Denne smaksdrøftinga gjaldt **symbolmakta** vi nemnde ovafor. Vi skal no gå over til **premissmakta** og gi eit sentralt eksempel. Det gjeld Språket med stor S. Dét er ein monolittisk samfunnsinstitusjon. Staten eller det offentlege brukar politi og det militære til openlyst å statuere si makt og sin autoritet. Men det brukar òg kulturen: Offentlege monumentalbygningiar, rådhus og uniformer formidlar autoritet og skaper age (Østerud ofl. 2003: 256). Men det gjer også Språket, altså med stor S.

Å definere kva som er eit språk, er ei politisk handling. Det er å utøve makt ved å implantere i førestellingane åt folk kva som hører saman, og kva som skil. Bakgrunnen for å forstå utviklinga av omgropa 'svensk språk' og 'dansk språk' f.eks. er den samfunnsmoderniseringa som begynner på 1500-talet. Da voks sentralstaten fram på ein ny måte, og kongemakta i København ville skape det dansk-norske fellesriket overordna både jyske og norske dialektar. Det skulle skapast lojale borgarar. Einskapsnormen skulle markerast på mange måtar, også i språket, slik at Bibelen blei bevisst omsett til eit språk som skulle oppfattast som ei einskapsnorm og eit einskapssymbol. Språket som skulle vere gyldig og overordna innafor det store fellesriket, blei kalla dansk. Dette var ein heilt ny måte å tenkje om språk på; omgropa blei no brukte på ein annan måte før, nemleg om eit ideal, ikkje om ei samling variantar (jf. Sandøy 2000). Omgrepet 'svensk' voks fram på ein tilsvarande måte, og kanskje litt tidlegare enn 'dansk'. For begge språka var dei lange dansk-svenske krigane ein katalysator med tanke på å få innøvt omgrep og idealet – om god svensk på eine sida og god dansk på hi sida. Det var altså viktig at undersåttane i kvart av rika oppfatta svensk eller dansk som sitt språk, og at det var ein konsekvens av å vere undersått i riket.

Tydeleg var dette da Sverige tok over Skåne frå Danmark. Da la den svenska statsmakta vekt på å "försvenska" skåningane. Det gjekk ikkje lett å endre på dialekten deira. Men det tok berre to generasjonar før skåningane begynte å tru at dei snakka svensk (Ohlsson 1978-79). Dei heldt altså på dialekten, men skifta språk. Dette er ein god illustrasjon på korleis

førrestellingane kan vere viktigare enn realitetane. Språka våre er strengt teke – og brutalt sagt – berre fantasifoster skapte med eit politisk formål. Ved å få folk til å tru at desse språka faktisk finst, er språka blitt til samfunnsinstitusjonar. Men dei finst altså berre på grunn av at folk trur at dei finst.

Omgrepet Norsk språk har i prinsippet ei parallel historie, men ho er litt meir komplisert, som vi veit. Vi har jo to frontar, som på kvar si side har streva med å skape sine institusjonar, trua på at nynorsk er det norske språket, og trua på at bokmål er det norske språket. Eg har ikkje tid til å gå gjennom den historia i detalj. Poenget om at Språket er eit politisk kulturprodukt, skulle vere tydeleg nok.

Autoritet

Autoriteten åt den institusjonen vi kallar Norsk språk, blir stadfesta gjennom kulturelle repetisjonar og ritual, slik som andre nasjonale symbol blir det – for å styrke lojalitetsbanda. God norsk viser fram gode borgarar. Prisar for det eine og det andre styrker òg fellesverdiar og gjer oss til eit homogent folk.

Desse faste rituala gjeld òg Språket. Skoleverket og raude strekar er viktigaste implanteringa av lojalitetskrava. Latterleggjering i avisene av avvikarane er det same. To engelske kollegaer (Milroy & Milroy 1985, jf. òg Kristiansen 2003) har framheva det vi kunne kalla "den språklege klagemuren" ("the complaint tradition") i avisene som eit slikt viktig ritual i skriftkulturen vår, der ein sjølvsagt ikkje skriv om manglande lojalitet, men om språkleg nivå og kvalitet.

Reelt er det tale om å markere den symbolske lojaliteten. Språkteigen i NRK P2 utøver same funksjonen. Eg hugsar godt eit spørsmål – som truleg er ei repetisjonsøving: "Vi har hatt en diskusjon i lunsjpausen om **de/dem** i norsk. Kan du forklare grammatisk hvorfor det skal hete: Vi snakket med **dem**." Og eg hugsar at det blei gitt eit grammatisk svar.

Dette er som eit teaterstykke som går kontinuerleg. Utafor teateret er det vanlegast å ikkje skilje mellom **de** og **dem**. Dermed er **faktisk norsk språk** ikkje slik det blei svart i Språkteigen. På den offisielle senen skal ein terpe inn at **Norsk språk** er noko anna enn **norsk språk**, og den ideologien rår så sterkt at norsktalande nordmenn ikkje trur på sitt eige språk, men brukar stadig vekk vendingar som 'ja, slik seier vi her, men på norsk heiter det eigentleg ...'.

Spørsmålet til Språkteigen var heilt gale stilt. Spørsmålet skulle heller gå på korfor folk skal påprakkast dette korrektheitsidealet. Spørsmålet om "**hvorfor** det **skal** hete" gjeld først og fremst hegemoniet ettersom det er tale om ein forskjell mellom sosiale dialektar. Dét blir tilslørt om ein leitar berre etter grammatiske svar.

At ein har greidd å manipulere dei lojale medborgarane, kjem fram nettopp ved denne konsentrasjonen om korrekt og ikkje-korrekt. Ved å arrestere kvarandre med å peike på feil etc. Korrektheitskulturen produserer slike personar som heile tida spør om kva som er korrekt. Korrektheit blir brukt som suksesskriterium og er årsak til språklege nederlag, mest hos dei minst privilegerte nedst i hierarkiet. I vår tid kan det òg brukast mot norsk som andrespråk.

Tru det eller ei. Eg er sterkt tilhengjar av språknormering og språkstyring, som logisk dreg med seg omgrepet 'korrekt'. Det finst mange gode grunnar for det. Det er f.eks. praktisk med rammer for at både språk og samfunn skal fungere, og vi er alle avhengige av denne

funksjonelle sida. Samfunnet, også språksamfunnet, føreset normer, og dersom ikkje det offentlege driv normering, er det andre krefter som styrer skriftnormeringsprosessen. Dette er som ved all annan liberalisme. For å unngå å ende i si motsetning må liberalismen regulerast. (Sandøy 1998.)

Offentleg eller statleg normering skal stagge dei hegemoniske kreftene og styre rammene for korrektheit slik at den sosiale kostnaden blir minst mogleg. Og for ikkje å gløyme den positive vrien: Styre rammene **slik at flest mogleg språkbrukargrupper opplever identifikasjon, aksept og glede i språkutfaldninga.**

Dermed er det som oftast elles tale om avvegingar. Poenget mitt er at skal ein finne kostnader og gevinstar, må ein forstå fenomenet kulturelt hegemoni og bruke f.eks. omgrepa som maktutgreiinga har gitt oss. ('Makt' og 'hegemoni' er ikkje noko som kan utryddast. Dei er omgrep til å forstå verda med.) Den refleksjonen kring språk som slike drøftingar og analysar føreset, sikrar ein best gjennom offentleg – open – politikk, i motsetning til den tilslørte.⁴

Å lage slike analysar bør eit nytt norsk språkorgan for språk og samfunn ha som arbeidsoppgåve. På vegen kan det få med seg historia om Edmont Laforest, som i 1915 knytte eit band av Larousse, dvs. den store franske ordboka, rundt halsen og hoppa ut frå ei bru – og drukna. På denne måten dramatiserte den haitiske forfattaren med eigen innsats den druknande vekta av eit standardspråk. (Kramsch 1998. 65.) Denne historia kom fram i minnet mitt att da det for ikkje lenge sia blei åtvara mot det lausslepte og "normlause" SMS-språket.⁵

Omtolkingar

Mange er no blitt kjende med ein del av omgrepa og idéane åt den franske sosiologen Pierre Bourdieu. Eine grunnleggjande omgrepet hans er **distinksjonen** (Bourdieu 1995), dvs. at kulturelle drag blir brukte for å markere sosiale distinksjonar. Den mest kjende studien hans gjeld kunstsmaken. Den viser tydelege sosiale mønster, og slikt kjenner vi intuitivt igjen frå vårt land også. Eit poeng i den kritiske tilnærminga til smak er at spørsmålet om kvalitet mest er eit spørsmål om sosiologi og distinksjon, og mindre om noko anna. (Jmför pkt. c ovafor om ideologisk makt.) Fenomena blir altså omtolka. Markeringane av den hegemoniske statusen blir presenterte og omtolka til kvalitetsspørsmål. Finkulturen blir ikkje presentert som sosialt finare, men som om han har høgare kvalitet.

⁴ I prosjektskissa frå departementet om det nye språkorganet står denne flotte setninga:

"Det nye kompetansesenteret skal stimulera og byggja opp under korrekt og god språkbruk i vid meinig og skal aktivt fremja bruk av norsk språk som ein funksjonell reiskap i alle delar av samfunnet og formidla verdien av norsk språk som ein innebygd del av norsk kulturarv." (Sitert etter høringsbrevet 20.1.04.)

Denne setninga dekkjer over mange sosiale og kulturelle motsetningar i samfunnet, og dei bør presiserast i ei utgreiing slik at det blir mogleg å reflektere over dei. For eksempel bør det diskuterast kor mye sanning som ligg i den repeterete påstanden om at det moderne samfunnet føreset kompetanse i korrekt språk. Den påstanden kan vere meir ideologiske styrt enn ha grunnlag i verkelegheita. Når vi ser kor godt det fungerer med mange dialektar, med norsk som andrespråk og med SMS-norsk i det høgteknologiske samfunnet, da kan det vere grunnlag for å modifisere påstandane noko.

⁵ Jmför NTB-oppslag i *Bergens Tidende* 3.12.03 der Finn-Erik Vinje er negativ og uttalar m.a.: "Folk skal ikke skrive annerledes på Nesodden enn på Notodden".

Dette gjeld andre kulturelle område også, som språket. Norsk språkstrid blei i si tid framstilt som ein strid om dannelse, kultur og ånd. Det tok ikkje slutt med Bjørnstjerne Bjørnson; dei fleste her har nok opplevd slik argumentasjon. Men her har det heldigvis skjedd ei merkbar forandring siste tiåra. Men framleis er ikkje all norsk like god.

Uttrykket **språkleg kvalitet** er ikkje nokon ukjent frase. For eksempel er det brukt to gonger i kulturmeldinga i kapittelet om Språkrådet – og utan å vere definert (St.meld. nr. 48 2002–2003, s. 188, 189). Kva er meint med det? Går vi til den daglege bruken, f.eks. til klagemuren i avisene, er det opplagt kva som er meint. Det er visse bokstaveringer og bøyingsendingar. For ikkje mange år sia blei også norvagiseringsframlegga framstilte av ein kjent språkpolitikar som ei språkleg forringing, dvs. som redusert kvalitet, og argumentet var at skrivemåten nærma seg talemålet.

Eg trur godt om departementet og reknar med at dét med ordet kvalitet siktar til det som f.eks. svenskane kallar **klarspråk**, altså enkelt offentleg språk. Det ville i alle fall vere eit innhald som kunne givast ei politisk legitimering ut frå idealet om språkleg demokrati. Men slik språkkulturen vår er, må visse omgrep presiserast, for orda og termene blir stolne av andre interesser. Det gjeld særleg omgrepet kvalitet.

Det finst også andre omtolkingar. For ikkje mange år sia prøvde ein redaksjonssjef i NRK å forby undersåttane å bruke tjukk 1. Han ville sjølv sagt ikkje vedgå at han hadde teke ei språkpolitisk avgjerd, for mange seier at dei ikkje er interesserte i språkpolitikk. Nei, han ville få bort 'støy i kanalen', dvs. avvik frå det som han sjølv da var med og definerte som 'det normale'. Han trudde sikkert på argumentet sitt sjølv, like mye som somme sver seg til høgare kvalitet i visse kunstformer. Men dette dreiar seg om omtolkingar av sosial prestisje, og det er nettopp slik det kulturelle hegemoniet fungerer ved å ha makta til å avgjere smak, og avgjere kva som er støy, og kva som er normalitet og avvik, osv. Og som maktutgreiinga seier: "De dominerende forestillingene om normalitet og avvik er en sterk form for normativ makt".

Norsk rettskrivingshistorie

Den tjukke 1-en lèt seg neppe stoppe lenger. Men denne striden om kvalitet og det normale er jo ikkje ny. Norsk rettskrivingshistorie har for mange vore eit spørsmål om kvalitet på eine sida og vulgarisering på hi sida. Norsk offentleg språkpolitikk har gått inn for "vulgarisering". Dersom Bjørnson såg språket i Aftenposten i dag, ville han sjølv sagt ikkje trudd sine eigne auge. Og verre ville det bli om han kikka i andre aviser. Gjennom språkleg politikk har vi flytta grensene; vi har gjort skriftspråksnorma opnare for større grupper av folket; vi har gjort språket meir demokratisk som identifikasjonsramme.

Norsk språkpolitikk har vist at det nyttar å planleggje språket. Han er ein siger for eit antihegemonisk arbeid og viser at det er mogleg med ei rasjonell styring av språkforma i ei retning av overordna ideal. Språkpolitikken på 1900-talet var ein ypparleg demonstrasjon av at det nyttar å styre skriftspråksutviklinga

Men vi skal ikkje tru at denne delen av språkhistoria er avslutta. Å parkere språkstriden i fortida er å tilfredsstille dei som ønskjer å tilsløre den kulturelle rolla som språket har, dei som ønskjer å folklorisere norsk målstrid. Språk blir ikkje mindre brukt som symbol i dag, heller meir. Dét fortel kultursosiologiane oss. For symbolkultur blir stadig viktigare i det moderne samfunnet, det er faktisk blitt ein del av produksjonslivet og gjennomsyrar både daglelivet og bruttonasjonalproduktet (jf. Frønes 1990). Språk- og symbolstriden tek ikkje slutt og er som da Adam og Eva åt av eplet frå kunnskapstreet. Dei fekk aldri komme tilbake til

Paradiset. Her er berre ei løysing: Rådet for språk og samfunn bør sikre stor allmenn refleksjon kring språket som symbolkultur. Det vil – som maktutgreiinga antydar – styrke det norske språksamfunnet mot presset utafrå.

Maktutgreiinga avsluttar språkkapittelet med eit vidt perspektiv der ho peikar på samanhengen mellom engasjementet i den heimlege målstriden og motstandskrafta mot det ytre presset:

"Svak motstandskraft overfor presset mot norsk språk er én side ved forvitringen av den demokratiske infrastrukturen, svekkelsen av de kollektive prosjektene og de brede folkebevegelsene en annen. Slik er dyptgripende endringer i symbolske og institusjonelle maktforhold knyttet sammen." (Østerud ofl. 2003: 288.)

Her ligg ei sosiologisk innsikt som eit **Råd for språk og samfunn** bør byggje på.

5 Rådet for språk og samfunn

forma var i elevtekstene. Deretter kunne eg samanlikne bruksfrekvensen av desse ordformene for fleire kategoriar av ord, t.d. i kor stor grad, uttrykt i relativ frekvens, elevane brukte *a*-ending i bestemt form eintal av hokjønnsord. Resultata frå oppteljinga av talemålsnære/tradisjonelle skriftspråksprega ordformer for ein del kategoriar av ord og ein del frekvente valfrie ordformer er samla i tabellen under:

Tabell 1: Talemålsnære ordformer i elevarbeid

Språkvariabel	Talemålsnære former, rel. frekv.		
	Samla	Jenter	Gutar
Best. eint. hokj. (<i>bok/boka</i>)	62	59	64
Ubest. art. hokj. (<i>ei/en bok</i>)	19	18	20
Best. fleirt. inkjekj. (<i>husa/husene</i>)	41	40	42
Pret. og perf. part. svake v. (<i>kasta/kastet</i>)	13	15	10
<i>aleine/alene</i>	0	0	0
<i>heil/hel</i>	4	3	5
<i>sein/sen</i>	24	20	26
<i>sjøl/selv</i>	0	0	0
<i>heim/hjem</i>	0	0	0
<i>fram/frem</i>	54	43	62
<i>åssen/hvordan</i>	0	0	0
<i>ete/spise</i>	7	0	13
<i>bu/bo, tru/tro</i>	2	0	4

Sjølv om bokmålsrettskrivinga opnar for at ein kan bruke eit svært talemålsnært skriftspråk, og denne valfridomen til å skrive talemålsnært blir grunngjeve med pedagogiske argument, viser granskninga av elevtekstene at denne fridomen elevane har til å skrive talemålsnært, i liten grad blir brukt. Elevtekstene eg granska, er stort sett skrivne på det ein til vanleg kallar moderat eller konservativt bokmål, sjølv om talemålet til elevane som har skrive tekstene, i stor grad samsvarar med radikalt bokmål.

Men bruken av talemålsnære ordformer er svært ulik for dei forskjellige kategoriene av ord. Dei talemålsnære formene på *-a* i bestemt form eintal av hokjønnsord og bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord blir brukt av om lag halvparten av elevane. Det same gjeld ordforma *fram*.

At ordformene *aleine*, *heil*, *sjøl*, *heim*, *bu* og *tru* nesten ikkje blir brukte i skrift av elevane, overraska meg.

Kunnskapar om talemålsnære ordformer i bokmålsrettskrivinga

På grunnlag av samtalar eg har hatt med grunnskoleelevar og studentar, har eg eit tydeleg inntrykk av at dei i liten grad er klåre over den moglegheita dei har til å skrive talemålsnært. Det er ikkje uvanleg at eg blant elevar, studentar og også lærarar blir møtt med overrasking når eg seier at ordformer som *meiner*, *åffer*, *åssen* og *spørsmåla* er korrekt norsk ifølgje bokmålsrettskrivinga.

I eigne granskningar har eg òg funne at kunnskapane om rettskrivinga er mangelfulle, særleg med omsyn til å kunne skrive talemålsnært.

For å finne moglege årsaker til, eller forklăringer på, at elevane i så liten grad bruker eit talemålsnært skriftspråk, gjorde eg ei spørjeundersøking ved same ungdomsskole som eg hadde eksamenssvara frå. Undersøkinga blei gjennomført i alle klassane (ni i alt) ved skolen. Til saman 205 elevar fylte ut spørjeskjemaet slik dei blei bedne om. Spørjeundersøkinga hadde ein kunnskapsdel og ein haldningsdel (som ikkje blir teke opp her).

Kunnskapsdelen

Elevane fekk lese ei tekst med ein del talemålsnære ordformer ein sjeldan ser på trykk. Dei blei bedne om å streke under dei orda dei meinte var ”*feil skrevet*”. Tabellen under viser korleis elevane vurderte skrivemåtane for nokre ordformer:

Tabell 2: Oversikt over kor stor del av elevane som meinte orda under var ”*feil skrevet*”.

Ordfom	Prosent av elevane
åffer	72
morraen	71
veka	50
bur	49
meiner	46
sjøl	45
seinere	13
sju	10

Ein skal vere varsam med å trekke bastante slutningar ut frå dette spinkle grunnlaget, men eg meiner det er dekning for å hevde at elevane som var med i spørjeundersøkinga, har mangelfulle kunnskapar om den valfridomen til å skrive talemålsnært som rettskrivinga opnar for. Mange ordformer som samsvarar med dialekten, blir oppfatta som ”feil” i skrift sjølv om dei er korrekte ifølgje skriftnormalen.

Det kan vere fleire årsaker til dei mangelfulle og urette kunnskapane om rettskrivinga. Noko av skulda må ein plassere hos den enkelte eleven. Han eller ho har ordlistar der dei talemålsnære formene står oppførte. Men elevane slår til vanleg ikkje opp på dei talemålsnære ordformene i ordlista. Elevane er derfor ikkje klåre over at desse formene står der.

Norsklærarane må nok også ta noko av skulda på seg. Dei har ikkje klart å formidle grunnleggjande kunnskapar om norsk rettskriving. Vidare må ein kunne seie at departementet og Norsk språkråd ikkje har lukkast i å gjere valfridomen i bokmålet kjent for brukarane. Implementeringa har i liten grad blitt gjennomført.

Ingen av elevane som var med i undersøkinga, gav uttrykk for negative haldningar til talemålet sitt. Det ser altså ut til at dei fleste elevane har éi internalisert norm for talemålet sitt og éi internalisert norm for skriftspråket sitt.

At det er så lite samsvar mellom skriftspråket elevane brukar, og talemålet deira, har truleg fleire årsaker. Talemålsnorma blir internalisert ved påverknad frå språkmiljøet som talemålsbrukaren veks opp i. Når det gjeld den skriftspråksnorma som blir internalisert, er det truleg påverknad frå trykte medium, det skriftspråksbrukaren les, som betyr mest. Det vil seie

at det er skriftspråksnormalen til dei store tekstprodusentane som er normgjevande for elevane i grunnskolen.

At mange av dei rettskrivingsvedtaka som Norsk språkråd har gjort, er ukjende for elevane, er sjølvsagt også ein grunn til at dei ikkje nyttar dei moglegitene dei har til å bruke eit talemålsnært skriftspråk.

Det verkar difor noko ”ulogisk” om ein i framtida skal fjerne lite brukte ordformer frå rettskrivinga (t.d. *fekk*, *ho*, *hvems*, *åffer*). Grunnen til at dei er lite brukte, er jo (truleg) at nesten ingen veit at dei er tillatne ifølgje rettskrivinga. For meg ser det ut som at dei aldri har fått nokon ”sjanse” til å gå inn i skriftspråket.

Oppsummerande avslutning

Det misforholdet eg har peika på, mellom dei pedagogiske argumenta for valfridomen i rettskrivinga som blir brukte på vegner av elevane, og elevane sin eigen skriftspråklege praksis og elevane sine kunnskapar om valfridomen i rettskrivinga, gjev meg ei kjensle av at det sviktar i eitt eller fleire koplingsledd i implementeringskjeda. Denne svikten må vere å finne i mangelfull kommunikasjon eller informasjon frå dei som gjev reglar, til dei som skal bruke desse reglane. I implementeringskjeda er det ledd som ikkje fungerer.

Dersom det av pedagogiske grunnar skal vere tillate å skrive *åffer*, *sjøl* og *meiner*, og halvparten av elevane, etter å ha gått 8-10 år på skolen, trur at dette er ”feil”, og nesten ingen elevar bruker desse ordformene i skrift sjølv om dei er einerådande i talemålet til dei same elevane, har ikkje den pedagogiske argumentasjonen hatt gjennomslagskraft i skolen, skolen (lærarane) har ikkje lagt vekt på argumenta, eller korkje argumentasjonen eller kunnskapane om valfridomen til å skrive talemålsnært, har nådd fram til lærarane. I alle høve veit elevane i liten grad at dei kan skrive talemålsnært.

Som norsklærar er det ikkje rett å drive språkpolitisk påverknad i grunnskolen for den eine eller den andre skriftspråksvarieteten. Men det er ei av oppgåvene til ein norsklærar å formidle til elevane kunnskapen om den valfridomen dei har til å skrive talemålsnært, som er fastlagt i rettskrivinga. Det er derfor grunnleggjande nødvendig at norsklærarane sjølve har dei kunnskapane dei treng om valfridomen i norsk rettskriving.

I tillegg til at lærarane sjølve har eit ansvar for å tilegne seg slik kunnskap, har departementet og Språkrådet eit ansvar for at informasjonen om rettskrivinga blir spreidd og gjort kjent for dei som arbeider i skoleverket.

Det har ikkje vore eit utgangspunkt for meg at elevane og andre *skal* eller *bør* skrive talemålsnært. Men i og med at språkplanleggjarar og språknormerarar har gått sterkt inn for ein stor valfridom i rettskrivinga og grunngjeve han med m.a. pedagogiske argument, er det påfallande at ein i liten grad ser denne valfridomen praktisert, og at moglegheita til å skrive talemålsnært nesten ikkje blir brukt.

Ungdommen i dag skriver bedre enn den gjorde for tretti år siden!

Lektor Arne Aronsen, Greveskogen vg. skole, Tønsberg

Det er en påstand jeg naturligvis ikke kan belegge. For det første kjenner jeg ikke til at det er foretatt noen vitenskapelig undersøkelse av akkurat dette forholdet, og for det andre vil det være svært ulike oppfatninger om hva det vil si å skrive bedre. Jeg skal likevel forsøke å begrunne standpunktet i dette korte innlegget.

Min bakgrunn er tjuefem år som norsklærer på allmennfaglig studieretning i den videregående skolen. Og jeg er temmelig sikker på at det er like mange meninger om de spørsmåla som skal diskuteres her i dag, som det er lærere i skolen. Ja, faktisk er det kanskje enda flere. Noen av oss har nemlig også tvisyn. Mitt lille bidrag her i dag må således stå som et privat innlegg i en diskusjon som – når alt kommer til alt – kanskje ikke har hatt så veldig sterkt fokus blant lærerne i den videregående skolen fram til nå.

Skolen er den viktigste arenaen for opplæring i skriftlig norsk. I læreplanen for norskfaget i det skoleslaget jeg representerer, har skriftlig bruk av språket en sentral plass. Her står det at elevene skal lære å uttrykke seg ”klart og eintydig, både skriftleg og munnleg”. Læreplanen legger dessuten vekt på at norskundervisningen skal framelske språklig bevissthet og språklig toleranse. Videre står det at:

”elevane skal få høve til å utvikle språk- og stilsans gjennom å skrive i ulike situasjoner og i ulike tekstformer. Å skrive inneber både kreativitet og tilpassing til språklege normer og konvensjonar, og det er ei viktig oppgåve for norskfaget å gi elevane rettleiing i dette. (...) Gjennom norskopplæringa skal elevane lære at det å skrive godt, inneber at ein avpassar innhald og språkføring etter samanhengen ein skriv i”.

For å presisere målet for skriftlig norsk ramser læreplanen opp en lang rekke delmål, der både kunnskaper om rettskrivning, stilistikk og sjangerbevissthet inngår.

Det er lett å innvende at heller ikke læreplanen er særlig tydelig på hva som er godt språk. **Det** er på mange måter overlatt til lærernes kompetanse. Men det er klart at skriveopplæringa i den videregående skolen kan være temmelig omfattende og mangfoldig. I løpet av de tre åra elevene går hos oss, får de møte mange ulike skrivesituasjoner og får øvelse i mange ulike sjangerer. Og de får mulighet til å øve opp en bevissthet omkring sin egen språkbruk.

Alle elever skal imidlertid opp til skriftlig eksamen i norsk. Det betyr at mye av skriveopplæringa må dreie seg om å øve til eksamen. Jeg har vært sensor til norskeksamen i mange år, og selv om sensorveiledningen understrekker betydningen av en helhetlig vurdering, skal det ikke stikkes under en stol at formelle forhold ved språkføringa ofte får mye fokus.

Når vi fra tid til annen leser meningsytringer og rapporter om det norske skriftspråkets ynkelige helsetilstand i vår tid, er det også formelle forhold det vises til. Det er særskriving av sammensatte ord (og det er unektelig komisk når det i den røykfrie kafeen henger oppslag der det står ”røyk fritt”), det er og/å-feil, da/når-feil, såkalt ulogiske setningskonstruksjoner osv. Men av og til føler man at det er lovene som skaper forbryterne. Rettsskrivningsreglene er jo mer eller mindre tilfeldige, og noen av dem skaper tydeligvis store vanskeligheter for mange

elever. Jeg skulle likt å vite hvor mange som ville gå opp en karakter i norsk hvis det plutselig ble tillatt med særskriving etter engelsk mønster og man kunne skrive **å** overalt, både infinitivsmerket og bindekonjunksjonen.

Jeg kan berolige forsamlingen med at jeg naturligvis ikke er tilhenger av noe språklig anarki. Skriftspråket trenger rammer, og det å uttrykke seg godt skriftlig betyr også å skrive korrekt. Men jeg reiser spørsmålet om hva som er viktigst. Jeg er ikke så redd for norsk språks framtid. Spørsmåla om domenetap og globalisering har jeg ikke tid til å komme inn på her, men jeg vil heller rette søkelyset mot det jeg oppfatter som en positiv tendens. Flere mennesker skriver mer i samfunnet vårt enn noen gang før. Ungdommer skriver hver eneste dag, mange av dem. De sender tekstmeldinger på mobiltelefonen, de chatter på Internett, og de skriver e-post. I tillegg skriver de mer i skolen enn noen gang tidligere, og antakelig mer om temaer de opplever som relevante enn min generasjon gjorde.

Når jeg i innledningen spissformulert påstår at ungdom skriver bedre i dag enn for tretti år siden, er det først og fremst tryggheten deres jeg tenker på. Jeg opplever at elever i skolen i dag skriver i vei. Mange er lite hemmet av prestasjonsangst i forhold til at det skal være korrekt, det de skriver. De gjør feil med **og** og **å** – ja vel; alle behersker ikke kommareglene, og såkalte særskrivingsfeil florerer. Men de skriver, og mange skriver lett. Om de ikke skriver så korrekt bestandig, så lider de i hvert fall ikke av skrivevegring.

Selv om en økende andel av ungdomskullene visstnok går ut av grunnskolen med mangelfulle lese- og skriveferdigheter, er det også svært mange som skriver godt i den forstand at de faktisk greier å uttrykke seg. Da må man spørre: Hva betyr det at de har mangelfulle lese- og skriveferdigheter? Og hvordan bør den type skriveferdigheter mange faktisk har, vurderes. Og hvordan kan disse utnyttes videre i skriveopplæringen i skolen?

Vi leser i höringsbrevet fra Kultur- og kirkedepartementet i et sitat fra den svenska utredningen *Mål i mun* at ”den som inte behärskar skriftspråket väl kommer att få stora problem, både i arbets- och privatlivet”. Etter min oppfatning ligger det en utfordring i å dokumentere at det siste er riktig. Hva vil det si å beherske skriftspråket bra? Hva er det viktig å kunne for ikke å få problemer i arbeids- og privatliv? Og hvordan skal skolen best kunne møte de krav som stilles til norskopplæringen?

Mitt ønske til det nye språkorganet kan formuleres i tre punkter:

- Fortsett diskusjonen om hvilke krav vi skal stille til et godt språk. I denne diskusjonen må selvfølgelig rettskrivningsspørsmål inngå, men kanskje språket som kommunikasjonsmiddel kan få et sterkere fokus? Det særegne ved norsk rettskrivning: valgfriheten og nærheten til talemålet – må diskuteres. I dag oppfattes det av mange som et problem. Er det det? Hvis ikke, må argumentene komme klarere fram for allmenheten. Og hvordan skal vi forholde oss til den skriftkulturen som gror fram i kjølvannet av mobiltelefonen, Internett og den slags kommunikasjonsarenaer?
- Vær mer utadrettet. Språkrådet har i årevis drevet en god informasjonstjeneste for publikum, men det er mange feilaktige forestillinger om norsk språk og språkpolitikk blant folk. Jeg ønsker meg et språkorgan som er mer opptatt av å formidle tanker om språkutviklingen, og som inviterer til en kontinuerlig debatt om planer og strategier.

- Start et samarbeid med skolen (både grunnskolen og den videregående skolen) om hva det er viktig at elevene lærer, og hvordan man best skal nå måla i skriveopplæringen.
-

Det store spørsmålet i skolen i dag – i hvert fall på Østlandet, der jeg bor – er spørsmålet om obligatorisk opplæring i skriftlig sidemål. Det er naturligvis et angrep på nynorsk, som gjerne omtales som et vakkert språk, et kulturspråk, et ordrikt språk osv., men som ikke bør belaste elevene ved at de skal lære å skrive det. Vi får høre at drilling i nynorsk grammatikk stjeler så mye tid at elevene ikke greier å lære hovedmålet sitt godt nok. På den ene siden er nynorsk altfor vanskelig, og på den andre siden er det så likt bokmål at det ikke er bryt verdt å lære.

Jeg skal ikke gå inn i denne debatten nå, men jeg tror det er viktig å være klar over at det **er** en utbredt negativ holdning til nynorsk blant mange elever (og lærere). Jeg tror vi kan vente flere søknader om forsøk med frivillig skriveopplæring i nynorsk. Det kommer til å bli et økt press på nynorsken over store deler av landet i åra som kommer.

Dette er noe som det nye språkorganet er nødt til å forholde seg til. Er det viktig at framtidas ungdommer skal måtte lære å skrive både bokmål og nynorsk? Hvordan skal vi tolke de nedslående eksamensresultatene i nynorsk sidemål? Lar det seg gjøre å begrunne verdien av opplæring i skriftlig sidemål? Hvis nynorsk skal beholdes som skriftspråk i skolen i bokmålsområdet, ligger det en stor utfordring i å få publikum til å forstå at det er viktig og verdifullt.

Til slutt har jeg bare lyst til å nevne at forestillingen om at nynorskopplæringen stjeler så mye tid fra bokmålet, stemmer dårlig med mine erfaringer. Den moderne norsklæreren driver lite med drilling i formverket. Mye av nynorsktreninga består i å skrive – å oppøve språklig bevissthet, språklig sikkerhet og variasjon – og det har nok bokmålet nesten like stort utbytte av. Det er nok ikke mye tid å hente på å fjerne skriftlig nynorsk, og jeg har lite tro på at bokmålsferdighetene blir så mye bedre av det. Men at mange elever vil finne det mer meningsfullt, tror jeg det bør være liten tvil om.

Den negative holdningen til nynorsk (som kanskje ikke er så stor overalt som jeg opplever den i Vestfold?) kan ha mange årsaker. Mangelfulle kunnskaper om språk, og om hva nynorsk er, er en årsak. En annen er nok det at nynorsk er blitt et populært hatobjekt. Det er på moten å være motstander av nynorsk. En annen viktig årsak, tror jeg, er at nynorsk, som opprinnelig skulle være et språklig frigjøringsprosjekt, er blitt et forbudsspråk. Til tross for at mange norsklærere presenterer nynorsk som et dialekt nært skriftspråk, vil fokus likevel ofte ligge på hva som er forbudt å skrive. Her **må** det gjøres noe. Alle ord som brukes i norsk, må også kunne brukes i nynorsk. Fokus må vekk fra hva som er forbudt, til hvordan nynorsken er tilpasset det språket vi snakker.

Her ligger en utfordring for det nye språkorganet. Og denne utfordringen må tas i samarbeid med både skolene og lærerutdanningen.

Slik ser skoleverket og lærerutdanningen det

Ingrid Rygg Haanæs, Læringssenteret

Jeg ble bedt om kort å si noe om min bakgrunn for å stille med innlegg i Norsk språkråd her. Jeg er her som utsending fra "Fagnemnd i norsk for grunnskolen", Læringssenteret, der jeg har arbeidet en årrekke med utvikling av vurderings- og prøveformer i tråd med norskplanen i L97, eksamensoppgaver etter M87 og L97, sensorrettleiling for vurdering, kursing av sensorer, utarbeiding av såkalt karakterstøttende materiell, vurdering av elevtekster med faglig begrunnelse, veiledningsmateriell for utvikling av tekstkompetanse, sensor sjøl i 10 år.

Annен bakgrunn som er relevant i denne sammenhengen, er:

Norsklærer i ungdomsskolen i mange år med

utvikling av elevrespons, utvikling av fellesrespons, mappevurdering, nye arbeidsformer for arbeid med nynorsk som sidemål og fagskriving som utprøvingsområder.

Norsklærer i lærerhøyskolen i mange år med følgende arbeidsfelt:

grunnutdanninga, videreutdanninga, videreutdanning i lese- og skriveutvikling og bruk av IKT – nettundervisning, videre- og etterutdanning av lærere, flere to- og treårige utviklingsprosjekt innen skrive- og leseutvikling, videre leseutvikling og alternativ praksisoppfølging.

Jeg har vært leder for flere plangrupper og deltaker i flere planarbeid for grunnskolen (bl. a. norskplanen i L97) og lærerhøyskolen.

Behov og ønsker når det gjelder Norsk språkråd – tre punkt

For det første er jeg bedt om å si fra om at vi har bruk for at den organisasjonen som avløser Norsk språkråd, opprettholder den servicefunksjonen Norsk språkråd har i spørsmål om språkbruk. For Læringssenterets del vil jeg nevne betydningen av kvalitetssikring av viktige skriv som skal ut til skolene, for eksempel eksamensoppgaver. Vi har bruk for et organ med språklig ekspertise.

Det andre punktet jeg tar opp, er et ønske om mer konstruktivt utadrettet arbeid i forhold til språklig bevisstgjøring og språkrøkt. Jeg etterlyser tiltak som skaper interesse for språk og språkrøkt ute i samfunnet, vi kan kanskje også si tiltak som møter den interessen som allerede er der. Noen må tydelig ivareta språket hele tida, tydelig se på og kommentere utvikling som skjer. Jeg ønsker altså at dere er mer synlige og får mer kompetanse ut til folk. Jeg tillater meg å nevne som en mulig modell eller et utgangspunkt noen "språkbrev" jeg tilfeldigvis har fått gleden av å lese. Disse brevene er skrevet av et medlem i Norsk språkråd, de er kommentarer til språkbruken i et av våre medieselskap, de er skrevet til brukerne der. Jeg har vært norsklærer hele mitt liv, jeg burde derfor vite noe om språkundervisning. Jeg har sjeldent sett en slik kombinasjon av språklig innsikt og humor. Jeg har sjeldent sett så klar og morsom og bevisstgjørende språkundervisning rettet til allmennheten. Jeg har navnet på mannen. Dere kan få det hos meg om dere mot formodning ikke kjenner til saken.

Når det gjelder konstruktivt utadrettet arbeid, ønsker vi i utdanningsinstitusjoner og skoler oss mulighet for mer samarbeid med Norsk språkråd som en innsiktsfull dialogpartner.

Det *tredje punktet* jeg vil ta opp, dreier seg om nynorsk som sidemål i skolen. Det handler derfor for så vidt om at dere som blir arvtakere for Norsk språkråd, må ta i bruk mer samfunnsvitenskapelig kompetanse. Dere må se *den framtidige språkbruken*. Han sitter i klasserommet. Og dere må vite noe om hvordan han har det i sitt arbeid med nynorsk som sidemål. Jeg har vært norskklærer i ungdomsskolen i årevis. Jeg er sensor i grunnskolen hvert år. Jeg ser at elevene strever mye mer med nynorsk som sidemål enn med bokmål som sidemål. Det er mange årsaker til det. Én av årsakene, som også ungdomsskoleelevene sjøl peker på, er normeringa; konsekvensen av for mye normering når det gjelder ordtilfang, og for lite når det gjelder formverk. Elevene sjøl klager over at: "Det er så lett å gjøre feil i nynorsk." For ungdomsskolelever finnes det ikke logikk i dette at ord de bruker i dagligtalen sin, ikke skal kunne brukes i skriving. Å lære hva som er "tillatt" og ikke av enkeltord krever så stor minnekapasitet at det fører til det mine elever kalte "slå-opp-nynorsk". Alle valgmulighetene som eksisterer når det gjelder bøyingsformer, spesielt for verb, gjør at elevene ikke møter et noenlunde fast skriftbilde med et bøyingsmønster de kan holde seg til. Igjen sitter de og slår opp i orddlista.

Det er lagt et godt grunnlag for en konstruktiv tilnærming til arbeid med sidemål i norskplanen i L97. Men språkpolitikken som blir ført, får i sterk grad konsekvenser for arbeidet med nynorsk sidemål i skolen og for elevenes holdninger til målet. Vi er nødt til å spørre oss sjøl om hva vi har for planer med nynorsk sidemål i grunnskolen, se på hva som samlet sett gagner både nynorsken og eleven. Kanskje bør en vurdere enda mindre normering når det gjelder ordtilfang, og mer normering når det gjelder formverk? Kanskje kan en noe smalere læreboknormal når det gjelder formverk være en hjelp for elever i *opplæringsfasen*? Dersom vi ønsker at nynorsken skal leve i klasserommet, må vi helt klart gjøre noe for at så skal skje.

Jeg befinner meg fremdeles i klasserommet i arbeid med nynorsk sidemål. Vi har ikke tilnærrelsесvis nok engasjerende nynorsk skjønnlitteratur for ungdom. Kan arvtakeren til Norsk språkråd gjøre noe i denne sammenhengen? Rår de over tiltak for å stimulere forfattere til å skrive nynorskbøker med tema som interesserer, bøker som ivaretar humor og litt spenning, og som forholder seg til kunnskap vi har om jenters og gutters noe ulike identifikasjonsmønster? Vi ser jo at ungdomsbøker på nynorsk om ulike samlivsproblemer ikke virker akkurat befordrende på leseinteressen og holdningene til målet.

Forsking og høgare utdanning

Vidar Lehmann, Universitetet i Bergen

Av sakspapira framgår at vi som er samla her, skal hjelpe til i førearbeidet med eit strategidokument som skal gjera at det nye organet – kva det nå blir kalla – kan koma greitt i gang med målretta arbeid.

Inngåande signal er at det nye organet sin kjernefunksjon skal vera som kompetansesenter, og at det skal ha ei brei samfunnsmessig ankring.

Referanseramma for mitt vedkomande er eit medisinsk universitetsmiljø. Fråsett den spesifikke medisinske terminologi vil eg likevel tru at problemstillingane ikkje er heilt ulike i fleire andre naturvitenskaplege og truleg og nokre humanistiske miljø.

Likevel vil eg starta breitt, med å peika på at utover det å vera kommunikasjonsmiddel for fagleg informasjon, har språket i mitt fagmiljø og viktige funksjonar som identitetsberar og som indikator på status, haldningar og ambisjonar, både av fagleg og sosial art. Sist, men ikkje minst er språk makt. Den som herskar over språket, har og makt på scena for naturvitenskapleg forsking og undervising, både den høyrde og skrivne

Alt nå, før eg har sagt så mykje, har fleire av dykk truleg for lengst gjort seg opp ei mening om både kor eg kjem frå og kva eg står for, kan henda til og med kva grein i medisinen eg tilhører. At det ikkje er kirurgi, har de i alle høve sikkert oppfatta. Slik er språket.

Eg skal ikkje forfylgja dette vidare, men berre peika på at språkbruk og i slike miljø som mitt er vidfemnande, grip djupt inn både i kjenslelivet og i maktstrukturane og er difor viktig. Ynskjer du at språk ikkje skal vera makt og politikk, kan du vera rimeleg trygg på at andre syter for at det blir det.

Tradisjonell norsk språkleg røyndom er litt meir samansett enn dansk, kanskje og svensk. I høve til EU-fellesskapet er likevel vår indre situasjon enkel, ved at EU har fleire store, ulike språksamfunn som sterkt treng ein nærrare dialog. Der som her er det likevel eit netto einvegskjørt press på dei små språkgruppene til å tileigna seg og stadig oftare bruka majoritetsspråket.

Eg vonar at alle i utgangspunktet godtek at mangfaldet og tradisjonstilknytinga i språka er ein verdi i seg sjølv, og som, rett utfalda, gjev ein rik og levande kulturarv vidare i stor-samfunna. Eg ser difor ikkje nokon rettkjend motsetnad mellom dette og verdet av eit eller fleire tverrgåande "kommunikasjonsspråk".

Det er tvert om mi faste tru at grundig og tidleg munnleg og skriftleg læring av morsmålet er heilt avgjerande for å utvikla tileigningsevne både for nye språk, fagspråk og faktisk og for tenkjeevna generelt. Samstundes er det dette som vernar minoritetsspråka mot utsletting.

Så attende til det vi er inviterte til å svara på:

A Utfordringar og problem i mitt fagområde

- 1 Læra å bruka godt minst eit internasjonalt fagspråk, i praksis oftast engelsk.
- 2 Læra å nytta godt dagleg norsk språk både til undervising av studentar og til ålmenn formidling av fagleg innhald. I dette bør og liggja vidareutvikling av dei to faglege ”minoritetsspråka” samisk og nynorsk.
- 3 Alltid vera nøyne med å definera framord og forkortinger – avstyttingar, særleg ved bruk av forkortinger handlaust overførde frå amerikansk-engelsk faglitteratur. Spesielt dette siste er i ferd med å erstatta farne tiders latin som kryptisk og ekskluderande medisinsk språk.
- 4 Finna høvelege norske ord både for eksisterande og nye faguttrykk.
- 5 La vera å laga kaudervelsk av engelsk og norsk.

B Oppgåver for eit nytt språkorgan, generelt og i fagområdet

- 1 Ha oversikt over språklege kunnskapskjelder, samla og formidla kjernekunnskap om dei ulike norske språka (bokmål, nynorsk, samisk, finsk(?)).
- 2 Stimulera forsking og utvikling
- 3 Både i si samansetjing og via faggrupper ha nær tilknytnad til og samarbeid med dei aktuelle universitets- og høgskulemiljøa.
- 4 Fremja ”institusjonalisering” av dei viktigaste norske språkkompetansane.
- 5 Kommunisera med dei meir uformelle premissjevarar for norsk språk (media, forlag, forfattarar, politikarar, sal/reklame/næringsliv, organisasjonar, og fagmiljø). Ein god del av dette kan truleg gjerast i samspel med dei ulike faggrupper.
- 6 Drøfta og leggja fram tilrådingar om god språkbruk og for den tilsvarande språkundervisinga i skulane.
- 7 Vera nasjonal ressursbase i språkpolitiske spørsmål.
- 8 Halda fram som ”språkfredsorgan”. Det trengst enno.

C Trengst nye vegar i norsk språkpolitikk? Ja, og her er nokre framlegg:

- 1 Styrkja dei faglege miljøa. Eit alternativ kunne vera å oppretta/styrkja universitetstilknytte nasjonale kompetansesentra, til dømes for bokmål i Oslo, nynorsk i Bergen, samisk (finsk?) i Tromsø og fagspråk i Trondheim. For å halda dette saman burde representantar frå kvar stad vera medlemer i det nye organet.
- 2 Styrkja morsmålundervisinga på lærarhøgskulane og, samordna med dette, i skulane.
- 3 Premiera aktivt god norsk språkbruk i dei ulike samfunnssektorane.
- 4 Ha positiv omsut for god språkbruk i massepåverknadsstrukturane, mellom anna for å hindra hovudlaus samanblanding av angloamerikansk og norsk målbunad.
- 5 Auka innsatsen for å forma og fremja bruken av gode, norske ord, og å laga nye når det er aktuelt.
- 6 Større varsemd med ”skriftlegifisering” av populære framandspråklege taleord og vendingar.
- 7 La dialektane vera dialektar, men ikkje la det føra med seg ein urskog av valfrie skriveformer. Utan å stivna bør bokmål og nynorsk, på same måte som til dømes dei større europeiske språka, utvikla og stå fast ved visse, typiske kjernelement, i staden for som det har vore ei stund nå, å føreslå eit så høgt tal valfrie former at ytterpunktet i dei to språka nær møtest.

- 8 Det bør ikkje vera eit særleg mål å arbeida aktivt for at bokmål og nynorsk skal tilnærma kvarandre. Skal begge overleva, må dei ha særskilde kjenneteikn.
- 9 Styrkja framandspråksundervising og forsking.
- 10 Arbeida enno meir for toleranse, vyrdnad og velvilje mellom dei ulike norske språkgruppene, og motverka aktivt det motsette. Dette kunne mellom anna etter kvart leia til større fridom enn nå for å nytta sitt ”eige” skriftlege hovudspråk i offentleg samanheng, og samstundes tilføra oppmuntring og lettligjengeleg assistanse i staden for mislukka press til å nytta alternativ målform.

Forsking og høgare utdanning

Professor Tove Bull, Universitetet i Tromsø

Seminaret i dag er konsentrert rundt tre hovedspørsmål:

1. Kva for utfordringar eller problem står norsk språk overfor slik du erfarer det frå ditt verksembsområde?
2. Kva oppgåver bør eit nytt språkorgan ha – i eit nasjonalt perspektiv og spesielt i tilknyting til ditt verksembsområde?
3. Trengst det nye vegar i norsk språkpolitikk?

Eg skal prøve å svare på desse spørsmåla i tur og orden, men først eit hjartesukk og ei presisering.

Hjartesukket sukkar over forholdet eller like gjerne misforholdet mellom politikk og praksis, strategi og praksis, eller på vanleg norsk: forholdet mellom det som blir sagt, og det som blir gjort. Min ståstad er i høgare utdanning og forsking, og eg er sant å seie ikkje sikker på om vi veit så mykje om kva som styrer dei språkvals- og språkendringsprosessane som går føre seg i dei aktuelle institusjonane. Det vi veit, er at det skjer store endringar; engelsk overtar gradvis fleire og fleire faglege domene. Vi veit òg at det er ei vilja og muligens medvete styrt endring. Samstundes finst det etter kvart så mykje empirisk kunnskap om forholdet mellom språk og makt og mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk, kunnskap som ein skulle tru ville ligge til grunn for ei slik vilja endring. Men den kunnskapen synest heilt irrelevant for dei som eventuelt står bak og styrer utviklinga mot meir engelsk i akademia. Kvifor er vi så lite viljuge til å ta omsyn til det vi veit, og **det** i såkalla kunnskapsbedrifter? Det var hjartesukket.

Så til presiseringa. Eg har ingenting imot engelsk. Eg publiserer på engelsk, og eg aksepterer at eg i nokre samanhengar må undervise på engelsk. Eg meiner såleis at vi treng eit lingua franca i høgare utdanning og forsking, og at det er udiskutabelt at dette lingua franca-et i vår tid er engelsk. Det treng i seg sjølv ikkje vere noko stort problem. Det som er problemet, etter mitt syn, er at det synest vere så lite vilje til å diskutere kva konsekvensar det har for den norske språksituasjonen at engelsk er, og sannsynlegvis må vere, eit slikt lingua franca i akademia. Styresmaktene burde drøfte politikk og strategi med dette som utgangspunkt, og ikkje bare leggje seg på ein naiv ”meir engelsk gjør oss meir internasjonale og globale-politikk”, som er det UFD under Kristin Clemet synest stå for.

Og da er eg over i dei problemstillingane som er dagens tema.

Når det gjeld høgare utdanning og forsking, er situasjonsbeskrivelsen min slik: Norske universitet er i mindre grad enn tidlegare å sjå på som nasjonale institusjonar, og dei oppfattar heller ikkje seg sjølvre lenger som nasjonale, slik dei gjorde tidlegare. Ikkje minst derfor grip engelsk meir og meir om seg. Den måten engelsk legg under seg tidlegare norskspråklege domene på, følgjer bestemte vegar. Naturvitenskap, teknologi og medisin før samfunnsvitenskap, humaniora og teologi. Forsking før utdanning, forskarutdanning før mastergradsutdanning, mastergradsutdanning før lågare grads utdanning. Tilsvarande vil ein òg kunne seie noko generelt om tiltakande bruk av engelskspråkleg faglitteratur på kostnad av norskspråkleg i ulike fag og på ulike nivå, og dessutan noko om ulike undervisningsformer (forelesing, seminar, kollokvium) i relasjon til norsk og engelsk.

Denne skissemessige verkelegheitsbeskrivelsen er gyldig for akademia i store delar av den vestlege verda: Bortsett frå engelsk har alle andre nasjonspråk i Europa ei svekt stilling i vår tids universitet.

Gitt at denne beskrivelsen er korrekt, så skulle ein tru at styresmaktene ville diskuterte utdannings- og forskingspolitikk i høve til den røynda som no ein gong er. Men det blir ikkje gjort. I staden blir vi meir eller mindre direkte oppfordra til og honorerte for å bruke meir engelsk, og det heilt uavhengig av kvaliteten på den engelsken vi presterer.

Den diskusjonen eg etterlyser, burde for det første klargjere kor det er legitimt, praktisk og forsvarleg å bruke engelsk, og kor norsk bør vere sikra plass i akademia. Da må vi først skilje mellom forsking og utdanning. Vitskap og forsking er per definisjon internasjonal verksemd, og det er ikkje urimeleg at mykje forskingspublisering skjer på engelsk. Samstundes må vi spørje kva konsekvensar det får for norsk som kulturspråk om det ikkje lenger blir skrive vitskapleg norsk. Det politiske ansvaret for at norsk blir bevart og vidareutvikla på alle område, er faktisk eit ansvar styresmaktene har, anten dei skjønner det eller ikkje. Vi treng ein open og fordomsfri diskusjon om på kva for forskingsområde norsk språk må og bør ha plass. Er det forskingsfelt der det er meir uproblematisk å bruke engelsk enn på andre felt, t.d.? Argumenta i ein slik diskusjon vil dels vere forskingspolitiske, dels språk- og kulturpolitiske, og dei vil dels vere konfligerande. Av omsyn til norsk som vitskapsspråk og av omsyn til utvikling av terminologi i ei rekkje fag er det heilt nødvendig at ein slik diskusjon blir ført.

Eit viktig spørsmål å stille i denne samanhengen er om ein engelsk vitskapleg tekst skiven av ein norsk, språkleg og stilistisk er samanliknar med ein tilsvarende tekst skiven av ein engelsk morsmålsbrukar. Her kan eg referere til ein artikkel av Britt-Louise Gunnarsson frå 2001. Ho viser til systematiske språklege samanlikningar av vitskaplege tekstar skrivne på engelsk av englendarar og amerikanarar, jamført med tilsvarende tekstar på engelsk av forskarar frå andre land. Her handlar det mest om tekstlingvistiske konvensjonar som tekstorganisering, disponering, stilnivå, argumentasjon, måtar å presentere teori og metode på, forfattarplassering og -synsvinkel, osb. Dette er kulturelle konvensjonar som vil vere ulike i ulike språksamfunn. Jamføringar av korleis vitskaplege tekstar blir vurderte av t.d. tidsskriftsredaktørar, er òg blitt gjorde. Jamført med engelskspråklege morsmålsbrukarar blir fremmendspråksbrukarar av vitskapleg engelsk tolka temmeleg negativt. Dei uttrykker seg vagt og manglar vitskapleg klarheit og stringens, blir det hevda. Gunnarsson viser her til Connor 1996, Clyne 1987 og Mauranen 1993. Eg må seie at eg synest det er merkeleg at norske myndigheiter så glatt ser bort frå slikt som dette i si begeistring for internasjonaliseringa, som jo reint faktisk er angloamerikanisering.

Det kan godt vere at Språkrådet og Kulturdepartementet har vore opptekne av slike problemstillingar. Hittil har dei derimot ikkje vore mykje synlege (eller hørlege) på universiteta eller i UFD. Og det er faktisk viktig at debatten går føre seg der.

Undervisning er ein anna skål. Her er det mange relevante variablar, språkkompetansen til undervisaren og studentane ikkje minst. Vi tilbyr meir og meir utdanning på engelsk og utviklar fleire og fleire engelskspråklege kurs her til lands utan å ha ein politikk for korleis vi skal kvalitetssikre desse utdanningstilboda språkleg. Det er neppe nokon fordel for oss om norske institusjonar får ord på seg for å vere middelmåtige eller halvdårlege, fordi vi ikkje meistrar engelsk på nivå med engelskspråklege morsmålsbrukarar. Og det er sjølv sagt det nivået som vil danne standard. I det perspektivet synest eg det både er latterleg og provoserande å lese programmatiske utsegner om at vi må delta i internasjonaliseringa og

undervise meir på engelsk og skrive meir på engelsk fordi vi no må konkurrere med så mange fleire internasjonalt. Å ikkje ta på alvor at engelskspråklege nasjonar har nokre fortrinn som vi ikkje har, kan faktisk ramme oss midt i internasjonaliseringa, så å seie. Dersom vi trur at vi har det same potensialet til å lokke til oss studentar frå engelskspråklege land, som omvendt, er vi meir enn naive. Og det er heller ingen grunn til å tru at t.d. tysk- eller franskspråklege studentar vil føretrekkje engelskspråklege studietilbod i Norge framfor tilsvarende tilbod i engelsktalande land. Ein grundig analyse av kven som er potensielle søkerar til norske utdanningstilbod, burde vere første steget om vi meiner at det er viktig at fleire utlendingar studerer i Norge. No er situasjonen iallfall den at vi sender langt fleire studentar ut enn vi tar imot her heime.

Ei undersøking som er gjengitt av den svenske *Läkartidningen* 26–27/2002 (s. 2930–2932), fortel oss noko om kor godt norske (og svenske og danske) akademikarar forstår engelsk. 114 norske, svenske og danske legar fekk lese same oversiktsartikkel i ti minutt, på papir eller på skjerm, på morsmålet eller på engelsk. Artikkelen var frå fagtidsskriftet *Journal of Trauma*. Rett etter lesinga fekk forsøkspersonane fylle ut eit spørjeskjema med seks opne spørsmål om innhaldet i artikkelen. Ein fann ingen skilnad mellom dei som las på papir, og dei som las på skjerm. Men dei som las på morsmålet sitt, fekk signifikant betre resultat enn dei som las på engelsk.

Dette er resultat som ein kunne vente. At det går fortare og lettare å forstå og begripe saker og ting på morsmålet sitt enn på eit anna språk, veit vi frå før. Det er sjølv sagt òg lettare å skrive på morsmålet sitt.

Uavhengig av kva norske utdannings- og forskingsmyndigheter er begeistra for, tillet eg meg å spørje: Kan det vere slik at overgangen frå norsk til engelsk som akademisk språk representerer kvalitetssvekking, snarare enn kvalitetsauke? Eller i det minste at engelsk produsert av norske akademikarar vil bli oppfatta som ringare av dei som er dommarar i dette spelet? Betyr akademisk globalisering styrking og konsolidering av angloamerikansk forsking og utdanning på bekostning av forsking og utdanning som har eit anna språk som medium? Betyr det ei tilsvarende styrking og konsolidering av angloamerikanske kulturelle retorikk-konvensjonar? Representerer det i så fall kvalitet, i global forstand? Kva konsekvensar har dette for mangfaldet i vitskapen? Er det ikkje heller ei form for homogenisering og nivellering som skjer? For det er jo ikkje bare snakk om språkleg einsretting. Det handlar om språkkultur i vid meinings, forskingskultur, tenkekultur. Kanskje er det slik at vi er i ferd med å forveksle kvalitetsomgrepet med omgrep som “standard”, “gjennomsnittleg”, “mainstream”?

Spørsmål 2 dreier seg om dei oppgåvane eit nytt språkorgan bør ha i tilknyting til forsking og utdanning. Indirekte meiner eg at eg alt har svart på dette spørsmålet. Den språklege situasjonen i akademia treng til grundig analyse. Alle dei spørsmåla eg har tatt opp, og fleire til, må diskuterast, og helst svarast på. Helst ønskjer eg meg ein språkpolitikk som formulerer mål for bruken av norsk respektive engelsk i forsking og utdanning. Og så trur eg det er nødvendig at det nye organet får UDF med politisk leiing i tale. Så vidt eg kan forstå, treng dei vaksenopplæring også der i garden.

Også spørsmål 3 meiner eg at eg indirekte har svart på. Og svaret er ja. Vi treng nye analysar av dagens språksituasjon i akademia, og vi treng nøkterne og gjennomtenkte strategi- og handlingsplanar for internasjonalisering av høgare utdanning og forsking, planar som òg må seie noko om bruken av norsk i akademia.

Eg tok til med eitt hjartesukk og kan tenke meg å avslutte med eit anna. Norge har internasjonalt renommé for språkpolitikk og språkplanlegging. For meg ser det ut til at vi er i ferd med å bli forbigått av både svenskane og danskane når det gjeld dei spørsmåla som står på dagsordenen i dag. Vi var dei i Norden som først tok i bruk omgrep som domenetap om engelskpåverkinga, vi har alltid hatt internasjonalt ry for høgt språkleg og språkpolitisk medvett. No er det svenskane og danskane som i offisiell samanheng går sterkest inn for aktiv språkrøkt, ikkje minst på grunn av den internasjonale situasjonen. Kva er det som har skjedd når språkpolitisk nyorientering her til lands synest representerer reversering på så mange område? I mine verste stunder fryktar eg for min del at meir enn eitt barn risikerer å bli kasta ut med badevatnet.

Litteratur

- Clyne, Michael 1987: "Cultural Differences in the Organization of Academic Texts. English and German.", *Journal of Pragmatics* 11: 211-247.
- Connor, Ulla 1996: *Contrastive Rhetoric. Cross-Cultural Aspects of Second-Language Writing*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Gunnarsson, Britt-Louise 2001: "Swedish, English, French or German – The Language Situation at Swedish Universities", Ulrich Ammon (ed.): *The Dominance of English as a Language of Science. Effects on Other Languages and Language Communities*, Berlin – New York: Mouton de Gruyter, 281-316.
- Mauranen, A. 1993: *Cultural Differences in Academic Rhetoric. A Textlinguistic Study*. Frankfurt a. M. etc.:Lang.

Slik vi ser det” – forsking og høgare utdanning

Gunnar Skirbekk, Universitetet i Bergen

Vi er bedne om å legge fram synspunkt på eit omorganisert språkråd, på kjappe 10 minutt, ”slik vi ser det”. Og det må for den enkelte bli: ”slik eg ser det” – i mitt tilfelle, ut frå ein arbeidsplass i universitetssektoren, utan å gjere krav på å vere representativ:

Netttopp fordi ein ikkje kan gjere krav på å vere representativ, kan det vere nyttig for tilhøyrarane å vite kor ein står i systemet: I yrkessamanheng er eg professor i filosofi, nærmare bestemt vitskapsfilosofi, med ei halv stilling ved Filosofisk institutt og ei halv ved Senter for vitskapsteori, begge ved Universitetet i Bergen. Gjennom instituttet har eg m.a. undervist og retta til examen philosophicum sidan 1962, noko som har gitt meg nærbond til med norskkompetansen og utviklinga av den hos det breie lag av unge studentar. Gjennom senteret har eg m.a. arbeidd med opplæringsdelen i vitskapsteori for doktorandar ved ulike institutt og fakultet, særleg som rettleiar under essayskrivinga, fortrinnsvis saman med kollegaer frå andre fag, noko som etter kvart har gitt meg eit visst innsyn i korleis det står til i ulike fag og fagmiljø. Dei siste to åra har dei åtte høgskulane i vestlandsregionen, frå Agder til Molde, gått saman med Universitetet i Bergen i eit tiltak for å styrke forskarutdanninga – **Vestnorsk nettverk – forskarutdanninga** – og som styreleiar for dette arbeidet har eg fått tilsvarande innsyn for høgskulesektoren; relevant i den samanhengen kan det også vere at eg har ei II-stilling ved ein av høgskulane.

Når det så gjeld ”blikket utanfrå”, kan det nemnast at eg har erfaring frå undervisningsstillingar i universitetssektoren i USA, Frankrike og Tyskland. Endeleg, når det gjeld forsking og språk, kan eg berre konstatere at engelsk langt på veg er blitt bruksspråket i mine fagfelt. Men på dei felt der eg jobbar, står også tysken sterkt som ”lesespråk”, dersom ein vil vere oppdatert om pågående forsking. I mindre grad gjeld det same for fransken. Norsk blir i forskingssamanheng eit internt språk for den skandinaviske familien.

Med dette som bakteppe skal eg konsentrere meg om eit fåtal poeng, som eg av tidsgrunnar må uttrykke kort og spissformulert:

- (1) Først eit allment synspunkt, som ikkje berre har adresse til Språkrådet: Skal norsk språk duge i forsking, må det brukast og dyrkast. Og di nærare vi kjem dei humanistiske disiplinane, di viktigare er det at ein forskar ikkje berre meistrar grammatikk og rettskriving, men også nyanserikdommen i ulike sjangrar og ved varierande stil. Og i den monn forskinga ikkje berre rettar seg inn mot kollegaer eller mot ekspertar i styringsverket, men mot den opplyste og interesserte offentlege meiningsdanning – slik det i alle fall burde vere for store delar av samfunnsforskinga – er det avgjerande at språket blir dyrka på ein medviten og kompetent måte, der ein samtidig tar bryet med å tydeleggjere føresetnader for eiga forsking som lett blir oversett av andre, men som likevel kan vere avgjerande for tolkinga av resultatet.
- (2) Offentlege råd og utval med eit diskursivt (eller drøftande) mandat bør ikkje vere for store. Eksempel: Ytringsfridomskommisjonen hadde 18 medlemmer. Dersom kvart medlem i ei sak hadde eit førsteinnlegg på 7 minutt, og deretter replikk og kommentar på 2, vil det, med margin, bety at runden tok 3 timer (10 minutt multiplisert med 18). Og dersom fleire av medlemmene sit musestille og ikkje tar ordet, er det i utgangspunktet liten grunn til at dei skal vere der – gitt at det er tale om ei fagleg og

diskursiv forsamling, og ikkje ei representativ forsamling med fokus på politisk votering. (Verdikommisjonen var endå større og truleg endå verre som diskursivt organ.)

- (3) Eit omorganisert språkråd bør vere eit fagleg og diskursivt organ, og det bør derfor ikkje vere for stort. Det avgjerande blir då å finne gode fagfolk. Fordi språket er eit komplekst fenomen, er det ikkje berre tale om språkvitskapleg ekspertise, anten det gjeld lingvistiske reglar eller registrering av endringar i tale- og skriftspråk. Språket er også eit sosialt fenomen, filtra inn i maktforhold i samfunnet. Derfor er solid sosiologisk innsikt nødvendig slik at maktrelasjonar kan synleggjera. Og fordi det dermed er tale om eit tverrfagleg prosjekt, vil det vere nødvendig med vitskapsteoretisk innsikt, for å hjelpe til i refleksjonen på tvers av faggrenser og for å synleggjere innebygde føresetnader i ulike faglege prosjekt. Dette gjeld også falske føresetnader av det slaget som tillet implisitte slutningar frå **er til må**, frå det **spesielle** til det **allmenne**, eller frå **er til bør**: "Det er observert at så og så har skjedd der og då, altså måtte dette skje – altså må dette alltid skje – altså bør dette skje." Triviale feilslutningar, men med avpolitisering som umiddelbart er språkpolitisk relevant.
- (4) Eit omorganisert språkråd bør altså ikkje vere for stort, og det bør omfatte eit ekspertisespekter som ikkje berre er språkvitskapleg, men også sosiologisk og vitskapsteoretisk. Men nettopp fordi språket er eit stridig fenomen, bør også dei stridande partar komme til orde i rådet, dei organiserte stridande partar. Men så ikkje fleire, for då blir rådet større enn det som godt er.
- (5) Eit omorganisert språkråd bør såleis ikkje vere for stort, men omfatte eit høveleg spekter av faginnsikt, forutan dei språkpolitiske organisasjonane. Men når politikken skal inn, er det viktig å halde fast på at moderne politikk har to sider: den opplyste meiningsutveksling og dei representative vedtak. Begge trengst. Og dei trengst i eit indre samspel. Tidlegare var det kanskje ein tendens til å legge størst vekt på vedtakssida, idet ein negligerde den opplyste meiningsdanninga i det offentlege rom. Men det er også ein fare ved å gå for langt den andre veggen, idet ein vektlegg den offentlege sfære, men på kostnad av dei tradisjonelle politiske prosessane. Ved omorganiseringa av Språkrådet bør ein derfor ta seg i vare så ein ikkje endar opp med den moteriktige nyliberalistiske abdikasjonen overfor politiske vedtak og politisk styring. Modernitetens dilemma er jo nettopp spørsmålet om balansen mellom dei grunnleggande institusjonane i samfunnet – slik som stat, marknad og kultur – der den praktiske utfordringa går ut på å unngå unødig og skadeleg ubalanse.
- (6) Så har vi konklusjonen, frå min ståstad: ikkje for stort, men med ekspertise også frå sosiologi og vitskapsteori, og med representantar for språkorganisasjonane – og i tillegg, eit mandat som ikkje berre forpliktar overfor den offentlege meiningsdanning, men som også omfattar eit gjensidig forpliktande forhold til det politiske system ved departement og storting.
- (7) Endå ei sak: påverknaden frå engelsk, i forsking og undervisning, og i samfunnet elles. Om dette er det mangt å seie, og somt av det som skjer er heller ei velsigning enn ein uting – det at alle forstår engelsk, gjer sjølvsgått internasjonalt forskarsamarbeid lettare. Men like fullt er det eit problem for eit lite språksamfunn at påverknaden frå eitt språk og eitt språksamfunn, det engelskspråklege, er så vidt sterkt og så vidt einsidig. Dette er også eit problem for forsking i fleire humanvitskaplege og samfunnsvitskaplege fag, for eit språk er også berar av kulturelle meiningskodar. La oss seie det slik: Verda ser litt annleis ut på tysk frå Berlin, eller på fransk frå Paris, enn på engelsk frå dei same stadene, for ikkje å snakke om det å sjå verda på engelsk frå San Diego eller Houston. I kultur- og samfunnsfag er desse skilnadene ikkje

uvesentlege. Heller ikkje er dei uvesentlege for det norske samfunnet, og for det pust- og handlingsrom som vi skaffar oss, overfor påverknadene utanfrå. Splitt og hersk, sa dei gamle strategane. Bør så her – men korleis? Kjapt vil eg seie det slik: Vi er gode i engelsk. Men vi trur ofte at vi er betre enn vi er, for engelsk er eit språk det er lett å komme inni, men vanskeleg å bli perfekt i. Tidlegare, inntil for kort tid sidan, var tysk det første framandspråket her til lands. Men nordmenn har i dag fått det for seg at tysk er svært vanskeleg. Men den som har opplevd kollegaer frå Søraust-Asia eller USA forsøke å tale tysk, vil fort ha merka av vi her til lands har store konkurransefortrinn i så måte – det gjeld først og fremst uttalen og ordtilfanget, og om grammatikken er krevjande i første omgang, er han likevel lettare for oss enn for mange andre. I høgare undervisning og forsking, og i samfunnet meir allment, kan det derfor vere interessant å vurdere om ikkje ei sterkare satsing på tyskfaget ville vere ein god ide – ikkje for tyskarane sin del, men for oss, for å gi oss meir armlag og større fridom i forhold til påverknadene utanfrå, og for å unngå ein viss type innsnevring i danningsgrunnlaget i kulturvitskapleg og samfunnsvitskapleg forsking. Ulike tiltak kunne komme på tale. Til dei meir handfaste høyrer vedtak om å styrke tysken som studieførebuande språk, t.d. for dei som skal studere kultur- og samfunnsfag innanfor universitets- og høgskulesektoren. Men andre tiltak kan sjølv sagt komme på tale, og dét er no poenget: Eit omorganisert språkråd, med adekvat ekspertise og med eit nært forhold til det politiske system, bør også kunne ta opp spørsmålet om vår språklege utanrikspolitikk.

Fagterminologiske miljøer

Nina Zandjani, Standard Norge

Innledning

Først vil jeg få takke for at jeg har fått anledning til å holde et innlegg på Norsk språkråds dagsseminar i denne avgjørende fasen. Det er viktig at man får opp en debatt om språksituasjonen i Norge, ser på utfordringer og problemer fremover, og ikke minst på hvilken rolle et nytt språkorgan skal ha. Jeg kommer fra standardiseringsorganisasjonen Standard Norge og representerer de fagterminologiske miljøene på dette seminaret.

Standardisering

Standard Norge er en medlemsorganisasjon med ca. 70 ansatte. Medlemskapet er åpent for alle bedrifter, organisasjoner (juridiske personer) og myndigheter.

Standard Norge arbeider med standardisering på mange områder i samfunnet som bygg og anlegg, petroleum, mekanisk industri, kvalitet, miljø, sikkerhet, helse, energi og informasjonsteknologi. Organisasjonen utarbeider Norsk Standard, deltar i arbeidet med å utvikle europeiske og internasjonale standarder, og har ansvaret for å implementere disse i Norge. Standard Norge er en non-profit organisasjon som yter bistand til alle interesser i den hensikt å utvikle standarder markedet og brukerne har behov for. Standardene utvikles i samarbeid med brukerne, det være seg bedrifter, organisasjoner, norske myndigheter, bransjeorganisasjoner, forbrukerrepresentanter og andre interesseparter som bidrar med ekspertise og finansiering.

Standard Norge startet virksomheten i november 2003 og ble dannet som et resultat av at Norsk Allmennstandardisering (NAS), Norges Byggstandardiseringsråd (NBR), Norges Standardiseringsforbund (NSF) og Norsk Teknologisenter (NTS) ble slått sammen. Den eldste av disse ble etablert i 1923, så selv om Standard Norge er en ung organisasjon, bygger den på mangeårig tradisjon og kompetanse. Dette gir en solid plattform som vil bli videreført i framtiden.

Kort oppsummert har Standard Norge som oppgave å:

- være sekretariat for standardiseringskomiteer
- tilrettelegge og koordinere fagstandardisering
- være pådriver for aktivt engasjement og motivering
- fremme norske holdninger internasjonalt
- utvikle nasjonale standarder
- tilpasse internasjonale standarder til norske forhold
- bekjentgjøre planlagt arbeid og nye standarder
- spre kunnskap og informasjon om standarder og standardisering og bistå med implementering
- ivareta Norges interesser i CEN og ISO
- fastsette og publisere Norsk Standard og andre normgivende publikasjoner.

Det blir stadig flere standarder, også på nye områder. De fleste i samfunnet, ikke bare teknikere og myndigheter, men også forbrukere, arbeidstakere og politikere, vil møte standarder som spesifikasjoner og en del av det regelverket som er nødvendig i et moderne og internasjonalt samfunn.

Standardisering merker man først når den ikke er der.

Standardisering omfatter alltid også terminologiarbeid, og ny terminologi blir i stor utstrekning publisert i standarder.

Oversettelse og terminologiarbeid

En del europeiske og internasjonale standarder oversettes til norsk, men ikke på langt nær mange nok. Dette skyldes manglende ressurser. Arbeidet utføres av egne, profesjonelle oversettere og tidvis også av eksterne krefter. Parallelt med oversettelsesarbeidet blir det samlet inn, systematisert og utarbeidet ny terminologi i et samarbeid mellom oversettere, saksbehandlere og eksperter innenfor de respektive miljøene i Norge.

Før norskspråklige standarder publiseres, går de gjennom en kvalitetssikring. Vi foretar språkvask og sjekker at følgende krav er oppfylt:

- at standarden er standardiseringsteknisk korrekt
- at den er hensiktsmessig utformet
- at den ikke strider mot andre standarder
- at oversettelser til norsk er korrekt og fullstendig
- at språket er enkelt og kortfattet uten unødig bruk av fremmedord
- at terminologien er klar, korrekt og konsekvent.

Kontakten med Norsk språkråd

Vår kontakt med Språkrådet hittil har i stor grad gått ut på at oversettere og språkvaskere, men også ingeniører og realister som er forfattere av standarder, har henvendt seg for å få råd og veiledning. Dag Gundersen fra Norsk språkråd har hjulpet oss med utformingen av våre språklige retningslinjer.

Oversetterne våre uttrykker seg slik: Vi har hatt stor nytte av konkrete råd fra Språkrådet både når det gjelder utforming av fagterminologi og generelt språklige råd og vink. Vi ønsker videreføring og styrking av en slik tjeneste, noe à la Ordsmia.

Hvilke utfordringer og problemer står norsk språk overfor slik vi erfarer det på vårt virksomhetsområde?

Primært farene for domenetap. Når standardene ikke oversettes til norsk, utvikles det heller ikke relevant norsk fagterminologi. Vi står i fare for at det på enkelte områder bare vil finnes engelske betegnelser. Denne problematikken ble tatt opp i Stortingets spørretime 9. januar 2002, la meg sitere stortingsrepresentant Ranveig Frøiland:

”EØS-avtalen innbærer at EU-regelverket for det indre marked også gjelder i Norge. Innenfor de områdene som omfattes av EØS-avtalen, ivaretas kravene i EØS-direktiver ved å innarbeide tilsvarende krav i norske lover og forskrifter. Slike lover og forskrifter utgis alltid på norsk.

Norske lover og forskrifter som tar hensyn til EØS-direktiver, angir overordnede funksjonelle krav. Disse funksjonelle kravene forutsettes utfyldt gjennom å vise til Norsk Standard som er utarbeidet i de europeiske standardiseringsorganisasjonene. Slik henvisning blir gjort i Norsk Lysningsblad. Per dato er om lag 14 000 norske standarder og normer gyldige i Norge, og av disse er 5 600 standarder som gir bestemmelser som er nødvendig for at direktivenes grunnleggende krav til helse, sikkerhet og miljø skal være oppfylt.

Dessverre er det slik at de fleste av disse standardene forligger i engelskspråklige versjoner. De norske standardiseringsorganisasjonene har ikke midler til å oversette mer enn noen få av de over 1000 nye europeiske standardene som årlig blir innført i Norge. Av totalt ca. 14 000 gyldige standarder og normer foreligger per dato ca. 2 600 på norsk, hvorav ca. 750 er oversatte europeiske standarder.

Det kan opplyses at i EU mottar de nasjonale standardiseringsorganisasjonene i land som bruker andre språk enn engelsk, tysk eller fransk, en støtte fra Kommisjonen per side til oversettelse. Det finnes ikke en tilsvarende ordning i Norge.

Dette betyr at norske bedrifter og borgere svært ofte må beherske engelsk for å kunne tilpasse seg krav gitt i norske lover og forskrifter. Siden disse forskriftene skal ivareta essensielle helse-, sikkerhets- og miljøkrav sier det seg selv at manglende kunnskaper i engelsk kan få alvorlige følger.

I tillegg er det viktig for vårt språk at vi kan utvikle norske termer og uttrykk i takt med den teknologiske utviklingen. I motsatt fall risikerer vi at engelske ord blir tatt i bruk på områder hvor norsk hittil har vært enerådende.”

La meg i tillegg gjøre oppmerksom på følgende: De engelskspråklige standardene er i stor grad utarbeidet av fagfolk som ikke har engelsk som morsmål, på et såkalt ”Euro-English”. Derfor er det ekstra viktig at vi har god forankring i fagspråk på vårt eget morsmål for å kunne møte den utfordringen.

Standardiseringen arrangerte høsten 2002 i samarbeid med Norsk språkråd en konferanse for å sette fokus på behovet for å oversette flere standarder og dermed også utarbeidelsen av norsk fagterminologi, og hadde senere et møte med departementene uten at det så langt har gitt synlige resultater i form av økte ressurser.

Hvilke oppgaver bør et nytt språkorgan ha – i et nasjonalt perspektiv og spesielt i tilknytning til vårt virksomhetsområde?

La meg si det så enkelt: Vi som er tilknyttet standardiseringen i Norge, ønsker at Språkrådet skal være et diskusjonsforum for fagspråk, en naturlig møteplass for fagspråksarbeidere. Vi ser det som hensiktsmessig at fagterminologi utarbeides bl.a. i organisasjoner som befatter seg med oversettelse og terminologiarbeid, men at Språkrådet har en bevisst holdning til fagterminologi, fastlegger retningslinjer og bidrar med konkrete råd om utforming av terminologien.

Trengs det nye veier i norsk språkpolitikk?

Vi ønsker mindre konsentrasjon om bokmål-nynorsk-spørsmål og at det legges mer vekt på rådgivning og anbefalte valg innenfor den enkelte målform.

Vi bør ha mindre valgfrihet i rettskrivningen (ligning – likning, kobling – kopling)

Vi ønsker oss klare regler for hvordan engelske og andre utenlandske lånord skal skrives (tape – teip, container – konteiner)

I strategidokumentet for det nye språkrådet står det bl.a. ”... skal aktivt fremja bruk av norsk språk som ein funksjonell reiskap i alle delar av samfunnet ...” Videre står det i høringsdokumentet at det nye språkrådet skal utarbeide en strategi for norsk språk.

Vi mener at i en slik strategi må teknisk språk innenfor alle fagområder være en viktig del. Hovedårsaken til dette er at det er innenfor disse områdene, f.eks. IT, olje og petrokjemi, at

trusselen mot norsk er størst. Denne strategien må da bl.a. handle om utvikling og bruk av teknisk norsk. Og i dette ligger naturligvis både utvikling av norsk fagterminologi og oversettelse av standarder.

Næringslivet, arbeidslivet

Arne Thorvik, Statoil

Lat meg få opna med ein kort refleksjon som korkje er original eller ny, men som gir både aktualitet og relevans til dagens seminartema: Språket speglar samfunnet.

I vår vesle norske andedam har vi i vår ennå mindre mediedam fått rikelege eksempel på at språkbruk ikkje berre er eit spørsmål om form, men at det i høgste grad er eit formspørsmål som i seg sjølv formidlar eit innhald.

- Vår alles prinsesse Ragnhild har pr. langdistanse plumpa kraftig uti denne andedammen vår i sine karakteristikkar av sine yngre slektningar. Prinsessa som forlet landet tidleg på femtitalet, sa at dei unge prinsar og prinsesser hadde så ”rare meninger – nei forresten stryk det og sett moderne.”
- Den gamle storhopparen, Torbjørn Yggeseth, som vart jetflygar, synest det er ”noe tull at pikebarna skal bedrive skiflyvning.”
- Ikkje skal eg våga å trekkja konklusjonen om Språkrådet står for det språkleg moderne eller det substansielt arkaiske med sine utspele om ”råkk’n råll” og ”beiken” – som i Hardanger nok burde lyda som ”baiken”.

Alle mine tre tabloide døme fortel vel først og fremst litt om kva slags debattar som opptek den overmette norske medieklassen, men dei er likevel svært gode døme på korleis språkspørsmål speglar ein debatt om modernitet kontra tradisjon eller arkaisk tankegods.

Så gjeld det å finna den glidande overgangen til det eg eigentleg skulle formidla:

Utfordringane for norsk språk i norsk næringsliv. På skarve ti minuttar vert det kort nok til at eg diverre berre kan sveipa innom dei spørsmål som for meg står som viktigast, og kort nok til at eg heldigvis slepp å grunngjeva mine synspunkt for djuptgåande. Kanskje best slik.

Mine tabloide påstandar, som eg kort skal gjennomgå, er følgjande:

- At alt heng saman med alt
- At kampen om egg og bacon er tapt i vår cappuccino-tid
- At det er innhaldet og ikkje språket som tel
- Og at nynorskfolk, samar, pakistanarar og kvinner lyt vera litt flinkare enn andre

Det første først: Alt heng saman med alt.

Den største utfordringa for det norske språk er at kampen om det nasjonale truleg for lengst er tapt i vår verdsdel. Trass i at nasjonalistiske krampetreningar baserte på språk, etnisitet eller religion stadig drep menneskemassar frå Balkan til Sudan, frå Gaza til Mellom-Amerika og frå Irak til Indonesia, så er det det globale som ruler, for å seia det på moderne gatenorsk.

Globaliserings- eller regionaliseringstendensane er langt frå eintydige, men desse kreftene er langt kraftigare enn det Ariel Sharon, ein Al Quaida-terrorist eller ein baskisk nasjonalist kan klara demma opp for med piggtråd, kuler eller bomber. For kvar gong eg landar i Shanghai, spaserer i Ginza i Tokyo, for kvar gong eg går inn i metro-en i Brussel eller sveivar innom Statoil-stasjonen i Øystese, så vert det sterkare og sterkare: Alle freistar fjortisane å sjå ut som dei underprivilegerte getto-ungdommane i Washington – å adoptera ganglaget, helsemåtane (”What’s up, man?”), gjengmentaliteten og ikkje minst klesstilen deira – diverre også stoffmisbruket og andre farlegare utvekstar. Og klesdesignarane tek trenden, og kommersialiserer han.

Men til sjuande og sist er det ei samfunnsendring som eg trur vi er i ferd med å tapa – om det nokon gong var ønskjeleg å vinna: Det nasjonale og lokale vil alltid ha sin plass – også i språket. Men det første store slaget er over: Hans Blix tapte for Bush og Blair, dei små bedriftene tapar for dei store, det norske blir for smått, dei politisk dirigerte medie-propagandamaskinane har tapt for sin like einsretta, men ikkje politisk dirigerte CNN på kvart einaste hotellrom verda over. Og engelsken vinn sakte, men sikert over dei fleste andre store verdsspråk. Nå er det utan tvil ein viss grunn til optimisme hjå dei som trur på det lokale og nasjonale: Bush vann krigen, men tapar freden. CNN er klart dårlegare enn BBC. Bruken av bunad eller nasjonalt kledebon er på kraftig framvokster blant Statoil-tilsette i Nigeria, som kastar slipset og Armani-drakta. Og så vidare. Men tendensen er klar: Det er dei store politiske og kulturelle tendensane som dirigerer språket vårt – ikkje Norsk språkråd. Presteskapet i Iran kan nok utsetja moderniseringa ei tid, men opnar dei ikkje døra, får dei revolusjon i staden.

Difor må Språkrådet få lov til å setja sitt arbeid inn i den vidare politiske og kulturelle ramma, og reflektera, og ha eit syn på denne kampen: Vi må altså unngå å hamna i ein språkleg naivisme og purisme av det islandske slaget, og vi må unngå å bli språkterroristar. Samstundes skal vi sjølvsgått ikkje leggja oss flate for einkvart kommersielt bestemt påbod frå trendforskarane bak Nike, Cola og MTV om å visa navlen eller å gå på luftputer. Det viser seg å vera plass både for puppen til Janet Jackson, for hardingfela og for hobbitten Kurt: Språkrådets aksiom bør derfor vera Garborgs: "Det må vera lov å vera både jærbu, nordmann og europear – alt på same tid."

Det bringar meg direkte over til mitt andre punkt: Om minoritarar, som vel eigentleg det heile dreiar seg om. Det har hendt ein sjeldan gong opp gjennom åra at eg har vore beden om å gjera det eg gjer i dag: Nemleg å gi uttrykk for mitt syn på språket, ut frå det at eg har blitt sett på som noko av ein sjeldan plante, ein kuriositet: Ungdomsradikal, nynorskbrukande næringslivsleiar som er for EU-medlemskap, bygdepatriot og internasjonalist. Ein mann som våga å gjera Garborg til sin helt, og sitera Vinje som ein kvar annan skulegådd nordmann . Eg er trass alt eit produkt av diktarkveldane på Øystese gymnas på sekstilalet. Aldri har eg vel provosert mine nynorskvenner meir enn da eg rundt 1990 heldt eit føredrag i Rogaland Mållag og på plastplansje sa at "Nynorskfolk, kvinner og samar må vera eit hakk betre." For meg betyr det to ting: For det første må vi berre akseptera at nynorsk er eit minoritetsspråk, slik også norsk er det. Så får vi leggja strategiar etter det. Og hugs at å vera ein minoritet er ikkje det same som å vera funksjonshemma. Vi treng ikkje eigen inngang eller reserverte parkeringsplassar. Det vi har krav på, er å bli tekne på alvor.

For det tredje: All mi røynsle frå diplomati og næringsliv er at er du mindre enn konkurrentane dine, lyt du konkurrera på kvalitet.

Eg meiner at historia omkring "Affirmative Action" for dei svarte i USA, for kvinnekvotering og etablering av Sameting og Sameland, eigentleg er små og ubetydelege slag i lufta: Dei minste må framleis vera smartare, tøffare og raskare om dei skal lukkast. Den norske giganten Statoil er større enn ein pygmé, men berre ein oppkomling internasjonalt. Kvinner knuser ikkje glastaket ved hjelp av Ansgar Gabrielsens kvotering, Sametinget kan ikkje gi samane tilbake sin gamle livsstil, og så vidare og så vidare. Logikken min sviktar i mitt eige hovud på eitt punkt: Eg burde da ha akseptert fjerning av sidemålet i Oslo-skulen. Men der er eg vel ikkje romsleg og liberal nok. Ein stad må jo grensa gå. Men eg held fast ved at mine vel tretti år i arbeidslivet – delt halvt om halvt på Noreg og utlandet, på offentleg sektor og det private – har lært meg at vi – i denne samanhengen vi som er mindre eller mindre spenstige og difor

stiller med handikap – ikkje vinn med å få større fart i ovarennet, bli føretrekte blant to like sokjarar, å få starta nokre sekundar tidlegare, eller få førsteretten til oljeressursane på sokkelen. Vi må kort og godt vera eit hakk flinkare, kjappare og smartare. Og eg seier utan blygsel at da eg starta opp i UD i 1973, og insisterte på å skriva alt norsk på nynorsk, så vart det forsiktig sagt ikkje direkte populært. Så eg måtte kort og godt skriva betre enn dei andre. Men i alle jobbar der eg har hatt norsk som arbeidspråk, har det vore nynorsk – og etter tretti år kan eg rapportera at eg aldri kjenner meg diskriminert av den grunn. Nesten tvert imot – mine skriverier og Powerpoint-plansjar vert i det minste lagt merke til fordi dei er annleis. Det er i allefall ein liten oppmuntrande ting for dei som yngre er.

Men min hovudbodskap er likevel av den pessimistiske sorten: Vi er i ferd med å tapa, utan at eg heilt fattar kvifor det skjer. Og da kan eg ikkje gjera stort meir enn å peika på det eg ser som hovudutfordringane:

1 Nynorsken har nesten tapt

Eg har mange års fartstid i forlagsbransjen, som nå avgått styreformann i Det Norske Samlaget. Det har vore ein tøff kamp år for år å halda liv i dette – fordi det er dyrt å vera fattig – vi hadde ingen pengebinge å bruka til å kjøpa opp dei andre burde ha kjøpt, og vi vart pygmear i kampen med William Nygård, Erik Must, Bonner og Egmont. Vi hadde altfor få bestseljarar, dvs. vi hadde ikkje mange nok av dei beste forfattarane. Og nynorskfolk var ikkje lojale – t.d. er det mange av dei verkeleg gode nynorskforfattarane som skriv på andre forlag, fordi dei brukar fleire reklamekroner, gir høgare forskot, hadde i alle fall før ein politisk bodskap som danka ut nynorsken (Oktober) – og dei har gjævare hagefestar. Nostalgi og skuldkjensle er ikkje nok til å tvinga folk til oss. Og tre av fire i leiargruppa, samt styreleiaaren i Samlaget – alle dei glitrande beste – er frå naturen si side bokmålsfolk. Det er jo nok til å få mange av våre motstandarar til å gni seg i skjegg eller hender.

Som fast lesar av lokalavisa heime – hovudorganet for både kulturministeren og meg – legg eg merke til at i denne nynorskens sterke bastion, med glitrande journalistikk, tapar språket vårt dag for dag: Fordi butikkane blir kjedeutsalg, og skal vera effektive og spara pengar, kjem alle annonsane i ferdig format frå konsernet, og alt frå pinnekjøt til fôrhaustarar vert averterte på bokmål. Igjen: Det er økonomiske og politiske utviklingstrekk, ikkje språkpolitikken som er avgjerande.

Eg kan ikkje dy meg for å nemna at desse medie-maktmenneska som så forakteleg – og med god grunn – tek Carl I. Hagen fatt for at han ikkje vil bli sitert på nynorsk, dei burde passa seg: Dei aller dyktigaste politiske kommentatorane våre – Harald Stanghelle og Olav Versto – og minsanten nå også Anderas Hompland – får tydelegvis ikkje lov til å skriva og uttrykkja seg på sitt eige mål! Det er berre kvar gong deira journalistvenner kallar dei inn i eit radio eller TV-studio dei får brukar sitt språk i fri dressur. Ein forakteleg politikk, spør du meg.

2 Engelsken har vunne.

Eg seier det utan blygsel og redsle: I så godt som alt mitt skriftlege arbeid har eg innført engelsk som arbeidspråk. På Statoils Brussel-kontor er vi tre personar, alle norske, alle med ein god penn meiner eg – men vi produserer alt skriftleg på engelsk. Kanskje er det litt ille for mange å høyra, og det er ikkje noko sentralt pålegg – ennå. Men det kjem nok. Med aktivitet og medarbeidarar i 25 land er vi interesserte i å produsera slikt som alle i Statoil kan få med seg. Vi har ikkje tid eller ressursar i selskapet til å vera tospråklege i alt vi gjer. Difor arbeider vi skriftleg på engelsk. Det er for tida det einaste svaret eg har på den utfordringa at vi pr. i dag stiller mange menneske i selskapet utanfor dersom vi insisterer på å brukar norsk. Lat meg

for all del leggja til at mangt og mykje i Statoil vert produsert på alt frå spansk til azeri og etter kvart arabisk og farsi, men vi må ha ein fellesnemnar. Samstundes er det eit stort tankekors for meg at gjennom i alt sju år i Sveits har eg sett i praksis at dette samfunnet lever rimeleg godt – men strevar sjølvsagt ein del – med å få tysk, fransk og italiensk – og ørlite retoromansk – til å leva side om side. Migros og Coop, bilseljarane og det offentlege lyt produsera tekst på mjølkekartongane, bilannonser og giroblankettar på tre språk. Det er forunderleg, og det er hyggeleg at det går – på eit vis og enn så lenge. Men det er mykje sinne og mumling i den fransktalande delen over å måtta lære tysk som andrespråk. Difor taper tysken mot engelsken der og. Eit noko mindre tankekors er det at EU-15 har klart å bevare alle medlemslands språk i tolking og i dokumentasjon – og tek mål av seg til å gjera det same også med 25 medlemmer. Men det er ingen tvil om at også der føregår den same naudsynte effektiviseringa: Engelsk, og i nokon grad fransk vert arbeidsspråket.

Til slutt må eg altså få oppsummera med det innlysande og sjølvsagte: Alt heng saman med alt. Språket påverkar samfunnsutviklinga, men nettopp nå er det i alle fall langt viktigare at samfunnsutviklinga pregar språket. Og som den internasjonalist og garborgianar eg er, så trur eg at vi må tilpassa oss globalisering i næringsliv, økonomi og politikk, kjempa for det vi har kjært, slåst for pluralisme og mot amerikanisme, og for det som gir oss eit konkurransefortrinn også på dette feltet. Og da er det kanskje ikkje beiken eller baiken som er det viktigaste. Eller var det berre tabloiden som gjorde det til det?

Takk for meg!

Næringslivet, arbeidslivet

Turid Lilleheie, Norsk Tjenestemannslag

Kommer fra fagbevegelsen – fra LO i statlig sektor.

Vi har tre hovedutfordringer:

- Å bevare mangfoldet i det norske språket
- Å uttrykke oss (byråkrater) på en forståelig og inkluderende måte
- Å opprettholde staten som språklig forbilde

Så må jeg si noe om nynorsk – og de utfordringer som jeg ser som ønsker å bevare mangfoldet i språket – å bevare nynorsken ser jeg på som å bevare mangfoldet.

I globaliseringens og teknologiens tidsalder – eter det engelske språket seg mer og mer inn på alle områder. Derfor er det viktig at vi har en nasjonal bevissthet på å beholde mangfoldet i vårt eget språk og som vi kan enes om, uavhengig av uenigheter rundt bokmål/nynorsk.

”Brenn våre bøker. Kast våre vikingeskip.

Knus vår kunst. Forkast grunnlova. Kutt ut 17. mai.

Spreng Nidarosdomen og stavkyrkjer. Sprei gift over norsk flora.

Slakt våre villdyr. Skyt våre idrettsfolk.

Nei vel!! Men språket, vår kulturarv framfor noko, det tynar me bit for bit med jálete og fantasilause innlån frå engelsk.

Har DU guts til det?”

Det var Ivar Eskeland

Jeg kommer jo fra statlig sektor og har tidligere blant annet jobbet i Trygdeetaten. Vi byråkrater har ei stor utfordring i å skrive sånn at folk forstår oss. Det gjelder både byråkratene som skriver grunnlaget til politiske beslutninger og slike som meg når jeg jobba på trygdekontoret og skulle gjøre et vanskelig byråkratisk språk forståelig for vanlige folk. Å bli forstått er situasjonsavhengig – å prøve å bruke min nynorske dialekt og forvente at gamle og syke folk skjønte min dialekt i nedre Buskerud – det er feil. Sender har et hovedansvar for kommunikasjon – i hvert fall en som representerer det offentlige – folk skal forstå både skriftlig og muntlig framstilling.

Staten har vært brukt som redskap for å sikre et språklig mangfold, folk som henvender seg til det offentlige, skal få svar på sin egen målform. Dette har gitt flere bokmålsbrukere anledning til å bli skolert i nynorsk. Jeg vil våge den påstanden at det har gitt språklig påfyll som er verdifull for å få et rikere språk, også i bokmålsbruk. Det er det viktig å ta vare på dette, og dette er bestemmelser som vi som fagforening mener er berikende for den enkelte arbeidstaker og for samfunnet som helhet. Men det er en viktig forutsetning at de ansatte får tilbud om gode kurs, opplæring for at språklig mangfold ikke skal bli en hemsko i den daglige jobsituasjonen.

Eks. standardbrev/maler og brev til brukere av offentlige tjenester må være gode – på begge målformer – nynorske standardbrev med setningsoppbygging tilpasset bokmål er – synes jeg – aldeles grusomt.

Jeg tillater meg også å komme med et par politiske varsko som jeg fra mitt ståsted ser – og som mange kanskje ikke tenker over ...

Staten som språklig forbilde blir redusert når staten blir redusert. Jeg vil våge den påstanden at utskillingen fra statlig sektor med omfattende AS-ifisering er med på å redusere det språklige mangfoldet vårt. Virksomhetene bruker mer forretningspråk, ønsker og må orientere seg i markedet og mer internasjonalt. Jeg er også usikker på om språkloven fortsatt blir gjeldende når statsinstitusjoner blir utskilt – fristilt og AS-ifisert.

Fram til nå har Statskonsult hatt ansvaret for språkopplæring i staten, – hva nå når det er lønnsomheten som skal rendyrkes i det statlige AS-et? Det er ikke sikkert at slike opplæringstiltak skaper verken balanse eller overskudd i et AS-ifisert Statskonsult – hvis ikke blir disse oppgaver nedprioritert – når hovedoppgaven til det nye Statskonsult blir å tjene penger. Dette kan bli farvel til statens kurstilbud, som er viktige for å opprettholde mangfoldet og språkbevisstheten blant ansatte i offentlig sektor.

Utfordringer for et omdannet norsk språkråd er å være språklige forbilder – og dere må være vaktbikkjer. Det tror jeg er den viktigste rollen et slikt organ vil ha. Den blir enda viktigere i framtiden.

Jeg mener også det er viktig å ha noen som finner gode norske erstatterord for engelske uttrykk som kommer glidende inn – jamfør de siste dagers mediedebatt. Med mer og mer internasjonal påvirkning blir det stadig viktigere at noen øker bevisstheten – og kunnskapen om det norske språket.

Om det trengs det nye veier i norsk språkpolitikk? Det er ikke jeg den rette til å svare på. Føler ikke behov for noen revolusjon, men jeg ønsker en økt bevissthet hos de som ønsker et mangfold i norsk språk. Det er mange ting som påvirker språket vårt.

Et av de viktigste områder er undervisning, fra grunnskole til universitet. Unger leker seg med språk, det må utdanningssektoren, i hele utdanningsløpet kanskje fortsette med. Vi har en rik flora av diktning, drama og lyrikk som vi kan øse av – den mest aktuelle for tiden er Jon Fosse, jeg vil påstå at en del av hans popularitet i dette landet er at han kan boltre seg i et rikt nynorsk språk. Nå skal det også lages operette av Rune Belsvik sine barnebøker om Dustefjerten, det vil gi nynorsk barnelitteratur nye tilhengere.

Jeg har som dere skjønner, liten forståelse for debatten rundt fjerning av nynorsk i ungdomsskolen, det må da være mulig å gjøre undervisningen mer spennende. At Oslofolk vil fjerne obligatorisk nynorsk i skolen, det er diskriminering.

Vi ser en omfattende internasjonal orientering på våre universitet, det er bra. Men det kan ikke bety at det er logisk at undervisning skal skje på engelsk på norske utdanningsinstitusjoner.

På tross av at Kristin Clemet i dag i en kronikk i Aftenposten sa at hun ikke ville foreslå endring av tilknytningsform for universitetene og høgskolene, vil stykkprisfinansiering av studenter – fokus på inntjening og økonomi – drift av universitets- og høgskolesektoren etter markedsøkonomiske prinsipper bli framtidige krav til drift av universiteter og høgskoler. Dette kan være farlig for ikke bare det nynorske språk, men for det norske språk. For å spare penger blir ikke fagbøker oversatt til norsk. Engelsk kan i verste fall bli undervisningsspråket

for høyere utdanning i framtiden – kanskje dette er den aller største utfordringen for det nye språkrådet i framtiden.

Takk for oppmerksomheten.

Næringslivet, arbeidslivet

Marit Halse, Opera Software

Det er sikkert flere her som ikke kjenner til Opera Software, og for å gi dere en ide om hva vi holder på med kan jeg fortelle at bedrifta vår lager web-browseren Opera, et stykke software man kan surfe på weben med. Opera har også en innebygd e-mail-klient og flere andre kjekke features. Dessuten kan man customize browseren etter smak ved å skinne den og ved å endre preferences.

Eller, på norsk: Opera Software lager nettleseren Opera, et stykke programvare man kan surfe på nettet med. Opera har også en innebygd e-postklient og flere andre kjekke funksjoner og egenskaper. Dessuten kan man tilpasse nettleseren etter smak ved å gi den ny drakt og ved å endre innstillinger.

Dere skjønner sikkert at vi sliter med det samme problemet som alle andre. Engelske ord og uttrykk smyger seg inn i språket og blir der, på tross av at det finnes mer enn gode nok norske alternativer. Nå har riktignok "nettleser" slått litt an, men det har ikke helt klart å danke ut "browser". Og sjøl min språkfanatiske lillesøster og min mor norsklæreren får ofte "e-mail" i stedet for å motta e-post. Andre eksempler på unødvendige fremmedord er "save", "print", "link" og "dott". Jeg veit ikke jeg, om det er så mye enklere å forstå enn "lagre", "skrive ut", "lenke" og "punktum"?

Utenom internetterminologien er det øg ganske vanlig å høre ord som "service-minded" og "project management" brukt i stedet for "sørvisinnstilt" og "prosjektstyring", for ikke å snakke om moteord som "hunch", "trigge", "catch" og "event". Det later til å være en ganske utbredt oppfatning (spesielt i miljøer hvor mobiltelefonene skal være så små og "cutting-edge" som mulig) at norsk rett og slett "ikke passer" til ganske mye, og at det er et fattig språk – det er visst lettere å uttrykke tingene på engelsk.

Norske bedrifter bør ha som mål å pleie et godt språk med fagterminologi på norsk. Fordelen er opplagt; det er enklere å tilegne seg kunnskap på morsmålet, rett og slett fordi man bedre forstår hva ordene betyr. Har man først fått med seg norskspråklig fagterminologi, er det enklere å lære seg hva det heter på andre språk man behersker, for eksempel engelsk. Og det gjør nye fagområder lettere tilgjengelige for andre enn fagidioter.

Ukritisk inntak av fremmedord ødelegger ofte flyten i språket også, og gjør det enda vanskeligere å uttrykke seg klart og forståelig. Lydbildet passer som regel ikke inn i norsk, og ord som for eksempel "software" er vanskelige å bøye på fornuftig vis uten at tunga krøller seg. Skal det hete "softwareen"? "Softwareen"? Eller "softwaret"?

Nå kan jeg dessverre ikke skryte for mye av egen bedrift når det gjelder å bruke norsk språk – det flyr mye engelsk fagterminologi gjennom lufta på Opera-kontorene. Nå er det riktignok slik at det daglige arbeidsspråket nesten **må** bli engelsk, ettersom omrent en tredel av de ansatte i Opera ikke kan et ord norsk, men vi prøver i det minste å holde en viss standard på det vi produserer av norsk tekst. Ei og anna pressemelding blir det jo, og vi oversetter selvfølgelig nettleseren vår til både nynorsk og bokmål, foruten at vi har prøvd å holde ved like en samisk utgave. Etter reaksjonene å dømme er oversatt programvare etter lengta hos mange som foretrekker sitt eget morsmål framfor engelsk. Det gjelder utenfor Norge også, spesielt de russiske, polske og

katalanske utgavene av Opera har blitt mottatt med glede av brukerne. At engelsk tar over, er ikke noe særnorsk fenomen.

VI ønsker oss et språkorgan som er mer frampå når nyorda kommer, og som er mer offensivt og synlig i det offentlige rom, spesielt ovenfor skolen og media – det er arenaer med god smitteeffekt. Det gjelder særlig fagpressa og ingeniørskoler, men også mere allmenne kanaler og linjer. Jeg synes for eksempel godt at Språkrådet kunne svingt pisken over NRK litt oftere, de har blitt litt slakkere de siste åra oppe på Marienlyst.

Det nye organet kan også gå direkte til arbeidslivet og komme med forslag til statutter om språk og norskspråklig programvare. Man bør prøve å få arbeidsgiverne til å gå inn for en bevisst språkpolitikk på alle felt i bedriftene, både innad i bedrifta og utad.

I det hele tatt, vi trenger et språkorgan som er mere synlig i det offentlige. Det ville forhåpentligvis bidra til at folk flest fikk et mer bevisst forhold til det språket de bruker, og det ville gjøre ny teknologi mer tilgjengelig for andre enn nerder og fagidioter.

- [1] "hunch" – aning, varsel
- "trigge" – utløse, starte
- "catch" – hake
- "event" – begivenhet, hendelse

Norske IKT-miljøer

Generalsekretær Per Morten Hoff, IKT-Norge

Språkbank

- Enten vi liker det eller ikke: Teknologien brer om seg. Vi vil bli mer og mer avhengig av teknologi.
Teknologi for alle!

Tillit til teknologien

- Det blir viktigere og viktigere å unngå digitale klasseskiller.
- Teknologi er en barriere. Blir språk og teknologi sammen en barriere, stenger vi mange ute.
- IT-næringen er opptatt av at teknologi skal være et verktøy som forenkler prosesser.
- Norsk språk er en forutsetning for at teknologien skal slå igjennom.
Spill – 14-åring: mission, på interface, booste, å merge, og gunner'n, save.
Får vi ikke til det, får vi også et mindre effektivt samfunn.
Mye av effektiviseringen i offentlig sektor handler om IT-løsninger. Da kan vi ikke ha programvare på engelsk.
- NSB → opplysning om tog
Talemaskinen lagt ned. Årsak: Maskinen skjønte ikke dialekter (Moss–Voss, Våggå–)
- Sykehus har tatt i bruk språktekologiske hjelpemiddel i skriving av radiologirapporter.
Dikteres inn. Det spares inn flere årsverk.
Skal teknologien utvides til å gjelde annen diktering, må det utvikles mer komplekse språkbankressurser.
- Manglende norske språkbankressurser vil føre til at Norge havner enda lenger bak, eller at vi får enda større digitale klasseskiller.
- Innsamlede språkressurser fra NST på Voss må sikres.
- Norge er et så lite land at det ikke er grunnlag for en kommersiell utbygging.
- Gi Språkrådet ressurser til å bygge en språkbank.

Mediene

Tor Fuglevik, Norges televisjon (NRK og TV 2)

The image displays six slides from a presentation, each featuring the logo "ntv" in the top right corner. The slides are arranged in two columns of three.

- Top Left:** A slide titled "Det nye kompetansorganet - nærvieforslag" (The new competence organ - draft). It contains the text "Senter for språkstrategi" and "Språkstrategisk kompetansesenter".
- Top Right:** A slide titled "Mål" (Goals). It contains the text "Norsk skrift og tale også i år 2105".
- Middle Left:** A slide titled "Strategi for språklig heimevern". It lists several goals:
 - Bli bedre strategisk – få bli gode filologer
 - Jobbe med den totale språkstasjonen i Norge
 - Lage offensiv strategi for språklig heimevern: Samlet, systematisk bruk av alle tilgjengelige struktsider
 - Være aktiv og synlig funksjoner mot undervernsgassaktører, barnehager, grunnskolen, barneprogrammene på tv, reklamebransjen og elers der dialektet er farligst
 - Ekstra innsats mot statusmiljøer som må påvirkes sørlig miljørettet og sterkt
- Middle Right:** A slide titled "Strategi for språklig heimevern". It lists several goals:
 - Lett tilgjengelig kompetansesenter for pressen, både den talte og skrevne. Hjelpe pressen til å forstå sitt språkansvar bedre
 - Opprette næromset språkombud med vidt fulmakter
 - Etablere effektiv språkkontaktordning i alle departementer
 - Være politi overfor sentraladministrasjonen og yrke etabler: Forby datkontrakter hvis det ikke leveres programvare på både nynorsk og bokmål ("Filokrim" skuffestestens språket, Helge...)
 - Profesjonalisere eksternt kommunikasjon
- Bottom Left:** A slide titled "Strategi for språklig heimevern". It lists two main points:
 - Statlig språkstrategi et felles anliggende for KKD og UFD
 - Begynn med St.meld. om kvalitet i grunnopplæringen
- Bottom Right:** A slide titled "Strategi for språklig heimevern". It contains the text "Samfunnet utvikler seg på 32 år – spesielt er ikke lengre det viktigste, men at vi aktivt og strategisk gjør noe". Below this, it lists "Ikke-språklige maktfaktorer: Globalisering, makroøkonomi, eierskap, internasjonal just, konkuranseregulering".

- + Et utvidet styre, med bredere faglighet (maksosologer)
- + En sterk og mer lycher fagnefnd ("maksakademie")
- + Et nyrimmet, alliansorientert og utad vendt sekretariat med vidu fulmakter

Rådforsamlingen legges ned fra 2006



Språkpolitikk i forhold til næringspolitikk

Språkpolitikk i forhold til redaksjonell frihet
(ørakkav ved konsekjonstildeling)

Det nordiske perspektivet

Morsmålsundervisningen for innvandrere



Språkpolitikken mer et fellesskaps-
anliggende – mindre en individuell
rettighet (i det offentlige rom)

Media

Arnhild Skre, Aftenposten

Tusen takk for invitasjonen til Språkrådets seminar over spørsmålet "Nye veier i norsk språkpolitikk?"

Eg er full av ærefrykt for forsamlinga. Ikkje minst fordi eg er eit menneske som filologane likar best når eg uttrykker meg skriftleg. Dei elskar meg ikkje nødvendigvis då heller, men alt er relativt. Dialektane er alltid verre. Min er ein av dei som berre blir snakka av **ein** person.

Til saka: Andreas Hompland var invitert for å vera morosam. Det slepp eg. I staden skal eg vera konkret og praktisk. Eg har fått tre spørsmål å svara på og tek dei etter tur. Det første først:

"Hvilke utfordringer eller problemer står det norske språk overfor slik du erfarer det på ditt virksomhetsområde?"

Mitt utkikkspunkt er her ein journalistpult i 7. etasje over spor 1 på Oslo S. Derifrå ser utfordringane eller problema på mitt felt ut til å dreia seg mykje om **sparing**.

Dei store medieorganisasjonane sparar. Det skjer i stor grad gjennom nedbemanning. Både i papir- og nettmedia går dette ut over den språklege kvalitetskontrollen.

I nettredaksjonane har ein heilt frå starten etablert ein praksis der teknisk ordrettning er einaste språkkontroll. Berre sjeldan blir ei nettsak lesen av andre enn journalisten sjølv før ho blir lagd ut på sidene.

I papirmedia har ein lange tradisjonar for korrektur og desking, men strategien pekar i same retning som nettavisene. Det er i utgangspunktet konstruktivt på den måten at ein arbeider for å gjera den enkelte skribenten meir medviten om ansvaret for eige språk. Vi blir rusta opp teknisk med betre ord- og språkrettingsprogram.

Nedskjeringane fører imidlertid også til at det snart ikkje finst ein korrekturlesar igjen i redaksjonane. Like ille er det at **deskane** er slanka når det gjeld både tid og folk. På desken skjer det som kjent mykje gale. Mindre kjent er det at deskbearbeiding svært ofte resulterer i betre og meir korrekt språk i avisene.

I Aftenposten er vi heldige og har Per Egil Hegge, som skriv ei fast språkspalte i det redaksjonelle feedbackbrevet med dagleg evaluering av avisas. Men Hegge varer dessverre ikke evig sjølv om vi kan bli narra til å håpa på det.

I fagbladet Journalisten, som kjem annakvar veke, finst også ei språkspalte sentralt plassert på baksida. Lars Aarønæs skriv den, og han får mykje respons.

Interessa og viljen til å ta språkutviklinga alvorleg er med andre ord til stades, og vi har fått nye reiskapar. Det **må** likevel gje därlegare språk når **to** andre ledd i den redaksjonelle kvalitetskontrollen er blitt så sterkt redusert i papirmedia i løpet av få år, og nettet, som tek over lesarar, har lagt seg til arbeidsmåtar der språkrøkt har liten plass.

Mediespråket er eit viktig område for norsk språkutvikling og -vern. På godt og vondt. Derfor er dei redaksjonelle nedskjeringane ei utfordring til det nye kompetanseorganet for norsk språk, og den fører meg over på spørsmål 2:

”Hvilke oppgaver bør et nytt språkorgan ha – i et nasjonalt perspektiv og spesielt i tilknytning til ditt virksomhetsområde?”

For det første bør også det nye organet ha som oppgåve å gje oss mat til godt stoff. Framlegg til drastiske endringar i rettskrivingsreglane er eit framifrå tiltak i så måte. Som de ser framfor møtet i morgen, får vi mykje godt mediebråk og god mediekangel ut av slikt.

For det andre ser eg at det nye språkorganet skal ha ein mediestrategi, som det heiter i høyringsbrev og prosjektskisse. Den skal ha som formål å gjera organet kjent og gje det eit positivt image i offentlegheita.

Eg er likevel meir oppteken av at det nye organet skaffar seg ein mediestrategi med eit heilt anna formål. Journalistar er ikkje berre produsentar av språkfeil og därleg norsk. Vi står også for mykje positiv kreativitet i utviklinga og styrkinga av norsk som skriftspråk. Dei mange journalistane og redaktørane som sidan starten har hatt sete i Norsk språkråd, må vera ein erkjennelse av dette.

Denne tanken er det viktig å føra over til det nye språkorganet. Svært ofte er journalistar – i kraft av å vera nyheitsprodusentar – dei som først formulerer nye fenomen på norsk. Det skjer svært ofte innanfor knappe tidsrammer. Slik blir redaksjonane det som i dokumenta om det nye organet blir kalla ”sentrale språkbruksmiljø”, men dei blir det med heilt eigne behov. Ei proaktiv haldning til vern og utvikling av norsk språkkultur bør derfor innebera ein tett, vital og tilpassingsdyktig kontakt med norske redaksjonar.

Kontakten kan ta fleire former, men her er tre forslag:

Når nye fenomen skaper behov for ny terminologi, bør det oppretta **språklege adhocgrupper** av nyheitsfolk på feltet og språkkompetente fagpersonar.

Kontakttelefonar og **e-posttenester** som svarar raskt, det vil seia straks eller om ein time, bør etablerast og haldast i fast drift.

Språkseminar i nyheitsredaksjonane kan også vera gode arbeidsmåtar så framt dei ikkje er prega av pekefinger, men av openheit og respekt for den språkkompetansen og -kreativiteten som finst i dei språklege frontlinjene som redaksjonane er.

Målet er betre norsk. Utgangspunktet er det same for alle tre forslaga:

Hos oss er det av liten verdi at nokon kjem fire år etter og fortel oss kva vi burde ha skrive. Viktigare er det at nokon er tilgjengelege og kan hjelpe oss med å finna ut kva ord vi skal bruka **nå**.

Dette betyr at eg vil svara **ja** på det tredje spørsmålet:

”Trengs det nye veier i norsk språkpolitikk?”

Samtidig vil eg svara **nei**.

Prosjektskissa, høyringsbrevet og kulturmeldinga signaliserer vegar eg trur er rette når det blir teikna opp eit kompetanseorgan som skal vera mindre prega av pekefingerar, språkstrid og dekret, og meir av samfunnkontakt, kommunikasjon og openheit. Som nemnt kan det likevel byggjast nye vegar til målet ved å auka tempoet og skapa større rørlegheit i vernearbeidet.

Viktigast på mitt felt er at det nye organet anerkjenner medieredaksjonane som travle språkutviklarar i frontlinja, og tilbyr samarbeid der ein anerkjenner både den

språkkompetansen som finst i redaksjonane, **og** dei spesielle krava som mediespråket blir til under, og rammene det må fungera innanfor.

Her finst nok av behov for eit nytt språkleg kompetanseorgan. Kom og fyll dei!

Takk for at de høyrde på!

Slik mannen i gata ser det

Andreas Hompland

I denne eliteforsamlinga har eg fått i oppdrag av sprakrad dot no å halda eit innlegg som kunne ha vore halde av "mannen i gata". Det er ei stor ære. Men så betyr då også Andreas "menneske", etter det eg har lært av Sylfest Lomheim i Språkteigen.

Eg er altså beden om å tala på vegne av folket. Den vanlige norske språkbrukaren. Grasrota.

Det er sjølsagt ein fristande posisjon, men ei umulig oppgave, som eg ikkje tar sjansen på – sjansen med SJ og ikkje med CH, som det heiter i Tor Guttus Riksmålsordboken frå 1986. Eg vågar ikkje å uttala meg på vegne av utrulin mange og ropa "Alarm, alarm." Det ville vera til å bli skisofren av – med eller utan CH og Z.

Ved nærmare ettertanke har eg kome til at det ikkje passar meg å vera "mannen i gata". Eg kan ikkje representera han, og kan neppe gje ein god presentasjon av han heller.

Eg må vera meir personlig, og på dette stadiet i programmet passar det vel å velja sjangeren kåseri. Sjangeren – ikkje genren. Og så kan sikkert noen fortella meg når K-en og Å-en erstatta C-en og AU-en i kåseri, slik at det ikkje lenger kunne forvekslast med sauseri.

Eg har lurt ein del på korfor eg er spurt om å forkle meg som mannen i gata, og har kome til at det nok bare er ein gimmik – med K og utan C.

Men eg har leika med ein annan mulighet og. At eg som skribent alltid får det til å rykka i rødpenna hos lærarar og språkrøktarar. At eg derfor er like foraktelig som mannen i gata fordi me er vankunnige og ubevisste språklumsarar.

Det er eg ikkje. Språklumsar. Eg kjenner normalen i begge målformer rimelig godt, og eg kan mine – eller dokka – rettskrivingsreglar. Eg er ein flittig brukar av ordbøker og ordlistar. Men det er ikkje for å følgja reglane, men for å vita når eg vil bryta dei. Eg er svært så medviten om kva eg skriv, kordan eg skriv, og korfor eg skriv slik eg gjer.

For å koma med ein posisjonsbestemmelse:

Eg er ikkje målmann. Eg er personlig nynorsking. Det er ein del av oss. Ja, kanskje er det slik at Are Kalvø og dei fleste av oss som skriv nynorsk offentlig – og frivillig – utanom skuleverket og dei språklovregulerte institusjonane, er personlige nynorskingar. Me skriv nynorsk med vår eigen svip. Me er uskikkelige. Me vekslar mellom det folkelige og ufolkelige, me blandar høgt og lågt, gamalt og nytt, reint og ureint og gjer det til vårt – kvar for oss. Dei som eig nynorsken, ville helst ha nekta oss slikt spelerom, men me tar oss til det. Det er derfor me skriv eit slags nynorsk. Det er bra for oss, men neppe bra for nynorsken som ærbart, lærbart og samlande normalspråk.

Sylfest Lomheim har karakterisert språkbruken min slik: "Språket hans har dei fleste lyte som norsklærarar slær ned på. Og så har det dei fleste kvalitetar som utviklar gode lesarar."

Rett nok skreiv Sylfest dette i eit lite skriftstykke då eg fylte 50, så me får ta høgde for høvet og trekka frå for kjende. Men han la også til at eg nok er og blir eineståande – eit vellukka blindspor i utviklinga av homo neonorvegicus. Og at eg aldri kjem til å få noen målpris frå

Norsk Måldyrkingslag. Det har han åpenbart rett i, men eg har fått Vinjeprisen, og den set eg høgt. Som heider for tvisyn og uskikkelighet – også språklig. Og eg meiner det er ein samanheng her. Derfor humrar eg inni meg når norsklektorar seier at eg skriv spennande og orginale ting til side for normalt tankegods, men når dei også spør om eg ikkje kunne gjera det på meir normert språk, slik at dei kunne sleppa tekstane mine laus på elevane utan giftmerke.

Ikkje pris frå måldyrkingslaget, altså; men språkdyrkar, det er eg. Både ekstensivt og internsivt. Men etter økologiske metodar, utan bruk av kunstgjødsel, og utan å følgja råda frå statskonsulentar. Eg har ingenting mot språknormering for dei andre, bare det er frihet for meg.

Som eg sa: Det er sikkert bra for den eventuelle framtida til det nynorske skriftspråket at ikkje alle er like anarkistiske, ukorrekte og talemålsnære som meg og andre personlige nynorskingar. Sjøl om me kjem frå kvar vår side av den politiske venstresida, står eg nok i same frihetlige og elitistiske posisjon som professor Helge Sandøy.

Slik har mange av oss praktiserande nynorskingar det når me er ute av skåpet. Eg synest det er trist at det ikkje er slik innan bokmålsvarianten av norsk. Der blir det stadig færre personlige bokmålingar. Det er mye mindre breidde og talenær variasjon i bokmålet enn det var for 20-30-40 år sidan. Snart har jo alle gamle raddisforfattarar fått Riksmålsprisen: Tove Nilsen, Lars Saabye Christensen, Dag Solstad, Roy Jacobsen, Ingvar Ambjørnsen. Fleire av dei har ein pris frå Språklig Samling ståande lenger bak i hylla.

Tillat meg ein bit gallupistisk saklighet.

I mai 1946 stilte NGI dette spørsmålet til eit representativt utval av det norske folk – til mannen i gata: "Mener De at det bør være to skriftspråk i Norge, bokmål og nynorsk, eller bør de smeltes sammen til ett språk?"

79 % svarte at dei burde smeltast saman. 5 % svarte to språk, mens 6 % ikkje hadde noen mening.

I 1952 var 54 % for eit offisielt skriftspråk, mens 2 % ville ha det som det var. Og 22 % visste ikkje.

Så kom sammorskstriden, og etter den kom språkfreden. Nå har det vore relativt stille og fredlig i mange år. Teigdelinga rår. Mannen i gata har bare hissa seg opp over relativt perifere tema som morsmålsopplæring for innvandrarar, skriftlig sidemålstil og skrivemåten av pøbb og køpp.

Eit stk. galluptal til. I 1984 var spørsmålet: "Mener De at vanlige norske borgere har nok innflytelse, for liten eller for stor innflytelse når det gjelder norsk språk?"

Nok	43 %
For liten	47 %
For stor	2 %
Vet ikke	8 %

Halvparten ville ha meir dei skulle ha sagt. Men seks år seinare svarte 78 % at dei hadde lita eller inga interesse for språkspørsmål. Det er ikkje bare samnorsken som er død, men også norsken som sams stridssak. Det er alvorlig, for dei som har noe å stridast om saman, høyre saman. Når striden stilnar, sluttar me å bry oss. Då døyr språket.

Eg er militærnektar, så eg har ikkje noe mot at konfliktar blir løyst på sivilisert vis. Men når det gjeld språk, trur eg ikkje at fred er det beste, men at man noget vil. Og det er ei utfordring for det nye språkorganet. Men det er fare for at direktøren kjem til å likna meir på Barneombudet enn på Politidirektøren og kommanderande generalar, for dei har instruksjonsmyndighet og valdsmonopol.

I notatet om dette seminaret heiter det at det skal vera brei deltaking av "mottakarar" og "leverandørar" av språk.

Eg har lurt på kva som ligg i dette. Kven er det som leverer, og kven er det som tar imot? Eg har ein mistanke om at det ligg ein overmodig filologisk hund begraven her. At språkekspertane og normatørane ser seg som kongelige hoffleverandørar av språk til det norske folk, mens me andre, språkbrukarane, er mottakarar.

Eg trur dette er eit paradigme som heng att frå ei meir tillitsfull og respektfull og reguleringstid, frå den sosialdemokratiske ordens hegemoni. I individualismens og markedsliberalismens tidsalder der ein ikkje bare kan velja mellom varer og tenester, men der det også er eit ideal å velja og sjonglera – sjonglera med S før J-en – med identitar og gjera seg sjøl til ei særprega merkevare, er det ikkje lett å koma dragande med eit språknormert fellesskap.

Som motstykke til begrepsparket "mottakarar" og "leverandørar" av språk, lanserer eg produsent, distributør og konsument. Det er for det første ikkje ei leverandør-linje, men ein sirkel. Brukarane/forbrukarane er sjølsagt dei viktigaste (re-)produsentane i neste omgang. For det andre har det kome til langt fleire konkurrerande produsentar og fleire distribusjonskanalar. Og for det tredje har markedsmakta flytta seg frå produsent til konsument. Det nyttar ikkje for det nye språkorganet å seia at me vett det nok, men me liga det ikkje, så derfor let me som det ikkje er slik. Alle som bruker språk, skaper språk. Dersom nyskapningen ikkje tar dette inn over seg, kjem han like dårlig ut som andre statlige og skrantande monopolistar.

Eg nærmar meg slutten, og eg må dessverre gå før debatten, for eg skal henta dotter mi på SFO før halv fem. Ho snakkar standard oslomål, liker svensk barne-TV best, ser teiknefilmar med engelsk tale, plukkar opp eit og anna ord på urdu og går i nynorskklasse på Sagene skule. Det blir ho ikkje det minste forvirra av. Tvert imot. Ho leikar seg med ord og former og synest språk er fryktelig spennande. Eg har stor tru på at ho har mye å stilla med som norsk språkbrukar i framtida. Men eg må seia at det irriterer meg at slik standard bokmål ser ut til å utvikla seg for tida, så kjem den framtida til å heita fremtiden.

For å avlegga mannen i gata ein liten visitt før eg går.

Eg tok drosje hit til Lysebu, og drosjesjåførar har jo alltid vore sett på som sjølvaste mannen i gata - særlig av journalistar. (Sjåfør med SJ og Ø, ikkje med CH, AU, dobbel F og EU). Taxiføraren pla dynka deg med sine sterke meininger om mangt i eit saftig språk. Dersom du snakka ein dialekt frå utanfor Ring 3, fekk du ein omgang for det og.

Slik er det ikkje lenger. Drosjesamtalane har stilna. Det er eit språklig domenetap. Problemet er ikkje lenger at sjåføren radbrekker alfabetet, men at dei snakkar gebrokkent og stadig oftare ikkje er alfabetisert i det heile tatt. Om du vil koma fram dit du skal, må du lesa teksten i kartboka for han.

Det måtte eg på veg hit. Sjåføren var frå eit fransktalande land i Afrika. Så bare for å gje eit godt råd om noen skal ta drosje hit: På drosjespråk er dette ikkje lenger Lysebu, men Liseby.

Takk for turen.

Og lykke til med morgondagen framtida.

IV

Hvordan går vi videre?

Debatt

1 Anna Nesje

Vi i NTB ønsker å få komme på seminarer hos dere og treffe kolleger og vil mer enn gjerne være med på å lage en felles strategi for alle medier. Vi blir jo mer og mer i slekt. NRK er ikke lenger et sted hvor man bare snakker, for eksempel, og NTB er ikke lenger et sted hvor vi bare skriver. Vi driver også med radio nå – til mange journalisters fortvilelse. Vi går mer og mer over i hverandres fag, så jeg er glad for det mange har sagt før i dag også – at det nye språkrådet skal bli utad vendt og komme oss i møte, for det trenger vi.

Jeg har startet noe som kalles språklunsj hos oss en gang i måneden eller hver annen måned. Da blir kolleger invitert til å komme og spise rundstykker og høre på en eller annen som snakker om et språklig tema. Disse språklunsjene er populære og viser at folk er ivrige etter kunnskap. Vi er innstilt på å lære, og vi vil gjerne skrive godt – og blir fortvilt når vi ikke gjør det. Vi når ut til veldig mange leser, seere og lytttere fordi stoffet vårt blir brukt av alle kundene våre, og i tillegg er det mange som henvender seg til oss – både kunder med sine redaksjoner og privatfolk. De ringer og spør: ”Hvordan skriver dere det eller det ordet?”, ”Nå er det kommet et nytt ord; hvordan vil dere skrive det? Vi tar ikke noen avgjørelse før dere har gjort det.” Det er selvsagt en fantastisk posisjon å ha, men i den situasjonen trenger vi trenger hjelp fra fagfolk. Vi håper at det nye språkrådet kan hjelpe oss med den biten.

2 Oddrun Grønvik

Tor Fuglevik hadde eit veldig bra og informativt innlegg, og det var hyggeleg at han på ein måte fanga opp nokre av dei tinga som eg snakka om til å begynne med – nemleg kva slags forankring det nye organet skal ha. Eg ville rekne det som ein katastrofe om vi enda med eit organ som ikkje har lovpålagde oppgåver, og som dermed kan styrast av Finansdepartementet. Dette har vore lite framme. Departementet held korta tett opptil brystet, men det sleppte frå seg at det slett ikkje er sikkert at det blir noko ny lov når lova om Norsk språkråd blir oppheva.

Slik eg ser det, så er det oppgåvene, mandatet, som visseleg tel. Om dei blir utøvde av ein institusjon som heiter det eine eller det andre, kan for så vidt vere det same, men oppgåvene må vere ei konkretisering av målet om at norsk skal vere bruksspråk i Noreg i tida framover og gjerne utover 2100, og at mandatet da omfattar og blir utøvd på ei rekke område som for så vidt den noverande lova omfattar.

Og så vil eg gi eit råd om noko som også Tor Fuglevik nemnde, som gjeld dette med internasjonal lovgiving og internasjonale konvensjonar. EU er tett innpå oss, FN er tett innpå oss, og dette har også kome til å berøre spørsmålet om språklege rettar. I EU er det vedteke ein konvensjon om minoritetsspråksrettar, som Frankrike for eksempel nektar å skrive under på fordi dei ikkje vil gi minoritetsspråka status utover som kulturspråk. I Storbritannia har waliserane kunna utnytte desse konvensjonane og har så å seie gjeninnført walisk som bruksspråk i Wales. Der er det skjedd store ting i løpet av ein tjueårsperiode. Det tok for så vidt til med sekstialsaktivisme, det også. Eg trur ikkje at det vil nytte å få ei språklovgiving for Noreg som ikkje tek omsyn til desse konvensjonane og avtalane, og som vi de facto aksepterer sjølv om vi ikkje er medlem av EU. Det at FN står så sterkt i det norske medvitet, gjer at vi også må sjå på det som finst av internasjonale avtalar og konvensjonar der. Og vi har oppfatta at det finst motvilje i det norske byråkratiet mot å la Språkrådet ta i dette.

Det står i høyringsdokumentet at ein eigentlig ikkje ser nokon grunn til å la minoritetsspråk bli med i det nye språkrådet. Eg synest det bør stå i mange høyringsfråseigner

at dette er ein ueinig i. Sjølvsgart kan ikkje vi ta på oss å normere ein tyrkisk dialekt i Noreg, men vi må ta omsyn til at det finst folk som skal inn i det norske samfunnet frå tyrkisk.

Ein ting til: Eg fremja i si tid for Språkrådet tanken om å få ei ny Vogtkomité-utgreiing. Det fekk vi ikkje, men no har vi altså fått denne høyningsrunden. Eg rår alle til å få tak i og lese innstillinga frå Vogtkomiteen. Det er ei ypparleg smørbrødliste over dei områda som må dekkjast. Bruk denne innstillinga som inspirasjon for dei høyningsmerknadene som no skal skrivast!

3 Gulbrand Alhaug

Ein norsk språkbank har vore nemnd her, og det blir ein viktig ressurs i framtida. Men eg vil minne om at vi på sett og vis alt har ein norsk språkbank. Når vi skal undersøkje kva som blir brukt i norsk i dag, er det nyttig å gå inn på Google og undersøkje spesielle former. Ut frå treffa der, kan ein seie litt om normering. Det eg konkret tenkjer på, er dei vanskelegaste reglane i norsk ortografi, dei såkalla forenklingsreglane. Vi kan gå inn på Google og finne ut at det for eksempel er mange som skriv *fylt* med to l-ar. Dei skriv *stygt* med to g-ar, og eigentleg er *det* det naturlege fordi ordet *stygg* skal skrivast med to g-ar. *Aktuell* blir skrive med to l-ar. Da er det naturleg å gjere som svenskane: å skrive *aktuelt* med to l-ar.

Det er sagt av danske språkforskarar at vi har dei stavefeila vi fortener. Spørsmålet er da om det er nokon vits i å bruke så mykje tid på å drille inn forenklingsregelen, som er så vanskeleg at han kan fylle ti-tolv sider i ei lærebok. No ser vi ofte feil her, særleg blant dei yngre brukarane. Vi kan gå inn på Google og sjå. Viss vi da finn ut at den regelen blir broten så mykje av dei yngre, kan den tanken komme at vi kanskje bør forandre på regelen. Det er jo merkeleg at det ikkje er noka forenkling i *gjennomsnittleg*, for eksempel, men derimot i *trolsk*, enda det ikkje skal vere *troll* med *ein* l. Ein kunne gjere skoleungar ei stor teneste med å gjere regelen enkel, nærmast som i svensk, islandsk og tysk, men vi har dessverre arva han frå dansk rettskriving der han har mykje mindre verkeområde. Eg synest vi burde forske på kva vi finn av feil i norsk på Google.

4 Åge Rognsaa

Norsk språk har vært berørt fra mange interessante vinkler i dag. De som har snakket om norsk språk, har – ved siden av Språkrådet – representert skoleverket, forskning og høyere utdanning, fagterminologiske miljøer, næringsliv, arbeidsliv, norsk ikt-miljø og medie- og reklamebransjen. Men det er ett felt som jeg savner. Når vi snakker om språklig og kulturelt hegemoni, er det merkelig at ikke noen har nevnt det kanskje aller viktigste maktspråket i Norge, nemlig det offentlige språket. Det språket brukes av hundretusenvis av saksbehandlere, jurister, ingeniører, samfunnsvitere, politikere.

Jeg har vært norsklærer i mange år i videregående skole. De siste 30 årene har jeg hvert år holdt rundt 30 språkkurs for saksbehandlere, først og fremst i det offentlige. Jeg kan vel si at jeg lever litt i Vinje- og Dag Gundersen-tradisjonen ... På nesten hvert eneste kurs får jeg spørsmål om hvordan de skal skrive et offentlig brev, hvordan de skal skrive en rapport, hvordan de skal skrive et notat. Det har de aldri lært på skolen; der lærer de lite om å skrive notater og slikt. Og det fins ingen som meg bekjent har noe formelt ansvar for dette i Norge.

Jeg vet at Språkrådet gir ut Statsspråk, som er et fint, lite skrift, men når jeg nevner Statsspråk når jeg holder kurs, så sier de at ”jo, det har jeg visst sett ett eller annet sted”. Så vidt jeg vet, er det Administrasjonsdepartementet som er den institusjonen som formelt har ansvaret for dette i Norge. For noen år siden tok dette departementet et initiativ i forbindelse med prosjektet ”Et enklere Norge” til å sette det offentlige språket på dagsordenen. Det ble visst bare en liten ”happening”, så skjedde det ikke noe mer.

Mitt ønske er at et fremtidig kompetanseorgan for norsk språk blir nødt til i mye større grad å få samlet kompetanse om og få ansvar for det offentlige språket, som er mакtspråket fremfor noe.

5 Arne Torp

Jeg har lyst til å nevne noe som ikke har vært så mye i fokus her, nemlig det skandinaviske. Neste år, som jeg i skandinavisk ånd vil kalle 2005 (tjue-null-fem – som svenskene sier), skal vi altså feire oppløsningen av den unionen vi gikk ut av i 1905 (nitten-null-fem – ikke ett tusen nihundre og fem!). Etter mitt syn kunne dette ”unionsjubileet” like gjerne markeres som ei sørgehøgtid.

Det som har kommet ut av våre unioner, er i alle fall at vi har kommet i en enestående posisjon i Norge, som et slags språklig bindeledd i Skandinavia. Det er nemlig ikke lenge før nordmennene må fungere som tolker mellom svensker og dansker når de skal snakke sammen, for det knirker alvorlig i det skandinaviske språkfellesskapet, og da først og fremst mellom naboen våre i sør og øst.

Det er ett domenetap som det ikke har vært fokusert på her i dag, nemlig det at de skandinaviske språka kan bli fortrentg av engelsk i nabospråkskommunikasjon. Dette er noe vi må kjempe mot. Det er av stor verdi at vi skandinaver utgjør et språkfellesskap ikke bare på fire–fem millioner, men på *20 millioner* – så stort er nemlig det skandinaviske språkfellesskapet. Jeg har ikke noen revolusjonerende ideer om hvordan dette best kan ivaretas, men jeg synes at det nye språkorganet ikke skal glemme den skandinaviske dimensjonen. Det er viktig å ta vare på det nordiske samarbeidet.

Jeg har også et helt konkret innspill til de skandinaviske kringkastingsselskapa når det gjelder behandlinga av innslag på andre skandinaviske språk, og siden vi er i Norge, spesielt til NRK. Jeg irriterer meg over at hver eneste gang det er et intervju med en eller annen svenske, så skal det tekstes hver gang svenskken har ordet, mens intervjueren ikke tekstes. Det mest patetiske jeg har sett av den slags asymmetrisk teksting, var en gang Johan Galtung ble intervjuet – det var riktignok på svensk TV. Han ”pratade svenska på det här sättet så svenskarne kunne höra at han inte var svensk”, og dermed så teksta de han!

Og jeg tenkte den gangen at det bare var fordi svenskene er så dumme, for de forstår jo nesten ingenting. Men så opplevde jeg ganske nylig at en dansk tilsatt på ei norsk industribedrift nede i Østfold prata norsk på NRK TV, men med tydelige innslag av dansk uttale, og så tenkte vel NRK-folka at han snakka dansk, og så teksta de det han sa.

Jeg synes den slags teksting rett og slett er en fornærrelse både mot den som snakker, og mot dem som ser på. Hvis jeg hadde vært diktator, ville jeg ha forbudt all ”asymmetrisk” teksting av svensk tale i intervjuer på norsk fjernsyn – skal det tekstes, så får man i anstendighetens navn tekste begge parter i en skandinavisk nabospråkssamtale. Dansk tale kan man jo eventuelt tekste på dansk – mange norske vil neppe merke forskjellen!

6 Nikolai Nelvik

Det er eg som har ansvaret for at det blir teksta, jamvel om eg ikkje har hatt ansvaret for akkurat dei innslaga Arne Torp nemnde. No er det nok slik at med tid og stunder så blir vel tekstinga valfri. Det kjem til å bli teksta likevel, for vi har tre kvart million hørselshemma her i landet som har like stor rett til å følgje med på fjernsynsprogram som dei som ikkje har lært seg språk. Dei har i alle fall ikkje noko anna etermedium å følgje med på. Radioen er ikkje til mykje hjelp.

Eg vil gjerne seie at det som er viktig for det nye organet, er å komme meir på banen, gjere meir av det som Sylfest Lomheim gjorde på Dagsrevyen i går da han forklara kvifor vi

skal fornorske ord, og fekk folk til å forstå at det i alle fall ligg ein tanke bak det. Men tilbake til tekstinga igjen: Vi har for så vidt våre språkreglar, og så er det opp til oss å gjere tekstinga slik som det skal gjerast. Vi sender ut 122 boksider kvar einaste dag med skriftleg norsk – noko av det er skjult på side 777 i tekst-tv, men mykje er ope og står og lyser, og ein les det anten ein treng det eller ikkje.

Etter mitt syn er det viktig med godt språk i tekstinga. No har ikkje eg lese ”Mål i mun” frå perm til perm, men eg veit i alle fall kva min svenske kollega har sagt om det som står der om språket i etermedium. Det står også noko der om skriftspråk i andre kanalar enn Sveriges Television. Det synest eg det er viktig å sjå på, ettersom det er veldig mykje teksting og dubbing, altså versjonering, av barneprogram på dei andre kanalane også. Men eg er ikkje så sikker på om dei andre norske fjernsynskanalane tek språket like alvorleg som NRK gjer. Etter mi meining bør ei norsk utgreiing som svarer til den svenske og den danske rapporten, også innehalde eitt eller anna om å kontrollere språket også i andre medium enn NRK.

7 John Ole Askedal

Jeg skal bare komme med et par kommentarer til arbeidsoppgavene til det nye språkorganet. Og jeg vil tillate meg å begynne litt polemisk. Sandøy vil forstå at det jeg sier, har adresse til ham.

Jeg synes ikke at det er naturlig for et nytt språkorgan å være antihegemonialt, i hvert fall ikke i hans forstand. Vi har en språktradisjon som rett og slett fungerer godt for praktiske formål, som er akseptert av et overveldende antall av befolkningen, og som fremstår som et forholdsvis uproblematisk felles kommunikasjonsspråk for et flertall her i landet, og som faktisk er akseptert også utover dette flertallet. Da tenker jeg selvfølgelig på den tradisjon som vi nå finner i skjæringspunktet mellom moderat bokmål og riksmål. Jeg synes man heller skal verne om den tradisjonen nettopp fordi den har vist seg så levedyktig.

Når det gjelder alle de arbeidsoppgaver som har vært nevnt som mulige for det nye språkorganet, så er antallet etter hvert blitt betydelig. Man skal drive terminologiarbeid, og det er helt klart et høyst påkrevd område. I tillegg til det skal man initiere og koordinere forskning. Man skal stå vakt ved målloven og sidemålsstilen. Man skal ha mediekontakt og profilere seg overfor mediene. Man skal drive utadvendt rådgivningsvirksomhet og informasjonsvirksomhet. Man skal bidra til holdningsdannelse. Man skal ta seg av alle språk i Norge, samisk, finsk og minoriteter som innvandrerspråkene, og man skal der passe på både integreringsaspektet og morsmålsaspektet. Jeg synes dette er meget omfattende. Det vil bli dyrt, og man vil også få problemer, tror jeg, med å avgjøre hva som her er naturlig lovpålagte oppgaver, hvis man skulle ønske det.

Så en bemerkning om normering. Jeg er litt forbauset over at det nærmest forutsettes som selvsagt at man ikke skal drive med normeringsvirksomhet. Og jeg er forbauset av én spesiell grunn: Det er klart at bokmåltradisjonens normeringsproblemer etter hvert er blitt mindre betydelige nettopp fordi vi har et fellesspråk som faktisk er mer eller mindre allment akseptert. Men i dag har vi hørt en god del foredrag om nynorskens målproblemer, og jeg vil vel anta at det ikke er allmenn aksept om prosessen videre med normeringen av nynorsk, slik at den kan komme ut av det uføret som er beskrevet her i dag.

8 Jon Peder Vestad

Eg er språkkonsulent i NRK og høgskulelektor i mediespråk på Høgskulen i Volda. Eg underviser blant anna studentar som skal bli informasjonsarbeidarar. Dei skal ha eksamen i neste veke, og nesten alt på pensumlista er på engelsk. For det fyrste ser eg det som eit mislykka eksempel på såkalla internasjonalisering. Det finst faglitteratur tilgjengeleg på

norsk, men han blir altså ikkje brukt fordi han er på norsk. For det andre så tek vi frå desse studentane sjansen til å utvikle eit godt norsk fagspråk. Eg veit om folk på min eigen arbeidsplass (HVO) som ikkje greier å forklare på norsk kva dei driv på med, og kva dei forskar på, fordi dei gjer det på engelsk. Og eg synest det er heilt sjukt at norske skattebetalarar skal drive og finansiere utvikling av engelskspråkleg terminologi. Dette seier eg sjølv sagt for å provosere, men eg trur det er nødvendig å tenkje litt på slike ting òg. Kanskje det nye språkrådet skal vere med og krevje at dersom ein skriv ei avhandling på engelsk, så må ein ha eit samandrag på minst 10 % av sidetalet på norsk. Og at sentrale termar skal vere omsette.

Det nye språkorganet må vidare definere områda for språkpolitikk på nyt, og eg trur dei må utvidast kraftig. Det gjeld undervisnings- og forskarspråk, forhold til økonomi og juss, og andre ting. Eg trur òg at det er nødvendig å slå fast at arbeidsfeltet på sett og vis bør vere språkbruk i Noreg og ikkje berre norsk språk. Det er *ein* språkleg fellesskap, men det mange måtar å bruke språket på innanfor denne fellesskapen.

Eg trur heller ikkje at det er naturleg med meir privatisering av språknormer. Eit språk er ikkje ei vare, det er ein verdi. Den verdien er fellesgods, og da må vi sørge for at det er organ som representerer flest mogleg, som står for normeringa.

Eg trur heller ikkje på at vi skal ha *mindre* språkpolitikk i Noreg. Vi skal ha *meir*. Og vi skal ikkje ha eit språkorgan som berre driv med språkpolitikk, men kanskje det nye språkorganet òg i større grad skal vere ein språkadvokat.

9 Per Egil Hegge

Jeg vil gjerne på vegne av hørselhemmede medlemmer i familien få ta sterkt avstand fra det som Arne Torp sa. Teksting er en god ting.

Anna Nesje fra NTB snakket om behovet for en mediestrategi, det vil si arbeidet for å lære journalister å skrive. Det bør Norsk språkråd i den nye formen beskjeftige seg ganske mye med, av den grunn at det er noe som journalister ikke lærer under journalistutdannelsen. Det er meget beklagelig, men det gjør de faktisk ikke. Journalistlærere blir sure når jeg sier det, men vi får de journalistene som kommer ut av pølsemaskinen. De har ikke lært å skrive norsk, og de har ikke lært betydningen av at man kan skrive norsk. Og det er to veldig tøffe "strikes again", som det heter på nynorsk. Der er man altså nødt til å ta fatt, og jeg tror at de bransjene som Anna Nesje nevnte, er et godt sted å begynne.

Det er kolossal interesse for språk. Jeg har aldri fått så mange reaksjoner som da jeg en artikkel om sportsjournalistenes språk. Og noen ganger tar man litt hardt i. Det var en flom av tilsluttende kommentarer. Det kom to protester, de var begge fra sportsjournalistenes forbund. Min mening er at det å bedre språkopplæringen innenfor medieutdannelsen faktisk er et viktig sted å begynne.

10 Bjørg Gaathaug

Departementet har vært ganske tydelig på at det per i dag har lite å melde. Det har gjort meg engstelig, men ikke nå lenger, hvis de lytter til mine gode råd. Dette seminaret og den seminarrapporten som kommer ut av dette, må være en deilig arbeidsplan å forholde seg til i det videre arbeidet, hvis man ønsker det.

Å styre språkutvikling, røkte språk og drive språkpolitikk er vanskelig. Men vanskene må jo ikke fortone seg så uovervinnelige etter hvert at man velger en pragmatisk løsning og får et slags lett språkorgan.

Jeg har to hovedutfordringer til dere. For meg lyder det meningsløst at ikke minoritetsspråkene skal få plass blant det framtidige organets arbeidsoppgaver. Hvem skal

ellers ta seg av det? Det er den ene utfordringen. Den andre utfordringen er at hvis dere ikke får til et bredt samarbeid med Utdannings- og forskningsdepartementet når det gjelder å drive språkpolitikk, ja, da kan dere bare glemme det.

Jeg ønsker meg et utadvendt organ som har kjennskap til og kunnskap om brukergrupper, målgrupper. Jeg tror jeg er den første som bruker de to ordene her i dag, og jeg vil gjerne at dere tar dem med videre. Dette føltet er vanskelig, og det kan synes som om det blåser nordavind fra alle kanter, akkurat som hos Ludvik i Flåklypa. Jeg vil ikke ha et Ludvik-engstelig nytt språkorgan, og jeg har den beste tro på at dere ikke kommer til å ende der.

Hvis dere tar med dere veldig mye av det som har kommet fram i dag, og i tillegg det beste som kommer ut av en bred høringsrunde, for der må vi kjenne tida vår, alle vi som kan bruke høringsrunden og tenke framover.

11 Johan Myking

Til hausten skal eg vera medansvarleg for å arrangera ein nasjonal strategikonferanse om terminologi, som Språkrådet då har ansvaret for. Difor er eg svært glad for at omsynet til norsk fagspråk og terminologi er så sterkt framheva i dokumentasjonen før dette møtet, både i høyringsmaterialet og i veldig mange innlegg på seminaret i dag. Eg trur terminologi og opprusting av norsk fagspråk har i seg alle dei viktige elementa som det nye organet skal arbeida med, både på eit politisk nivå, strategisk og på eit reint språkleg nivå. Då ønskjer eg meg eit organ som er i stand til å vera sentrum i eit nettverk av forpliktande samarbeidsgrupper, og som erkjenner at ein ikkje kan gjera alt nødvendig arbeid sjølv, men heile tida må vera ein garantist for at dette arbeidet ikkje kan salderast på eit halvt års varsel, når budsjettet i private organisasjoner skal kuttast ned.

Eg vil slutta meg til det Nina Zandjani sa om standardisering på den sektoren. Det er eit godt eksempel, men også det som har kome fram om terminologiarbeid i utdanningssektoren, viser at det her er mogleg å laga noko nytt. Og byggja på det som er gjort og verdt å ta vare på.

12 Jan Svennevig

Det er mye såkalt godt språk som er dårlig kommunikasjon, og det er mye såkalt dårlig språk som er veldig god kommunikasjon.

Mitt ønske for et nytt kompetanseorgan er at det blir et organ som framfor å være politi som passer på det gode språket, kan bli et ressurscenter for å få til god kommunikasjon. For eksempel bør man bruke mindre ressurser på å tvinge folk som ikke vil skrive nynorsk, til å gjøre det, og heller passe på at de som har lyst til å skrive nynorsk, får lov til å gjøre det, for eksempel i Aftenposten. På BI, hvor jeg er ansatt nå, er mastergradsundervisningen i prinsippet på engelsk. Nordmenn står og underviser nordmenn på engelsk. Slikt bør også et kompetanseorgan blande seg opp i og gi folk muligheten til å bruke det språket de ønsker.

Språk er også viktig som kommunikasjonsmiddel i en god, demokratisk samtaledebatt, og der bør kompetanseorganet hjelpe folk og grupper til å komme til orde i den offentlige debatten. Det fins grupper som ikke er veldig sterke. I dag har vi kommunikasjonsbyråer som hjelper de gruppene som allerede er sterke, til å bli enda sterkere og til å komme til orde og få sine interesser godt framhevet. Det fins også andre grupper, for eksempel innvandrere, som ut fra rent språklige grunner har vanskelig for å komme til orde, og som ikke blir hørt i debatter. Et kompetanseorgan bør absolutt ta opp i seg denne utviklingen og være et kompetansesenter også for dem.

13 Olav Væhle Hauge

Noko som eg synest har vore positivt i dag, det er dei som har lyfta visjonane for det nye språkorganet ved å sjå på dei strategiske forholda der norsk kjempar mot engelsk, som eit veldig viktig punkt. Og spesielt då til Tor Fuglevik: Det er svært interessant å få dei norske monopolbedriftene sette litt i perspektiv. Men – dette med dei store strategiske vyane må lovfestast. Eg er litt redd for den noko lause strategien som ein førebels ser ut til å ha, og eg skulle ønske at det vart utarbeidd ein del overordna strategiar, så vi rett og slett fekk inn eit regelverk eller lovverk om at dette skal det nye språkorganet ha ansvar for og myndigkeit til.

Eg er litt uroleg for neddempinga av spørsmålet om normering. Eg er litt bekymra for nynorsken på det området, for eg føler at nynorsken ikkje har nådd den stabiliteten i rettskriving og normering som gjer at ein kan seie at det er et tilbakelagt stadium.

Eit siste punkt: Kven skal vere representert, og kven skal få ei stemme med i dette nye organet? Der er nok eg litt svak for å få med ekspertise. Det må vere eit sterkt fagleg organ. Det samfunnsmessige perspektivet må inn. Men eg ønsker òg at det framleis skal vere eit innslag av demokratisk påverknad, det vil seie at folk frå ulike organisasjonar på ein eller annan måte skal ha ei stemme med i det som skjer.

14 Kari Bjørke

Nynorsk kultursentrum skal absolutt ta fatt i høyringsnotatet frå Kulturdepartementet. Førebelser har vi ikkje fått drøfta det så mykje, så det eg seier her og no, får først og fremst stå for mine eigne vurderingar.

Av to grunnar er det heilt avgjerande å få ei lovfesting. For det første for å få tyngd og makt bak arbeidet. Og for det andre: Det vil vere med og hindre altfor store øksehogg i den budsjettkampen som er i dag, og som berre blir verre og verre når det gjeld å løyve pengar til statlege organ.

Punkt nummer to: strategidokumentet for organet. Organet må bli meir utoverretta enn Språkrådet har hatt kapasitet til å vere til no. Det må vere sektorovergripande, det er mange andre enn Kultur- og kyrkjedepartementet som bestemmer over norsk språkpolitikk. Vi har organ som arbeider med terminologi, og det er eit viktig område for norske språkbrukarar. Det nye organet får ei kjempeutfordring med å finne ut kva oppgåver som skal prioriterast. Eg trur det blir viktig at ein først og fremst arbeider for å få andre til å jobbe med språk. Det er ikkje sikkert det nye organet skal sitje og svare på alle hastespørsmål frå alle mediefolk. Kanskje dei heller skulle prøve å få journalistutdanninga til å drive meir med norskutdanning saman med andre instansar.

15 Kari Haave

I åtte år har eg representert Utdanningsforbundet, som har bortimot 140 000 medlemmer, og som i dag har utpeika tre medlemmer i Norsk språkråd.

Eg er bekymra for det som skjer med representasjonen vidare. Vi har medlemmer frå barnehage til høgskole, og eg blei veldig glad da Tor Fuglevik nemnde barnehagen. Barnehagane skal no kanskje overførast til Utdannings- og forskingsdepartementet og bli sedde i samanheng med resten av skolesystemet. Den tidlege språkutviklinga bør komme inn i synsfeltet for eit nytt språkorgan, det synest nok medlemmene våre vil vere veldig viktig.

Det skjer mykje bra i den vidaregåande skolen, og dei som underviser på andre nivå, har gjort tilsvarande erfaringar. Det er mykje kjærleik til norsk språk blant elevane i den vidaregåande skolen, ikkje berre til engelsk.

Stortingsmeldinga på grunnlag av arbeidet i kvalitetsutvalet kjem rett etter at kulturmeldinga er behandla. Kvalitetsmeldinga skal behandlast før sommaren, det skal lagast nye læreplanar neste år, det skal skrivast lærebøker i 2005, det kjem nye læreplanar i 2006. Det er berre tida og vegen. Vi bør da vite kva slags nye perspektiv eit nytt språkorgan vil ha med tanke på desse læreplanane.

Vi burde ha ein plan for dei som skal overta i interimsstyret no. Kva *må* vere med? Hugs at det skal vere små læreplanar. Dei minoritetsspråklege er därleg behandla også i innstillinga frå kvalitetsutvalet.

Og eg er helt einig i at vi må krevje å få ei lov for det nye organet. Det har dei i Finland, sjølv om tospråkssituasjonen der er annleis enn hos oss. Og der er elevane i skolen gode til å lese og skrive.

Oppsummering

Sylfest Lomheim, direktør i Norsk språkråd

Det har vore lang dags ferd mot oppsummering, og det har på fleire vis vore ein spesiell dag. Filosofen Kant døydde i dag, bestefaren min vart fødd i dag, eldste guten min vart døypt i dag, og Språkrådet starta altså sin nye, opne debatt om nyorientering i dag. Me har fått mykje å ta fatt i. Viss eg ikkje hadde hatt ti minutt til oppsummering og eg måtte ha tenkt på kva slags innlegg eg då ville ha spelt om igjen, ville eg – blant mange gode innlegg – ha valt Tor Fugleviks innlegg. Men det er altså tid til oppsummering.

Det første eg vil trekkja fram, er ein mangel. Noko som ikkje har vore så tydeleg. Det er historiesansen, sansen for dei lengre linjene attover og framover. Sjølvsagt har mange vore inne på det, men kanskje ikkje nok. Me seier at ting tek tid, og det er jo ofte sant. Men ting går ofte veldig raskt. Eg har eit badehandkle heime. På det handkleet står det: "Bruk SMS i Bergen Bank". Handkleet er frå tidleg åttital. For det første eksisterer ikkje Bergen Bank lenger, slike bankar er det ikkje rom for i dagens økonomiske verd. For det andre tyder sms på handkleet 'sparing med skattefrådrag', ei forkortning som nota bene er norsk. Alle veit kva sms betyr i dag. Det har ei anna mening, og det er ei forkortning for tre engelske ord – short message system.

Dette er ei utvikling over berre tjue år. Utviklinga heng til tørk på mitt baderom, illustrerande for dei som evnar å sjå og tolka. Handkleet fortel kor snøgt språk og samfunn endrar seg. Temaet i dag er utfordringane for det nye språkorganet. Eg meiner at i røynda har me berre ei utfordring, ikkje fleire. Og den er eit årstal, 2105. Altså hundre år etter 2005, når me feirar hundreårsjubileet for 1905. Utfordringa er å sikra at norsk skal vera kulturspråk og samfunnsspråk i 2105. Utfordringa er så enkel at ho knapt treng diskuterast. Men ho må formulerast!

Middelet me då må bruka, meiner eg, er presentert av Even Hovdhaugen. Også *det* berre eitt ord, *haldning*. Men det ordet inneber alt. Hans eksempel frå Stillehavet viser at det som er essensen, er at det er haldninga hos språkbrukarane som avgjer språkets liv. Alt anna blir sekundært og staffasje. Og i det perspektivet, sjølvsagt, når det gjeld framtida for det norske språket, må eg seja at det er provoserande å høyra visse røyster som stadig driv og manar til gammaldags språkkamp, som utilslørt vil skvisa nynorsk som sidemål. Det er kamp på ein banehalvdel som me ikkje lenger burde spela på. For manar byrådet i Oslo til krig, så blir det krig. Men ein slik sidemålskrig er svært destruktiv når me tenkjer på det som bør vera målet, året 2105. For som Arve Torvik sa: "Det globale ruler." Engelsken et seg inn. Viss ikkje me greier å få til køyreregler som gjer at me kan ha ein funksjonell og fruktbar sameksistens, der engelsk og norsk lever side om side i det norske samfunnet, så har meapt. Norsk skriftleg vil haapt. Terminologi blir i den samanhengen eit høgt prioritert område, og då har me bevega oss inn i rekkja av arbeidsoppgåver.

I den prosessen me tek til på her i dag, har departementet den same rolla som den Ibsen formulerte som si: "Mitt kall er ei at svare." Fordi departementet verken kan eller vil gje fasit "på det noverande tidspunkt". Departementsleininga har streka under at prosessen skal vera brei og open. Dette er reelt, og alle må bruka tida og høvet til å formulera sine synsmåtar.

Jan Svennevig spurde: "Skal organet være vaktbikkje eller ikke?" Det skal hjelpa til med god kommunikasjon i samfunnet, meinte han. Mitt svar er at det nye organet må vera vaktbikkje

internt i staten. For, som alle veit, gjeld det lover og reglar for statens språklege praksis. Eksternt bør det nye organet derimot ikkje vera vaktbikkje, men eit stimulerande og interessevekkjande organ. Brukarane av norsk skriftleg skal motiverast!

Så har fleire stilt spørsmålet: ”Treng me normering? Er det behov for normering?” Nokre meiner klart ja, andre er ikkje så overtydde. At eit slikt spørsmål i det heile blir stilt i eit norsk språkråd, er ganske oppsiktsvekkjande. Sjølvsagt er det behov for normering, meiner eg. Men sannsynlegvis ikkje på same måten som før. Og i dette rommet kan det seiast at mange bacon-debatter ikkje er av det byggjande slaget. Me treng strategisk normering (og så får me diskutera kva som ligg i det ...). Og me treng ein norsk språkbank, me treng gode nettsider for Språkrådet og – ikkje minst – me må aldri gløyma at i barnehagane og i skulestovene sit dei som er språkbrukarar i neste generasjon. Der er fakkelberarane, dei som skal levera morsmålsfakkelen til neste generasjon. Viss ikkje me greier oppgåva i forhold til dei, er det nyttaust alt det me elles snakkar om.

Endeleg er det alliansesamvirket i samfunnet som avgjer. Utdanning og forsking, kringkasting, presse, kulturliv og næringsliv må vera medvitne sitt ansvar for framtida til morsmålet. Ikkje berre vita, men agera og handla i pakt med innsikta. Det er den samla kollektive krafta som kan sikra oss eit levande språk om hundre år. Alliansebygging i samfunnet og gode nettverk i alle våre kompetansemiljø blir opplagde arbeidsmål.

Nynorsk og bokmål kjem gradvis til å innsjå at dei er i same situasjon, at dei sit i same båt. (Det er kanskje ikkje så tydeleg for bokmålet i dag, men om tjue, tretti, førti år blir det truleg tydeleg nok at verken for bokmålet eller nynorsken er framtida sjølvsagd.) Då er det viktig å hugsa på at det å vera minoritet ikkje betyr å vera funksjonshemma. Me må ikkjetru at endelikta er viss og ufråkomeleg (somme trur at Lomheim har snakka om det). I dette gemet finst ingen nødvendig lagnad, berre meir eller mindre sannsynlege utviklingar. Men naivitet er notorisk farleg!

Me må definera eit handlingsrom, eit realistisk handlingsrom, og så gå inn i dette handlingsrommet med alt me har av politisk kraft. Handlingsrommet må fyllast med *kulturpolitikk*. Og då, som Kari Bjørke var inne på, blir det avgjerande at staten sjølv er heilt klar over kva makt som ligg i statens hender når det gjeld språkutvikling. Så langt har staten langt på veg vore medvitslaus når det gjeld si mektige kulturpolitiske rolle. Tradisjonen har vore at språkpolitikken, det er Kulturdepartementet. Ferdig med det. I praksis er det fire departement, minst, som er heilt sentrale når det gjeld korleis staten sjølv som aktør påverkar og avgjer språkutviklinga. Stikkordet? ”Sektorovergripande kulturpolitikk!”

Sluttordet? Ein morgen i slutten av januar i år kom prinsesse Ingrid Alexandra til verda. Den same tidlege morgonen kom Kåre Willoch til meg – i draume – som det siste eg opplevde før eg vakna til prinsessefødsel. Willoch kom til meg og sa grant følgjande, med knirkande ettertrykk: ”Styrking, er det nu som trengst!”

Takk for alle innlegg, og takk for framifrå møteleiing. Den har vore på vanleg sognakvalitetsnivå. Ikkje minst takk til alle som har sete og høyrte på og sikkert lytta med interesse. Som han sa, guten – her var det mykje, noko har eg smakt før, men det var veldig godt.

DELTAKERE

Gjester fra Kultur- og kirkedepartementet:

statssekretær Berit Øksnes Gjerløw
ekspedisjonssjef Kjell Myhren
avdelingsdirektør Stein Sægrov
seniorrådgiver Ingvar Engen

1. Alhaug, Gulbrand, Norsk språkråd
2. Andreassen, Trond, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening
3. Aronsen, Arne, Grevkogen vg. skole
4. Askedal, John Ole, Norsk språkråd
5. Baltzersen, Bente, Norsk språkråd, sekretariatet
6. Bergmark, Hanne, Norsk språkråd, sekretariatet
7. Bjørke, Kari, Nynorsk kultursentrums
8. Breivega, Ola
9. Breivik, Torbjørg, Norsk språkråd, sekretariatet
10. Brock-Utne, Birgit, Universitetet i Oslo
11. Brunstad, Endre, Universitetet i Bergen
12. Bruvik, Jan Olav, Norsk språkråd
13. Bull, Tove, Universitetet i Tromsø
14. Bø, Ola E., Det Norske Teatret
15. Dahl, Marit, Norsk språkråd
16. Dahlø, Ingrid, Norsk språkråd, sekretariatet
17. Dyvik, Helge, Norsk språkråd
18. Fjeld, Ruth Vatvedt, Universitetet i Oslo
19. Fjørtoft, Ragnhild Sælthun, Norsk språkråd
20. Fretland, Jan Olav, Norsk språkråd
21. Fuglevik, Tor, Norges televisjon
22. Gabrielsen, Egil, Høgskolen i Stavanger
23. Gedde-Dahl, Trine, Norsk språkråd, sekretariatet
24. Gjestvang, Erik, Norsk språkråd
25. Greiff, Aud, Norsk språkråd
26. Grepstad, Jon, Norsk språkråd, sekretariatet
27. Grønvik, Oddrun, Norsk språkråd
28. Gundersen, Dag
29. Guttu, Tor, Norsk språkråd
30. Gaathaug, Bjørg, Norsk språkråd
31. Hagen, Oddmund, Norsk språkråd
32. Halse, Marit, Opera Software
33. Hauge, Olav Væhle, Norsk språkråd
34. Hauge, Rikke, Norsk språkråd, sekretariatet
35. Haugen, Ola, Norsk språkråd
36. Hegge, Per Egil, Norsk språkråd
37. Heid, Bernt-Erik, Noregs forskingsråd
38. Helleland, Botolv, Universitet i Oslo
39. Henriksen, Brynjulf, Norsk språkråd, sekretariatet
40. Heskestad, Audun, Det Norske Samlaget
41. Hjeltnes, Guri, Norsk språkråd
42. Hoel, Jan, Norsk språkråd, sekretariatet
43. Hoff, Per Morten, IKT-Norge
44. Hompland, Andreas
45. Hovdhaugen, Even, Universitetet i Oslo
46. Hovdenak, Marit, Norsk språkråd, sekretariatet

47. Høviskeland, Vidar, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)
48. Haanæs, Ingrid Rygh, Høgskolen i Sør-Trøndelag
49. Haave, Kari, Norsk språkråd
50. Iversen, Harald M., Norsk språkråd
51. Johansen, Roy, Høgskolen i Agder
52. Klemsdal, Lars, Norsk språkråd, sekretariatet
53. Korbøl, Aud, Norsk språkråd
54. Kulbrandstad, Lars Anders, Høgskolen i Hedmark
55. Lehmann, Vidar, Universitetet i Bergen
56. Leira, Vigleik
57. Lilleheie, Turid, Norsk Tjenestemannslag
58. Lima, Aud Martha, Norsk språkråd
59. Litleré, Arnhild, Norsk språkråd
60. Lomheim, Sylfest, Norsk språkråd, sekretariatet
61. Myking, Johan, Norsk språkråd
62. Mæhlum, Brit, Norsk språkråd
63. Nelvik, Nikolai, NRK
64. Nesje, Anna, NTB
65. Nestor, Svein, Norsk språkråd, sekretariatet
66. Norheim, Åsta, Norsk språkråd, sekretariatet
67. Nyland, Ove, norge.no
68. Olden, Asgeir, Norsk språkråd
69. Rognsaa, Aage
70. Runnestø, Eilov, Norsk språkråd, sekretariatet
71. Sandved, Arthur O., Norsk språkråd
72. Sandøy, Helge, Norsk språkråd
73. Selfors, Stein Erik, Handelshøyskolen BI
74. Simonsen, Dag Finn, Norsk språkråd, sekretariatet
75. Skadberg, Kåre, Norsk Ordbok
76. Skirbekk, Gunnar, Universitetet i Bergen
77. Skre, Arnhild, Aftenposten
78. Stanghelle, John, Norsk språkråd
79. Svennevig, Jan, Norsk språkråd
80. Swan, Toril, Høgskolen i Stavanger
81. Thoresen, Arnold
82. Thorvik, Arve, Statoil
83. Torp, Arne, Norsk språkråd
84. Tryti, Tone
85. Uri, Helene, Universitetet i Oslo
86. Vannebo, Kjell Ivar, Norsk språkråd
87. Veka, Olav, Norsk språkråd
88. Vestad, Jon Peder, Høgskulen i Volda
89. Vikør, Lars S., Norsk språkråd
90. Vinje, Finn-Erik, Universitetet i Oslo
91. Wetås, Åse, Universitetet i Oslo
92. Wieland, Kristin W., Kunnskapsforlaget
93. Wiggen, Geirr, Universitetet i Oslo
94. Zandjani, Nina, Standard Norge
95. Ødegaard, Raida, Tidsskrift for Den norske lægeforening
96. Aarø, Kari Lønning, Norsk språkråd